


Årsmelding

2002–2003



Omslag og utforming: Erik Bolstad og Tarjei Vågstøl

På framsida

Barnehageungar. Foto: Hege Lothe

Kalle Øby fekk målprisen til Østfold Mållag for rolla som dialektbrukande politimann i Fox Grønland på TV 2.

Foto: TV 2

Nytt jakkemerke frå NMU med teksten *Nynorsk for alle*.

Firda vgs aksjonerte for nynorske lærebøker utanfor

Utdanningsdepartementet. Foto: Hege Lothe

Siri Lill Mannes les nyhende på nynorsk i TV 2.

Foto: Hege Lothe

Are Kalvø er nynorskbrukande moromann i *Hallo i uken* på NRK P2. Foto: NRK

Noregs Mållag fekk nytt presentasjonshefte i 2002. Tale

Terjesdatter Hungnes laga illustrasjonane.

Per Sivle-laget vart skipa i 2002. Foto: Ukjend

Kultur- og kyrkjeminister Valgerd Svarstad Haugland.

Foto: Kulturdepartementet

Pingvinen er merket til operativsystemet Linux.

Puslespelet er merket til kontorpakka *Microsoft Office*

som endeleg kjem på nynorsk! Ill: Microsoft

Mia Gundersen spelte i *Musical Musikal* på Det Norske

Teatret. Foto: Det norske Teatret

Mobiltelefon. Foto: Nokia

Sølje frå Vest-Agder. Foto: Ukjend



Innhald

Føreord	4	Talemål	21	Balanse	40
Leiar	5	Stadnamn	21	Fondet for norsk målreising	41
Samandrag	6	Samnorskparagrafen fjerna	22	Inga og Gjøa Lutros legat	41
<u>Målpolitiske arbeidsfelt</u>	9	Internasjonalt arbeid	22	Kulturlotteriet 2001	41
Nynorsk oppvekst	9	Internasjonalt hefte	22	<u>Nærskylde tiltak</u>	42
Barnekultur	9	Demonstrasjon mot Verdsbanken	22	<u>Vedlegg og statistikkar</u>	47
Røystingar om skulemålet	10	Vinterseminar	22	Nynorsk skulemål 1930-2001	47
Parallellklassar	11	<u>Samskipnaden</u>	23	Skulemålet i alle fylka 1999-2001	48
Språkblanda klassar	11	Lag og medlemmer	23	Nynorske parallellklassar	49
Læremiddel	12	Medlemstal	23	Skulemålsrøystingar 1988-2003	50
Opplæring for innvandrarak	13	Vervearbeidet	23	Lag og medlemstal	52
Sidemål	13	Lokallag og fylkeslag	24	Lokallag i Norsk Målungdom	58
Lærarutdanning og norskfag	13	Organisasjonssatsinga	24	LNK-medlemmer 2002	58
Informasjonsteknologi og media	13	Organisasjonssatsing på Agder	25		
Microsoft på nynorsk	13	NMU-saka	25		
Nynorsk programvare	14	Studiearbeidet	26		
Skulelinux og NIO	14	Landsmøtet 2002	26		
OpenOffice.org	14	100-årsjubileet	27		
Mediepolitikk	14	Informasjons- og mediearbeid	27		
Presse	15	Pressearbeid	27		
Kringkasting	15	Pressemeldingar	28		
Næringsliv	17	Lesarbrev	28		
Kulturpolitikk	17	Pressearbeid knytt til landsmøtet	28		
Kulturmeldinga	17	Norsk Tidend	29		
Kulturpolitisk program	17	Nytt om nynorsk	29		
Jubileum for Elias Blix	18	Heimesidene til Noregs Mållag	29		
Skiping av Sivle-laget	18	Nyhendesida www.nyhende.no	29		
Kulturbudsjetet for 2002	18	Materiellproduksjon	29		
Målreising 2006	18	<u>Tillitsvalde, tilsette og oppnemnde</u>	30		
Nasjonale kunnskapsbase	18	Heiderslagsmedlemmer	30		
Prisar	19	Styret og arbeidsutvalet	30		
Kulturarbeid i lokallaga	19	Landsrådet	31		
Offentleg målpolitikk og målbruk	19	Valnemnda	31		
NSB AS og Posten Noreg AS	19	Skrivarstova	32		
Nynorsk som tenestespråk i kommunane	20	Nemnder og utval	32		
Statlege helseføretak	20	Reiseverksemda	33		
Språkkommisjon og Norsk Språkråd	20	<u>Økonomi</u>	36		
Fylkestings- og kommunevalet 2002	20	Rekneskap for 2002	36		
Talemål og skriftmål	21	Økonomiarbeidet	37		
Normering	21	Kommentarar til rekneskapen	37		

Føreord

Styret legg med dette fram årsmeldinga for arbeidsåret 2002/2003 slik § 5.1 i lov for Noregs Mållag seier.

Årsmeldinga dekkjer perioden 16. mars 2002 til 22. februar 2003. Dei siste vekene fram til landmøtet vert oppsummerte i årsmeldinga for neste arbeidsbolk.

Noregs Mållag er ein landsfemnande, friviljug medlemsorganisasjon med skrifvarstove i Oslo. Det har ikkje vore fysiske ulukker eller skadetilfelle i 2002. Sjukefråveret har vore 70 dagar, noko som utgjer 5,4 prosent. Fråveret er lågare enn året før, og i ein så liten organisasjon er det tilfeldige omstende som fører til svingingar i fråveret. Arbeidsmiljøet vert rekna som godt. Verksemda til Noregs Mållag ureinar ikkje det ytre miljøet. Årsrekneskapen for 2002 viser at grunnlaget for drifta i året og åra som kjem, er det beste.

Landsmøtet 2001 vedtok nytt treårig arbeidsprogram for perioden 2001–2004 og årsmeldinga følgjer kvart år oppbygginga i arbeidsprogrammet. Årsmeldinga omtalar i hovudsak arbeid som er gjort eller det er teke initiativ til frå styret og skrifvarstova i Noregs Mållag. Ho omtalar likevel noko av det arbeidet lokal- og fylkeslag gjer og

også tilskippingar og særskilte hendingar som nærskylde organisasjonar har stått for. Årsmeldinga tek likevel ikkje mål av seg til å yte rettferd til det store arbeidet som vert lagt ned av lokal- og fylkeslaga i organisasjonen.

Årsmeldinga skal danne grunnlaget for landsmøtet si vurdering av arbeidet til styret og stoda for målreisinga og heile samskipnaden. I tillegg fyller årsmeldinga ein viktig funksjon som Noregs Mållags rapport om arbeidet til offentlege og private tilskotsytarar og samarbeidspartar, og årsmeldinga har i alle år vore den mest utfyllande årlege rapporten om norsk målstrid og målreising som vert utgjeven. Styret har difor lagt vekt på å gje årsmeldinga ei utforming som òg gjer ho interessant for lesarar utanfor Noregs Mållag, sjølv om den primære målgruppa er samskipnaden.

Årsmeldinga er tilgjengeleg i elektronisk versjon på nettsidene til Noregs Mållag – www.nm.no.

Oslo, 22. februar 2003

Håvard Teigen (fungerande leiar) Sigrun Høgetveit Berg (fungerande nestleiar)
Rutt Trøite Lorentzen Astrid Marie Nistad Endre Otto Brunstad
Steinulf Tungesvik Erlend Hovland
Gro Morken Endresen (dagleg leiar)



Styret i Noregs Mållag: Endre Otto Brunstad, Sigrun Høgetveit Berg (fung. nestleiar), Håvard Teigen (fung. leiar), Rutt Trøite Lorentzen, Vidar Lund (leiar fram til 14. okt.), Astrid Dypvik (fram til 14. okt.) og Astrid Marie Nistad.

Leiar

I Noregs Mållag har vi lagt eit spesielt år bak oss.

TV-2 programmet Rikets Tilstand meinte å kunne dokumentere at Målungdomen har juksa med medlemstalet sitt. I TV-programmet vart leiaren i NM, Vidar Lund, uthengd for noko han skulle ha gjort som aktiv i Målungdomen for mange år sidan. Resultatet vart at Lund, av omsyn til organisasjonen vår, valte å søkje permisjon som leiar. Slik gjekk det til at også Noregs Mållag vart råka sjølv om vi som organisasjon ikkje har vore skulda for å ha gjort noko gale. Dette er også grunnen til at eg fungerer som leiar.

Men det er heldigvis ikkje berre dette som har gjort året spesielt. Mindre medieoppsikt i den nasjonale andedammen fekk nyhendet om at Bill Gates har kapitulert for Noregs Mållag. Som språk nr 35 i verda får nå nynorsk si utgåve av programpakka Microsoft Office 11. Dette vart derimot ei sak for BBC International. Dette er eit resultat av godt arbeid frå NM retta mot Microsoft, men framfor alt og ikkje minst: Det viser at det framleis kan vere nyttig å ha nasjonalstaten som alliansepartnar. Utan nynorskversjon, ingen statlege innkjøp. Det var dette Bill frykta. Argument tel, men det er ikkje dei som sel.

Det viktigaste med denne sigeren er ikkje at denne store programpakka kjem på nynorsk. Det viktigaste er kva kampen lærte oss og den kompetansen som blir bygd opp gjennom dei store oversettingsoppdraga som går til nynorske kompetansebedrifter. Programpakker kjem og går, men kamprøynsle og kompetanse består.

Også når det gjeld etermedia har det vore eit spesielt år. At P4 laut vike for den regionbaserte konkurrenten Kanal 4, applauderer vi. Det var lite å tape, men leiinga i den nye kanalen har også gjeve positive signal om at regional kultur i vid tyding skal få breiare plass. Det viktigaste for oss har likevel vore samanslåinga av regionkontora i NRK. Her vann vi gjennom med argumenta våre om vern av den nynorske bastionen, NRK Sogn og Fjordane. Vi fekk jamvel eit offensivt vedtak om eit nynorsk kompetansesenter i Førde. Denne saka vart også allment viktig. Vi ser at NM nå må gjere ein analyse av nyregionaliseringa som skjer på mange andre viktige samfunnsområde.

Det siste eg vil trekkje fram, og som gjorde dette året spesielt, er at vi fekk det største overskotet i organisasjonen si historie. Dette er resultat av mange års god øving i å sette tæring etter næring, men det har gjort at NM nå har positiv likviditet heile året. Vi treng ikkje lenger å betale rente på driftskostnadene til banken, men kan bruke dei til målarbeid. Derfor kan aktiviteten i framtida aukast sjølv om inntektene står stille. Det er dette som er å kome inn i gode sirklar.

Men vi har fleire negative sirklar som vi bør kome ut av og gode sirklar som vi bør kome inn i. Årleg betaler vi

350.000 i husleige. NM rundar snart 100 år og held ikkje hus i eigen heim! Vi skulle helst hatt eigne kontorlokale for fleire generasjonar sidan. Siste gongen det kom på tale å kjøpe eige hus var tidleg på 90-talet. Da hadde vi snart vore gjeldfrie i dag. Det er lett å vere etterpåklok, men det er også den einaste røynsletufta klokskapen. Styret er samde om at NM nå i løpet av kort tid skal investere i skrivearstove. Det er ei viktig symbolsk, men også handfast, jubileumsgåve frå oss sjølv til oss sjølv når vi rundar 100 år i 2006.

Denne 100-årige historia er meir ærefull åndeleg enn materielt. Slik ynskjer vi at også framtida skal bli. Målreising 2001 – 2006 avslutta første fase i 2001 med boka Kampen for språket. Dette målreisingsprosjektet hadde som målsetting på nytt å sette målsak på dagsorden i fag- og forskingsmiljø. I andre fase av prosjektet var målet å nå fram i Noregs Forskningsråd, men dette kunne vi ikkje greie sjølv. I høve til forskingsrådet er det forskarar, høgskular og universitet som må gjere jobben. Men jobben vart gjort. Gode alliansepartnarar fekk gjennomslag for fellesprosjektet Det opne språket. Ein viktig del av dette prosjektet er 3 stipendiatar som skal forske på norsk målreisingssoge.

Målreisingssoge kunne sikkert ha vore skreve raskare og billegare av eldre historikarar med stor kunnskap frå før. Slik er det på dei fleste felt. Eit stipendiatprogram har heilt andre kvalitetar: her kjem det inn unge menneske som tolkar historia inn i si eiga tid. Dei legg sine funn fram i doktorgradssamlingar, seminar og konferansar blant sine jamningar i inn- og utland. På denne måten blir målreisinga ein del av den intellektuelle debatten blant ein ny generasjon akademikarar.

Det er med andre ord ein viktig slektskap mellom mange av våre store prosjekt. Både storsatsinga *Norsk Ordbok 2014* som vart sett ut i livet i fjor, «*Microsoft-prosjektet*» og *Det opne språket* har det til felles at dei byggjer opp kompetanse, fagmiljø og nettverk. Det skal ikkje bli lett å baskast med dei nynorske kjernetroppene som er væpna til tennene med så mykje relevant kunnskap.



Harald Geiger


Samandrag

Det nye treårige arbeidsprogrammet som vart vedteke sumaren 2001, gjorde ikkje store omprioriteringar i arbeidsoppgåvene til Noregs Mållag. Styret har i arbeidsbolken difor vidareført og vidareutvikla arbeid med dei same sakene som har vore prioriterte før. Saka om medlemsjuks i Norsk Målungdom som kom opp i oktober 2002, har òg sett sitt tydelege merke på arbeidet på seinhausten og vinteren.

Vellukka satsing på dei minste

Våren 2002 gjekk Pirion, Blåmann Barnebokklubb, Norsk Barneblad og Magasinet saman om å lage flygebladet Nynorsk barndom – nynorsk for liten, nynorsk for stor. Lokallaga som hadde aksjonsdag om barnekultur i fjor, brukte det nye flygebladet saman med nytt aksjonstilfang frå Noregs Mållag.

Mange lokallag har gjort eit godt arbeid med bokkveldar og verveaksjonar for Blåmann Barnebokklubb. Vervearbeidet har stått sentralt i mange lokallag i tilknytning til organisasjonssatsinga og har vore ein god innfallsport til ordskifte om nynorsk og språkval med sambygdingar. Bokklubben meir enn dobla medlemstalet i 2002, og lokallaga i Noregs Mållag har vore svært aktive støttespelarar for det gode resultatet.



Stilt på skulemålsfronten

Det har berre vore éi røysting om skulemålet i perioden. Røystinga var ved Rollag skule i Rollag etter krav frå bokmålsfolket, og bokmålet fekk 122 røyster medan nynorsk fekk 112 røyster.

Hausten 2002 kom det i gang 15 nye parallellklassar ved bokmålsskular. Røynslene viser at der det vert arbeidd jamt med å få til nye klassar, får vi også resultat.

I vinter kom det framlegg frå Utdannings- og forskingsdepartementet om endringar i opplæringslova. I endringane er det lagt opp til at klasseomgrepet vert fjerna frå lova og at skulane skal kunne operere med meir fleksible grupper i undervisninga. Noregs Mållag er uroleg for kva dette kan

føre til på sikt når det gjeld retten til parallellklassar, og følgjer saka nøye.

Endeleg nynorske lærebøker for alle

Denne sumaren konsentrerte Noregs Mållag arbeidet med svartelista til dei mellomstore faga og dei nye studieretningane *Sal og service* og *Media og kommunikasjon*. Arbeidet avslørte at det var særleg problem med dei nye studieretningane avdi det ikkje var lyst ut friske midlar til produksjon av parallellutgåver. Forlaga ville ikkje gje ut bøkene utan lovnad om økonomisk støtte.

Då det ikkje kom signal om pengar i revidert nasjonalbudsjett, valde Noregs Mållag å skipe til eit rundebordsmøte med alle dei involverte aktørane. Saka løyste seg diverre ikkje i tide til skulestart. I møte med departementet i august lova statssekretæren at sommel med løyvingar ikkje skulle hindra nynorskbøkene i å vere på plass til skulestart seinare år. På hausten kom det endeleg pengar til dei nye studieretningane, og nynorskbøkene er no i arbeid.

I mars 2003 vert det endeleg lansert eit læreverk på nynorsk for framandspråklege. Det har lenge vore ei viktig sak for Noregs Mållag at også innvandrarar i nynorskområde må få opplæring på nynorsk, slik sambygdingane deira får. Det nye læreverket NynorskPlus+ er eit viktig gjennomslag for nynorsk som eit fullverdig opplæringsmål for alle.

Nyskapande sidemålsforsøk

Våren 2002 tok Noregs Mållag initiativ til eit sidemålsforsøk i Åndalsnes. Forsøket går kort og godt ut på at ein klasse har all undervisninga og skulebøkene på nynorsk, i eit anna fag enn norsk. Forsøket vert gjort i samarbeid med norskfagsmiljøet ved Høgskulen i Volda. Føremålet er å finne ut om auka bruk av nynorsk fører til betre kunnskap i nynorsk. Om lag 20 andre skular frå heile landet har meldt interesse for å gjennomføre same forsøket som er sett i gang i Åndalsnes. Vonleg vil forsøket vere eit viktig tilskot til betre kunnskap om styrkar og veikskapar ved sidemålsundervisninga slik ho til vanleg vert gjennomført i dag.

Microsoft gav etter for nynorskkrav

Det viktigaste som har hendt på IT-fronten i arbeidsåret, er at Microsoft har vedteke å gje ut den neste programvarepakka si, Office 11, på nynorsk. Programvara skal liggje klar for sal hausten 2003. Nynorsk er det 35. språket Microsoft omset programvare til, og det er ein siger for målrørsla som også har fått mykje internasjonal merksemd. I fyrste omgang vil ikkje hjelpetekstane vere på plass, men Microsoft har lova at både dei og tidlegare programvareversjonar kjem på nynorsk så snart tida tillet det.

Noregs Mållag har lenge kravt å få på plass

innkjøpskrav om nynorskversjonar av programvare i *lov om offentlige anskaffelser*, utan å få gjennomslag. I arbeidet med mållovsmeldinga vart det lova at saka skulle takast opp i kulturmeldinga, som skal liggje føre våren 2003. Når det no etterkvart finst fleire programvarepakker å velje mellom på nynorsk, finst det ikkje eingong praktiske grunnar til at ikkje det offentlege skal stille språkkrav som speglar den reelle målstoda i Noreg.

Fullt gjennomslag i viktige mediasaker

Arbeidet for å stø opp under strukturen med redaksjonelt sjølvstendige distriktkontor i NRK, har vore det viktigaste mediepolitiske arbeidet dette året. I august vedtok NRK-styret å slå saman distriktkontora i Sogn og Fjordane og Hordaland og Troms og Finnmark, i tillegg til Vestfold, Buskerud og Telemark. I samarbeid med både Noregs Ungdomslag, Kringkastingsringen og Mediemållaget, sende Noregs Mållag ein lengre høyringsmerknad, etter at NRK-leiinga hadde lagt fram sitt framlegg til vedtak i sommar. Noregs Mållag la også vekt på å drive aktivt mediearbeid for å få fram kva vi meinte om saka. I januar kunne Noregs Mållag endeleg innkassere ein full siger då NRK-styret vedtok å la NRK Sogn og Fjordane leve, og i tillegg opprette eit nynorsk kompetansesenter i Førde.

Statsbudsjettet gav ikkje vesentlege endringar for lokalavisstrukturen. Av andre konkrete saker har Noregs Mållag meldt seg inn i Åpen kanal. Dette er eit ikkje-kommersielt fjernsynskonsept som i dag er heilt i startfasen, men frå 2005 kan sende digitalt fjernsyn til heile Noreg. Styret tykkjer dette er eit utfordrande prosjekt, og trur det er viktig at målrørsla knyter seg tidleg til prosjektet for mellom anna å kunne vere med å prege den språklege profilen.

Kulturarbeid

I starten av arbeidsåret vedtok styret å gje seg i kast med å forme ut eit kulturpolitisk program for Noregs Mållag. Arbeidet har prega styre- og landsrådsmøte gjennom året, og vinterseminaret i Bergen i februar 2003 tok opp mange viktige problemstillingar innan det kulturpolitiske feltet. Programmet har vore gjennom mange fasar, og har etter kvart funne si form som eit viktig strateginotat på nokre få, utvalde område.

I 2002 var det 100 år sidan Elias Blix døydd og mange av lokallaga våre har hatt flotte tilskipingar i jubileumsåret.

Norsk målreisingssoga

Etter bokutgjevinga «Kampen for språket» planla styret å få sett i gang eit større forskingsprosjekt som oppfølging til arbeidet som vart gjort med boka. I den samanhengen tok ein kontakt med Høgskulen i Volda om eit samarbeid. Prosjektet «Det opne språket. Språk og kulturendring» der framveksten av ein nynorsk skriftkultur og ei nynorskrørsle gjekk inn som sentrale forskingsdelar, fekk like før jul løyvd 3,8 millionar frå Noregs forskingsråd. I tillegg har Høgskulen i Volda løyvd ei stipendiatstilling til prosjektet. Noregs Mållag gratulerer Høgskulen med gjennomslag for eit spanande

forskningsprosjekt og ser fram til resultatet.

Offentleg målbruk

Den 7. mai 2002 la regjeringa fram St. prp. nr. 62 (2001-2002) om omdanning av Posten Noreg BA og NSB BA til aksjeselskap. I innstillinga var det presisert at både selskapa skal halde seg til mållova fram til kulturmeldinga våren 2003 endeleg avklarar saka. Dermed fekk Noregs Mållag slege fast eit viktig prinsipp, med at mållova må gjelde dei tradisjonelle statsføretaka sjølv om organisasjonsforma vert endra.

Vinteren 2002 skreiv kultur- og kyrkjedepartementet brev til helsedepartementet om at dei statlege helseføretaka skulle følgje mållova. Helsedepartementet lova snarleg svar på brevet, men har framleis ikkje stadfest at dei deler synet til Kultur- og kyrkjedepartementet. Dei har fått frist frå kultur- og kyrkjedepartementet til å svare innan 1. mars i år. Verkeområdet for mållova skal handsamast i kulturmeldinga, og Noregs Mållag følgjer saka tett utover våren 2003.

Læreboknormalen står fast

Også dette arbeidsåret har normeringsspørsmålet stått sentralt i Noregs Mållag. På landsmøtet i april gjorde Mållaget vedtak om å halde på læreboknormalen. Gjennom ordskifte og to interne høyringar utforma styret ei høyringsfråsegn som vart send til Norsk språkråd før jul. Høyringa galdt språkrådsframlegget om å mellom anna fjerne skiljet mellom hovudformer og sideformer (slik ein hadde gjort i bokmålet). Fram til årsmøtet år Språkrådet i februar i år fekk Noregs Mållag markert synet sitt på fleire måtar, og det grunn til å tru at Mållaget spela ei viss rolle for utfallet av saka. På årsmøtet år Språkrådet var det nemleg klårt at læreboknormalen likevel stod fast, sjølv om namnet vart endra til hovudnormal. For det store fleirtalet i målrørsla var det avgjerande at det ikkje vart gjort store brigde i nynorsknormeringa.

Organisasjonssatsing

Våren 2002 kom endeleg den lenge planlagde organisasjonssatsinga i gang. Fyrst ut var vestlandsskrivaren, medan resten av landet fekk sin reiseskrivar i august. Reiseskrivane har stått til disposisjon for fylkeslaga, men det er få fylkeslag som har kome i mål med å få lagt planar for prosjekt som reiseskrivaren kan hjelpe til med.


Satsinga er treårig og såleis framleis i startfasen. I oppstartåret har det vore brukt mykje tid på å planleggje gode tiltak og å gjere seg kjent med fylkes- og lokallag. Gjestingane rundt i organisasjonen har i stor grad presentert tankane attom satsinga og spennet av tiltak dei tilsette kan vere med å setje ut i livet.

Ein viktig del av satsinga har vore å få laga eige vervemateriell for alle fylkeslaga som ynskjer det. Det er avgjerande for viljen til å gjennomføre aksjonar og verveframstøytar lokalt, at laga kjenner seg vel med det materiellet ein skal presentere for potensielle medlemmer. To slike flygeblad er alt laga og fleire vil kome til utetter våren.

Norsk Målungdom i hardt vêt

I oktober 2002 vart det sett fram skuldingar om juks med medlemstal i Norsk Målungdom i TV 2-programmet *Rikets Tilstand*. Skuldingane råka også leiaren i Noregs Mållag, Vidar Lund, fordi han var sentral i Norsk Målungdom i 1995-96. Lund valde å søkje om permisjon frå vervet sitt i samband med mediemerksemda som kom i kjølvatnet av programmet. Saka er no under etterforsking av Økokrim, og Noregs Mållag har full tillit til det arbeidet som vort gjort der.

Saka har sjølvsagt skapt turbulens i alle nynorsk-organisasjonane. Det som har festa seg sterkast, er likevel samhaldet i målrørsla og viljen til å sjå framover og gjere det beste ut av situasjonen. Norsk Målungdom har handtert saka ryddig frå starten av og vist samarbeidsvilje med departement og politi, noko dei skal ha ros for. Ei avklaring er venta i fyrste halvår i år og til då er det viktig målarbeidet ikkje vort skadelidande. Det er lite vi kan gjere med etterforskinga og saka vidare, og styret vil oppmode heile organisasjonen og resten av rørsla om å fokusere på viktige saker der påverknaden vår kan vere avgjerande.



I 2002 vart Vestlandske Målkontor opna i Bergen som ein del av organisasjonssatsinga. Ingar Arnøy er tilsett på kontoret som ligg i Fensal i Bergen sentrum.

Foto: Hege Lothe

Målpolitiske arbeidsfelt

Nynorsk oppvekst

Arbeidsåret har vore merkt av satsing på barnekultur, få skulemålsrøystingar, parallellklassearbeid på det jamne, ei sterk satsing på sidemålsforsøk og ein grunnskule i sterk endring. I tillegg har læremiddelarbeidet teke mykje tid. Verknadene av at godkjenningssordninga vart fjerna i 2000, kom tydeleg fram i sumar då ingen ville ta ansvar for at det ikkje fanst midlar til parallellutgåver. Dei to nye studieretningane Sal og service og Media og kommunikasjon har vore særskilt problemfylte grunna manglande løyving til utgjeving av parallellutgåver i desse heilt nye lærebokverka.

Skulemålsprosenten for 2002 var ikkje tilgjengeleg då årsmeldinga gjekk i trykken. Det er grunn til å tru at utviklinga det siste året har vore lik åra før. Då har vi sett at nynorskprosenten har gått noko ned for kvart år, medan det absolutte talet på nynorskelevar har auka.

Hausten 2003 vart det oppretta mastergradsstudium i nynorsk skriftskultur ved Høgskulen i Volda. Dette er ei nyvinning i utdanningsmangfaldet og Noregs Mållag helsar tilbodet velkomen og trur dette vert ein spanande tilvekst til høgare utdanning.

Barnekultur

Arbeid knytt til barnekultur har etablert seg som eit sentralt arbeidsfelt i Noregs Mållag. Denne arbeidsbolken har ein ikkje sett i gang nyvinningar, men heller søkt å sikre allereie



Nynorsk barndom
Nynorsk for liten - nynorsk for stor

Pirion –
frå 0 til 6 år

Bokklubben
Blåmann –
frå 2 til 12 år

Norsk
Barneblad –
frå 8 til 15 år

Magasinett –
frå 13 til 20 år

Flygebladet Nynorsk barndom kom ut i 2002.

igangsette tiltak. Lokallaga har i hovudsak arbeidd med å verve tingarar til Pirion – kulturavisa for barnehagar, Norsk Barneblad og medlemmer til Blåmann Barnebokklubb.

Våren 2002 gjekk Pirion, Blåmann Barnebokklubb, Norsk Barneblad og Magasinett saman om å lage flygebladet Nynorsk barndom – nynorsk for liten, nynorsk for stor. Dette har vore eitt av flygeblada som laga har brukt for å bleste «den nynorske barndomen». Saman med andreutgåva av flygebladet, Den første song eg høyra fekk, var «Hit me baby one more time», var dette aksjonsmateriellet til Aksjonsdagen for nynorsk barnekultur den 11. mai 2002. Til denne dagen vart det også laga gule refleksar med teksten «Nynorsk er tøft!». Desse refleksane har vore veldig populære og mange av lokallaga har tinga refleksane til utdeling til nynorskklassar i barneskulen. Til no er det trykt opp 3 000 eksemplar. På landsmøtet i Oslo var det eit eige seminar om barnekultur med Erle Stokke, Nana Rise og Malin Tvedt Petterson som innleiarar. Dette seminaret samla om lag tretti deltakarar.

Pirion – kulturavis for barnehagar

Kulturavisa Pirion har i februar 2003 nær 550 betalande tingarar, og har kome med åtte utgåver. Tingartalet var noko høgare i 2001 fordi mange mållag valde å kjøpe gåvetingingar det fyrste året til barnehagane i sitt distrikt. Det kjem jamt til nye tingarar og potensialet er truleg langt større enn dagens tingartal.

Det er framleis viktig å få til eit godt samarbeid mellom stiftinga Pirion og lokallaga til Noregs Mållag. Mange lokallag har tinga bladet til barnehagar, og mange har også teke på seg å betale dette utover det første året. Lokallaga i Noregs Mållag er ein av dei viktigaste marknadsførarane for Pirion i barnehagane og i grunnskulen og ein viktig ressurs for spreinga av bladet.

Stiftinga Pirion gjev ut avisa medan LNK har ansvar for å marknadsføre Pirion-kursa. I årsmeldingsbolken har det vore to Pirion-kurs. Eitt i Vang i Valdres og eitt i Kvinnherad. I tillegg har det vore fleire kortare opplegg og føredrag særleg i Rogaland. I 2002 har Ingeborg Mjør vore redaktør for Pirion, og i 2003 vil Anna Beate Storm-Larsen vikariere som redaktør. Redaktøren har motteke mange positive tilbakemeldingar frå lesarane.

Blåmann Barnebokklubb

Blåmann Barnebokklubb fylte eitt år i 2002, og dette vart markert med eit nytt fargerikt flygeblad, som mellom anna vart sendt ut som istikk til Norsk Tidend. Bokklubben meir enn dobla medlemstalet i årsmeldingsperioden, frå 1200 til godt og vel 2500 medlemmer. Fem lokallag har skipa til barnekulturkveldar i samarbeid med Blåmann



Barnebokklubb, men langt fleire har marknadsført Blåmann Barnebokklubb på eigne bokkveldar, stands og verveaksjonar av ymse slag. Der lokallaga har skipa familiearrangement med økonomisk støtte frå Blåmann Barnebokklubb og delt ut velkomstbøker til nye medlemmer, har responsen vore særskild god. Utdeling av flygeblad og verveaksjonar på til dømes kjøpesenter har også hatt god effekt.

Responsen er avhengig av at dei lokale tilskiparane marknadsfører klubben godt og gjerne har bøker å dele ut. Kvar tilskiping har gjeve om lag 10 nye medlemmer. For å verve mange medlemmer er ein dermed avhengig av at mange tykkjer dette er ein god måte å kombinere eige målarbeid, barnekultur og medlemsverving. Gjennom Blåmann Barnebokklubb har vi høve til å spreie nynorsk litteratur til ei viktig målgruppe, og vi kan byggje alliansar med miljø langt utanfor målrørsla. Røynsler syner at 20-30 familiar på eit familiearrangement med Blåmann Barnebokklubb, gjerne gjev ti nye medlemmer, og sikkert nokon til mållaget også!



Blåmann Barnebokklubb – eit medlemsoversyn

Troms og Finnmark	69
Nordland	24
Sør og Nord-Trøndelag	44
Møre og Romsdal	335
Sogn og Fjordane	390
Hordaland	904
Rogaland	316
Vest-Agder	102
Aust-Agder	24
Telemark	115
Vestfold med Drammen	11
Hedmark og Oppland	98
Oslo og Akershus	156
Totalt for heile landet	2588

I dei fleste fylke er auken på om lag 100% i 2002. I Aust-Agder har det vore ein auke på nesten 200%, takka vere aktive lokallag.

Røystingar om skulemålet

Det har vore éi røysting om skulemålet i perioden. På Rollag skule i Rollag kommune var det røysting 9. desember der bokmål vann med ti røyster: 122 mot 112 for nynorsk. Kommunestyret vedtok å innføre bokmål som opplæringsmål i møte 30. januar. Årsaka til røystinga var at foreldre til elevar på skulen kravde røysting. Det var ikkje krav frå over 25% røysteføre i krinsen, men lell ynskte

kommunestyret å lyse ut røysting. Dette var tredje røystinga i Rollag på elleve år. Jamvel om dei to førre røystingane vart vunne (1991, 1997), viser haldningane til foreldra ved skulen og i kommunestyret at det er arbeidet til målrørsla mellom skulemålsrøystingane som avgjer framtida til nynorsk skulemål.

Rollag Mållag arbeidde før røystinga med lesarbrev, spreieing av heimelaga flygeblad og beinveges kontakt med folket i bygda. Noregs Mållag samarbeidde med lokallaget om flygeblad og kontakten med dei røysteføre. I ettertid må det oppsummerast at bokmålstilhengjarane var skarpere enn venta og la ned meir arbeid enn mållaget gjorde. Ein viktig lærdom til seinare røystingar er at mobilisering på sjølv røystedagen kan vere avgjerande for utfallet.

Det har vore uro om skulemålet i fleire krinsar, men det er til no berre varsla éi røysting det komande året, ved Mykland skule i Froland.

Noregs Mållag har i samarbeid med Nordmøre Mållag og Tingvoll Mållag drøft og vurdert sjansane for ei offensiv røysting i Tingvoll. Det er ikkje arbeidd med offensive røystingar andre stader.

Med tanke på at skulemålet er den mest opplagde og synlege staden for endring av målstoda i Noreg, er det eit veikskapsteikn i rørsla at vi ikkje evnar reise slike røystingar. Det er snart tretti år sidan den store bokmålsbølga skylde over nynorskskulane, og det er ingen grunn til at vi skal godta eit framhald av denne stoda. Ikkje minst er det kome mange nye generasjonar røysteføre til siste tiåra, og desse bør vi kunne mobilisere til å ta aktiv stilling til språk- og kulturutviklinga i Noreg. Greier vi ikkje å stri fram offensive røystingar i åra som kjem, er det svært sannsynleg at skulemålsprosenten vil nærme seg ti-talet om få år.

SKULEMÅLSRØYSTING

MÅNDAG 9. DESEMBER 2002



Di stemme kan vera avgjerande.

Møt opp og stem **9. desember kl. 12.00 til 20.00**
på **Rollag Samfunnshus**.

Førehandsrøysting på Rollag kommunehus, Servicetorget, frå
måndag 2. desember til fredag 6. desember klokka 08.00 til 16.00.
Søndag 8. desember på same stad klokka 14.00 til 16.00

Faksimile frå flygeblad som vart delt ut i Rollag før skulemålsrøystinga i desember.

Skulemålsrøysting 2002-2003

Dato	Krins	Kommune	Røysteføre	Frammøte	Nynorsk	Bokmål	Vedtak
09.12.02	Rollag	Rollag	480	234	112 (48%)	122 (52%)	Bokmål

Parallellklassar

Hausten 2002 kom det etter det Noregs Mållag kjenner til, i gang 15 nye nynorskklassar på bokmålskskular. Det er ikkje nemnande skilnad frå tidlegare år, og dei stadene der lokallaga har arbeidd med dette jamt, viser det seg at resultatane kjem òg.

Eit viktig tilhøve i tida som kjem, er at kommune-Noreg opplever svært trange tider. Flest alle kommunane skjer ned på offentlege utgifter. Vi kan vente oss at kommunane vil freiste «omorganisere» nynorske parallellklassar for å spare pengar. Lokallaga og Noregs Mållag lyt følgje svært nøye med og slåss mot tiltak som hindrar retten til å starte nynorske parallellklassar.

Det er ingen grunn til at det etter måten låge talet på nye klassar på landsnivå skal halde fram. Det er i all hovudsak manglande informasjon frå skulane og for lite organisert arbeid frå oss sjølve som er hovudårsaka til at ikkje fleire nynorskklassar vert starta. For at vi skal evne å auke talet på nynorskklassar til eit rimeleg høgt nivå, trengst landsfemnande strategiar der lokallag og målaktivistar saman kan byggje opp rutinar og drage vekslar på røysnler frå einannan. Dette vert ei hovudoppgåve å få til framover og lyt vere ein del av lagsbygginga i heile organisasjonen.

Språkblanda klassar

Skuleåret 2000/01 gjennomførde Kleppe skule i Klepp eit forsøk der nynorsk- og bokmålslevar gjekk i same klasse på fyrste klassesteget. Både skulen og departementet har hatt som føresetnad for forsøket at det ikkje skal skippe retten foreldre har til å skipe parallellklassar med anna opplæringsmål enn det som er vedteke. Like fullt sende Klepp kommune ny søknad snaue to månader etter at

departementet godkjende fyrste søknaden. I den nye søknaden søker kommunen om å gjennomføre denne ordninga på alle skular i kommunen av di:

«Det blir gjort ein del taktiske språkval i 1. klasse. Foreldre ønskjer klassar med lågt elevtal. Dette fører til auka ressursbruk i dei aktuelle språkdelingsklassane. Klepp kommune ønskjer derfor å prøva ut bortfall av retten til språkdeling på samlege klassesteg. [] ... Klepp kommune søker derfor om avvik frå opplæringslova § 2-5 Målformer i grunnskolen for alle stega i grunnskolen og ved alle skulane».

Noregs Mållag har i samarbeid med lokallaga på Jæren, fylkeslaget og foreldre til elevar på Kleppe skule følgt saka nøye. Til dømes har kommunen ikkje brukt eksterne fagmiljø utanfor kommunen til å vurdere forsøket. Kommunen har laga ein såkalla «rapport» som på ingen måte stettar dei vilkåra som krevst for ei grundig fagleg vurdering av forsøket. Like fullt sende kommunen søknad om å utvide «forsøket» til alle skular før forsøket var over, m.a. med argumentasjon om at dei ynskte å hindre retten til å laga parallellklassar med anna opplæringspråk (i dette tilfellet bokmålsklassar).

Sandnes kommune, som til liks med Klepp kommune har fleire skular med både bokmåls- og nynorskklassar, såg snittet til å lage vanskar for foreldre som ynskjer starte parallellklassar. På grunn av «dei positive resultatane frå forsøk i Klepp med blanding av nynorsk- og bokmålsklassar» bør Sandnes kommune vurdere same tiltak, vedtok skulestyret i kommunen (vedteke med éi røyst fleirtal). Noregs Mållag sende i samarbeid med Sandnes Mållag brev til alle bystyrerepresentantane om saka. Då kommunen seinare sende brev til alle skulane som har både bokmåls-



og nynorskklassar om der var interesse for å gjennomføra «Klepp-forsøket», svara alle skulane nei.

KUF skreiv i godkjenninga si at forsøket kunne vere interessant, mellom anna med tanke på seinare lovrevisjon. Knapt eit år etter at departementet godkjende søknaden frå Klepp kommune, sender dei ut framlegg om endring i opplæringslova. I framtida skal ikkje elevane lenger gå i klassar, men gå i «grupper» utan øvre grense for elevtalet i «gruppa». Framleis ynskjer departementet at foreldra skal ha rett til å skipe parallellklasse, men frå no av «parallellgruppe». Såleis har departementet kunna skuve Klepp-forsøket framføre seg, jamvel om det ikkje finst ei einaste vitskapleg og fagleg grunngeving for kvifor Klepp-modellen bør gjerast til mogleg standard for alle språkkølvde skular i Noreg.

Læremiddel

Etter skulereformene i 1990-åra har tilbodet av nynorske lærebøker vore godt, og parallellutgåveordninga har stort sett fungert etter intensjonen i opplæringslova og i tråd med ynka til målrørsla. Dette har no endra seg. I 2000 vart godkjenningssordninga for lærebøker fjerna, og dermed forsvann den einaste sentrale ordninga som såg til at lærebøkene faktisk kom i parallellutgåver. I arbeidsåret har vi sett ei ansvarspulverisering når det gjeld å møte den læremiddelkrisa som er på veg. Sentrale styresmakter skubar ansvaret for godkjende lærebøker over på fylkeskommunen som skuleeigar i vidaregåande skule, og tek ikkje inn over seg at føresetnaden for å kunne velje godkjende lærebøker, er at staten løyvar pengar til produksjonen av dei. Parallellutgåveordninga har òg gått gjennom ei dramatisk usynleggjering i statsbudsjettet dei seinare åra. Posten er vorten slegen saman med andre til ein sekkepost for læremiddeltilskot, samstundes som det ikkje finst tal for korleis pengane fordeler seg mellom basisutgåver og parallellutgåver. Parallellutgåvene har såleis vorte skadelidande fordi læremiddelpolitikken som heilskap har vore ute av kontroll.

Saman med Elevorganisasjonen i Noreg og 10 elevar frå Firda vidaregåande skule overrekte Norsk Målundom og

Noregs Mållag opprop til statssekretær Bergesen i UFD med støtte til kravet om meir pengar til nynorske lærebøker. Då revidert nasjonalbudsjett kom 7. mai, var det ikkje ei krone ekstra til det føremålet. Noregs Mållag bad om å få kome på høyring i finanskomiteen på Stortinget, men fekk ikkje møte av di dette ikkje var ei sak i framlegget frå regjeringa.

Arbeidet med svartelista er etterkvart vorte svært omfattande, avdi bortfallet av den sentrale godkjenningssordninga gjer det vanskelegare å få oversyn over utgjevingane av parallellutgåver.

Noregs Mållag valde denne gongen å konsentrere arbeidet om dei mellomstore faga og dei nye studieretningane Sal og Service og Media og kommunikasjon, der det stod svært dårleg til. Arbeidet viste at det var 45 boktitlar som ikkje låg føre på nynorsk, der dei viktigaste manglane var læreverka innan dei nye studieretningane.

Gan Forlag, som har hatt den største satsinga på Media og kommunikasjon, bad om eit møte med Noregs Mållag 4. juni. Det kom fram under møtet at forlaget var i gang med omsetjingsarbeidet av læreverket, men ikkje ville setje i gang bokproduksjonen utan tilskot til parallellutgåvene frå staten. Læringscenteret hadde gjeve klårt uttrykk for at dei ikkje kunne lyse ut midlar til dei nye studieretningane, med mindre det kom friske midlar frå departementet til det føremålet. Då det heller ikkje kom signal om midlar i revidert nasjonalbudsjett, valde Noregs Mållag å skipe til eit rundebordsmøte med alle dei involverte aktørane, i von om å få på plass friske midlar frå departementet i tide til at skuleelevane kunne gå hausten i møte med nynorske lærebøker. Eit slikt møte har ikkje vore skipa til før, noko som ofte har ført til at skulda for manglande parallellutgåver har vorte skuva over på den eller dei partane som ikkje har vore til stades. Det kom ikkje klare resultat frå sjølve møtet, men det var nok sterkt medverkande til at det til sist utpå hausten likevel vart lyst ut friske midlar til parallellutgåver. Læringscenteret har gjort framlegg om at 1 eller 2 læreverk i kvart fag i dei nye studieretningane skal få produksjonsstøtte. Framlegget tek utgangspunkt i søknader frå forlaga og alle dei aktuelle bøkene vil vere på plass til hausten.



Det vart laga mykje nytt vervetilfang i 2002. Frå venstre: Studentmållaga gav ut sams vervehefte, Noregs Mållag og Troms og Finnmark Mållag gav ut flygebladet *Æ e nordlending - jeg?*, Noregs Mållag og Noregs Lærarmållag har laga nytt lærarflygeblad.

Noregs Mållag og Norsk Målungdom var òg i møte med statssekretær Helge Ole Bergesen og Læringscenteret 21. august, mellom anna om stoda for nynorske læremiddel. Signala frå statsråden var eintydige i at situasjonen som oppstod i haust var heilt unaudivent og at manglande midlar til produksjon ikkje skulle vere hindringa for nynorske lærebøker i framtida.

Det siste året har Noregs Mållag utvida nettverket på læremiddelfeltet monaleg, og hatt eit godt samarbeid både med Elevorganisasjonen i Noreg og med forlag både i og utanfor Den Norske Forleggerforening.

Opplæring i nynorsk for vaksne innvandrarar

Noregs Mållag har gang på gang slege fast at det er viktig at innvandrarar til Noreg får opplæring i nynorsk. Dei fleste vaksne innvandrarar har fått opplæring i bokmål, fordi det har mangla læremiddel på nynorsk. Etter at mellom anna Noregs Mållag sette fokus på saka i 2000, løyvde Utdanningsdepartementet midlar for å få laga læremiddel på nynorsk. I mars 2003 vart NynorskPluss + lansert i Gloppen i Sogn og Fjordane. Dette er eit elektronisk læremiddel på nynorsk som kan nyttast gratis undervisninga for alle vaksne framandspråklege i Noreg. Dette er eit viktig gjennomslag for målsaka, fordi NynorskPluss + er med og sikrar at det skal vere mogleg for alle i Noreg å lære nynorsk. Noregs Mållag vil sjølv sagt oppfordre alle kommunar om å ta i bruk det nye læreverket.

Sidemål

Medan 2001 var merkt av ei røys åtak mot sidemålet i skulen, har førre arbeidsåret vore mykje rolegare. Statsråd Clemet følgde opp lina frå førre statsråd Giske og avviste framstøytar frå fylke og kommunar om såkalla «sidemålsforsøk» utan sidemålsundervisning.

Like fullt vart det prøvt med to forsøk der elevane på vgs har avsluttande eksamen i nynorsk som sidemål til jol, i staden for til våren (Arendal og Bergen). Her vart elevane underviste i nynorsk heile tida heile semesteret, og det er for tidleg å vurdere resultatane, men det kan vere at slike forsøk kan vise veg til ei betre sidemålsundervisning. Viktigast er at prinsippet om obligatorisk sidemålsundervisning ikkje vart endra.

Noregs Mållag tok våren 2002 initiativ til eit positivt sidemålsforsøk i Åndalsnes. Initiativet kom saman med Rauma Mållag og skulen sjølv. Forsøket går kort og godt ut på at elevane i ein klasse har alt skriftleg tilfang på nynorsk i eit anna fag enn norsk: tavlespråk, lærebøker, prøver osv. Forsøket i Åndalsnes vart gjort i samarbeid med norskfagsmiljøet på Høgskulen i Volda. Føremålet er å granske om auka bruk av nynorsk fører til betre dugleik i nynorsk, og om dette igjen veikjer grunnlaget for manglande enstusiasme til sidemålsundervisninga spesielt og dårlegare haldningar til nynorsk generelt.

Det er svært lett å setje i gang slike forsøk, og etter at åndalsnesforsøket kom i gang, har Noregs Mållag teke initiativ til slike forsøk på over 20 skular frå Tromsø i nord

til Kristiansand i sør.

Føremålet er å få gjennomført slike forsøk på så mange stader som mogleg frå hausten 2003. Det er viktig å få slege fast at problemet i norsk sidemålsundervisning i dag ikkje er at det «tek mykje tid frå hovudmålsopplæringa», snarare tvert om. Det skal svært lite til å for å styrkje den faglege dugleiken i nynorsk hjå elevane. Dermed vil truleg òg mykje av motstanden og dei dårlege haldningane mot nynorsk tape seg.

Lærarutdanning og norskfag

I samarbeid med Noregs Lærarmållag gjennomførte Noregs Mållag ein vervekkampanje retta mot lærarar i desember 2002. Det vart laga til eit eige flygeblad som vart sendt som istikk til Norskklæraren og elles til medlemene i lærarmållaget. Kampanjen var startskotet på eit systematisk arbeid for å styrkje lærarmållaget i samband med dei viktige utfordringane målrørsla møter med dei føreslegne endringane i skulesektoren.

Informasjonsteknologi og media

Microsoft på nynorsk

Noregs Mållag har arbeid i fleire år for å få Microsoft som den største programvareleverandøren i Noreg, til å omsetje programvara si til nynorsk. Arbeidet har vore tredelt, der ein har arbeid direkte overfor Microsoft og argumentert for nynorskversjonen, ein har støtta opp om miljø som har arbeid med å utvikle konkurrentar til Microsoft på nynorsk og ein har lagt press på Storting og departement for at det skal stillast språklege krav i innkjøpskrava som gjeld offentlege verksemdar.

Hausten 2002 valde Microsoft å gje etter for presset frå målrørsla. Truleg såg dei òg at målrørsla er i ferd med å lukkast når det gjeld innkjøpskrav og reell konkurranse på programvaremarknaden. Microsoft Norge har i møte med Noregs Mållag og seinare i pressemelding lova at deira neste programvarepakke, Office 11, skal kome både på nynorsk og bokmål ved lanseringa hausten 2003. Dei vil etter kvart også omsetje Windows og tidlegare officepakker, slik at dei byggjer opp eit fullstendig nynorsktillbod. Den fyrste versjonen vil ikkje ha hjelpetekstar på nynorsk, men dei kjem på plass så snart tida tillet det.

Nynorsk er det 35. språket Microsoft vart omsett til, og langt større språk må ta til takke med engelsk eller andre nærliggjande gamle kolonispråk. Vedtaket om omsetjing til nynorsk kom så overraskande på, at det også vart ei større nyhendesak på BBC, med intervju med Noregs Mållag og oppfølgjande nettnyhende som vart kringkasta over heile



*Sjefen for Microsoft i Noreg, Birger Steen, måtte gå med på å lage Office på nynorsk.
Foto: Microsoft.*

verda.

Sigera viser at det også i dette århundret er mogleg å vinne innpass på heilt nye område i samfunnet og bør stå som inspirasjonskjelde til fornya innsats på andre felt der nynorsken i dag står veik. Langsiktig, systematisk arbeid er truleg avgjerande for slike sigar, og det er lærerikt å bruke tid på å studere dei vunne slaga våre.

Nynorsk programvare

Arbeidet for nynorske dataprogram har vore høgt prioritert også dette arbeidsåret. Som tidlegare har Noregs Mållag både støtta opp om nynorsk programutvikling og arbeid for reglar i skuleverket og offentleg forvaltning som kan vere med på å stimulere utviklinga av nynorskversjonar. Framstega i arbeidsåret har vore klårt størst innanfor programutvikling medan endringane i regelverket framleis sit langt inne.


Administrativ programvare fekk eit mellombels unntak frå å ha nynorskversjon / parallellutgåve i forskriftene til opplæringslova frå juni 1999. I januar 2001 sytte den politiske leiinga i KUF endeleg for å be Læringscenteret greie ut saka. Rapporten frå Læringscenteret låg føre 18.6.2001 og gav full støtte til målrørsla ved å rå til at det vart stilt krav om nynorskversjonar av tekstbehandlingsprogram frå 1.8.2002 og for annan administrativ programvare (rekneark, databaseverky og presentasjonsverky) frå 1.8.2003.

Kravet frå Noregs Mållag har vore å få innkjøpskrav i mållova etter at Nærings- og handelsdepartementet våren 2001 nekta å ta det med i forskriftene til lov om offentlige anskaffelser. Kulturdepartementet har sidan juni 2001 lova å følgje opp saka i mållovsmeldinga, men då ho kom i desember 2001, avgrensa Kulturdepartementet seg enno ein gong til å peike på problemstillingane. I innstillinga om meldinga lukkast det ikkje å få Stortinget til å påskunde arbeidet, så lovnaden er no at saka skal takast opp i kulturmeldinga i 2003, der ho slett ikkje høyrer heime. Kulturkomiteen på Stortinget streka i mars 2002 enno ein gong under at dette er ei viktig sak og slutta seg til dei måla som er nedfelte i handlingsplanen, utan at dette så langt er følgt opp med meir handfaste vedtak.

Skulelinux og NIO – nynorsk inn i IKT-opplæringa

Mykje på grunn av Noregs Mållag fekk Skulelinux kr 200.000 til eit forprosjekt og NIO kr 500.000 til drift av sitt prosjekt i 2001-2002 frå KUF rett før Ap-regjeringa gjekk av i oktober 2001.

Dei to prosjekta samarbeider nært og har fått mykje merksemd i media. Noregs Mållag si rolle har vore å opne dører til media og sentrale politiske og administrative miljø, og arbeidet har gjeve Noregs Mållag eit godt omdøme i IT-miljø som tidlegare ikkje



Pingvinen er merket til operativsystemet Linux.

har vore opptekne av nynorsk.

I løyvinga til Skulelinux la departementet inn ein føresetnad om at nynorskversjonen skulle utviklast fyrst. Skulelinux har likevel valt å utvikle bokmålsversjonen fyrst, og må dimed rekne med å ha tapt den viktige konkurranseordelen dei kunne ha hatt andsynes mellom anna Microsoft. Det er uvisst korleis departementet vil reagere på at ein ikkje har følgt opp føresetnadene for løyvinga.

OpenOffice.org

Fylka Akershus, Sør-Trøndelag og Møre og Romsdal sette i fjor i gang arbeid for å få omsett kontorprogrampakka OpenOffice.org. Det er ei gratis programvarepakke som tevlar med produkta frå Microsoft innan teksthandsaming, rekneark og publisering/presentasjon. Prosjektet er sett i gang etter initiativ frå Skulelinux-prosjektet. Dei tre fylka prioriterte bokmålsutgåva fyrst, men mellom anna etter påtrykk frå Landssamanslutninga av nynorsk kommunar, har Møre og Romsdal delfinansiert nynorskutgåva der betaversjon nr. 1 vart ferdig i haust. Ein ny versjon for den reine programvara skal liggje føre våren 2003. Det er meir uvisst kva tid det kan liggje føre ein fullstendig versjon der også hjelpetekstane er på plass.

Mediepolitikk

Ved inngangen til dette arbeidsåret var det kome klare signal frå kringkastingsjefen om at det var eit sentralt mål å leggje om distriktskontorstrukturen til NRK. Det nye styret var difor godt budd på at dette kom til å verte eit viktig saksfelt i arbeidsåret. Noregs Mållag konsentrerte argumentasjonen sin om NRK Sogn og Fjordane og la spesielt vekt på kor viktig det distriktskontoret er, for bruk av nynorsk i heile NRK.

Noregs Mållag har halde fram med det gode praktiske og politiske samarbeidet som vart etablert med Kringkastingsringen og Mediemållaget i førre arbeidsår. Hausten 2001 la styret ein mediepolitisk strategi for målrørsla. Denne strategien slo mellom anna fast at dei viktigaste utfordringane for målrørsla er å

- finne opning for nynorsk på redaksjonell plass i riksmmedia og NTB
- betre rammevilkåra for nynorskpressa særleg ved auke i pressestøtta
- auke nynorskprosenten i NRK
- stille språkpolitiske konsesjonskrav til private radio- og fjernsynskanalar

Styret leverte førre arbeidsår høyringsmerknad til Stortingsmelding nr. 57 I ytringsfrihetens tjeneste. Mål og virkemidler i mediepolitikk, basert på desse krava. Stortingsmeldinga vart handsama i Stortinget på vårparten i 2002, etter at førre årsmelding var trykt. Under handsaminga vart det vedteke to viktige presiseringar. Fleirtalet påpeika at begge målformene må haldast oppe i ålmennkringkastinga, både i fjernsyn og radio. Dessutan slo fleirtalet, med unntak av Framskrittspartiet fast at, dei

ville peike på « de viktige funksjoner lokalavisene fyller for ivaretagelsen av lokaldemokratiet. Lokalavisen er også en viktig støttespiller for lokalt kultur- og foreningsliv. De små lokalavisene har i tillegg en viktig funksjon i forhold til ivaretagelse av nynorsk og nyansene i norsk språk generelt. Flertallet vil også trekke frem betydningen av disse avisene i forhold til kulturarbeide og mulighet til ytringsfrihet for språklige og etniske minoriteter. Flertallet slutter seg derfor til forslaget om å styrke støtten til de små lokalavisene.»

Styret meiner at målrørsla fekk slege fast nokre viktige premiss for statleg engasjement i presse og kringkasting, i arbeidet med denne stortingsmeldinga.

Noregs Mållag har meldt seg inn i Åpen kanal. Dette er eit ikkje-kommersielt fjernsynskonsept som i dag er heilt i startfasen, men som frå 2005 kan sende digitalt fjernsyn til heile Noreg. Styret tykkjer dette er eit utfordrande prosjekt, og trur det er viktig at målrørsla knyter seg tidleg til prosjektet for mellom anna å kunne vere med å prege den språklege profilen.

Presse

Etter at førre arbeidsperiode fekk eit sterkt preg av å forsvare pressestøtta til lokalavisene, dei meiningsberande riksavisene og til prioritering av Dag og Tid og Nynorsk pressekontor, har kravet om kutt i pressestøtta i 2002 ikkje hatt hovudfokus. Statsbudsjettet for 2002 var til å leve med, og andre mediepolitiske saker har fått meir merksemd.

For nynorskbrukarar i nynorskområda er det avgjerande at lokalavisene har rammevilkår som gjer det


mogleg å halde oppe utgjevingsfrekvensen og utvikle avisene vidare. Ein reknar at det er nær 70 nynorskaviser og dei utgjer over 30% av dei 200 norske avisene. Då er det ikkje rekna med riks- og regionaviser som bruker noko nynorsk. I opplagstal utgjer nynorskavisene ein langt mindre del av totalopplaget, særleg fordi dei største riksavisene framleis har forbod mot nynorsk på redaksjonell plass. Der er det dessverre ingen positive tendensar å spore i arbeidsåret, men det er eit problemområde som mellom anna Mediemållaget og Norsk Målungdom er i ferd med å diskutere.

Kringkasting

Innanfor kringkastingsfeltet har Noregs Mållag vektlagt desse to politiske sakene i perioden:

- NRKs krav om minst 25 prosent nynorsk må vere retningsgjevande i konsesjonstekstane for dei andre allmennkringkastarane, og det må gjelde både verbalsendingar og teksting.
- den desentraliserte strukturen til NRK er svært viktig for det språklege og kulturelle mangfaldet i kringkastinga og må haldast oppe. Ei eventuell omstrukturering i NRK må ikkje gå ut over distrikta som allereie i utgangspunktet har langt dårlegare radio- og fjernsynstilbod enn byområda.

Våren 2002 var det klårt at distrikskontorstrukturen i NRK ville bli den viktigaste enkeltsaka. Då kringkastingsjef John G. Bernander talte til landsmøtet til Noregs Mållag i Oslo, fekk han mange kritiske spørsmål og innvendingar



Kringkastingsjef John G. Bernander fekk 11 400 underskrifter mot framlegget om samanslåing av NRK Sogn og Fjordane og NRK Hordaland. Frå venstre: Kristen Hundeide, Trude Bosvik og Erling Sande. Foto: Hege Lothe

mot å sentralisere det redaksjonelle ansvaret for distriktssendingane. Mellom anna fekk kringkastingssjefen overrekk eit opprop frå Sogn og Fjordane Mållag med tittelen «Ikkje rør NRK Sogn og Fjordane!». Mest alle ordførarane i Sogn og Fjordane, i tillegg til fylkesordføraren, støtta dette oppropet.

På det same landsmøtet uttalte mållaget at «Den desentraliserte strukturen i NRK har vore svært viktig for å gjera NRK til eit røynt landsfemnande og nasjonalt kringkastingsselskap. Distriktkontora har vore avgjerande for å gje dialektane den statusen dei har i dag, og dei har vore eit svært viktig springbrett til den nasjonale arenaen for artistar og kulturkrefter utanom dei største byane. Distriktssendingane og rikssendingar produserte av distriktkontora har nokre av dei høgste sjår- og lyttartala. Dette fortel at distriktkontora står for eit tilbod som er viktig for folk. Vilkårane for dette har både vore oppbygginga av redaksjonsmiljø på distrikts- og lokalkontor og at redaktøransvaret og det administrative og økonomiske ansvaret for drifta har lege ute på distriktkontora der journalistane er.»

Sommaren 2002 la styret i NRK fram ei innstilling om å slå saman distriktkontora i Hordaland og Sogn og Fjordane, Finnmark og Troms, i tillegg til Vestfold, Buskerud og Telemark. Noregs Mållag gjekk raskt ut med pressemeldinga «– Nei til nedlegging av distriktssendingar!». Innstillinga frå styret vart sendt ut på høyring. Noregs Mållag, Kringkastingringen, Mediemållaget og Noregs Ungdomslag utarbeidde eit brev med innspel til NRK-styret.

I slutten av august samla NRK-styret seg for å gjere eit

endeleg vedtak i saka. På førehand hadde kringkastingssjefen motteke underskrifter frå om lag 11 400 folk i Sogn og Fjordane, under brei pressedeckning på Marienlyst. NRK-styret gjorde, ikkje uventa, eit vedtak der dei ville slå saman redaktøransvaret for dei tidlegare nemnde distriktkontora. Kulturminister Valgerd Svarstad Haugland, som er generalforsamling for NRK, stogga samanslåingsvedtaket same dagen og bad samstundes om ei brei evaluering av dei allereie samanslegne kontora på Austlandet og i Trøndelag. Noregs Mållag gjekk straks ut og sa at organisasjonen var godt nøgd med avgjerda til statsråden.

I januar 2003 vedtok NRK-styret å oppretthalde NRK Sogn og Fjordane slik kontoret fungerer i dag, med eit tillegg om at kontoret skal byggje opp eit nynorsk kompetansesenter i Førde. Noregs Mållag er godt nøgd med dette og vedtaket er ein siger for målsaka. Pressemeldinga som gjekk ut rett etter at vedtaket vart kjent, har tittelen «Nøgd med NRK-vedtak».

I desember var det tid for ny konsesjonsrunde for kommersiell radio i Noreg. Kulturminister Valgerd Svarstad Haugland fornya ikkje konsesjonen til P4, men gav konsesjonen til ein av dei fem andre søkerane; Kanal4. Styret i Noregs Mållag tykte dette var eit spanande val og påpeika i ei pressemelding at «Ein av lovnadene i søknaden er at «Kanal4 skal i sin programvirksomhet bringe frem stemmer fra hele landet gjennom geografisk og språklig variasjon. Det er avgjerande for Noregs Mållag at Kanal4 følgjer opp desse lovnadene med å gje nynorsk ein viktig plass i sendingane.» Noregs Mållag har også i ei pressemelding uttalt at den nye kanalen bør få sin eigen språkkonsulent som kan arbeide med å få fram eit godt språk i kanalen og



Leiaren i Hordaland Mållag, Øystein Skjøveland, tok i bruk nye metodar for å skaffe pengar til Vestlandske Mållkontor: Gjennom våren og sumaren stod han på Bryggen i Bergen og selde økologisk is til varme bergensarar. Foto: Hege Lothe

vere med på å sikre bruk av nynorsk i sendingane.

På styremøtet i februar 2003 vedtok styret at Noregs Mållag skulle melde seg inn i Åpen kanal. Dette er eit ikkje-kommersielt fjernsynskonsept. Konseptet er heilt nytt i Noreg, men liknande kanalar fungerer i andre land, som til dømes Danmark og Tyskland. Det er idag heilt i startfasen, og vil ikkje vere tilgjengeleg for alle i Noreg før i 2005, då det digitale bakkesendarnettet for fjernsyn er klårt. Stortinget ser allereie positivt på prosjektet og Åpen kanal vil alt i år kunne sende program via internett til folk knytte til Uniforum, intranettet til universiteta og høyskulane i Noreg. Ideen bak det heile er at kvar enkelt organisasjon vil ha både redaksjonelt og organisatorisk ansvar for si eiga sendeflate. Når Åpen kanal har ordinære fjernsynssendingar i 2005, vil Noregs Mållag få eit heilt nytt forum for å nå ut med saker som vi ynskjer å setje på dagsordenen.

Næringsliv

Nynorsk i næringslivet har vore høgt prioritert i arbeidsprogrammet dei siste åra, utan at Noregs Mållag har lukkast i å drive ei systematisk satsing på dette feltet. I sannkjenninga av at vi ikkje har kapasitet til å drive fullgod satsing på dette arbeidsfeltet, inngjekk vi ein avtale med PR- og informasjonsbyrået Konsensus i oktober 2001, som i korte trekk går ut på at dei skal prøve å få økonomisk støtte frå eksterne partar til å drive ulike prosjekt for å få utvalde bedrifter og næringer til å bruke meir nynorsk.

Diverre har samarbeidet så langt ikkje kome lenger enn til idestadiet. Mellom anna har skifte i medarbeidarar hjå Konsensus gjort kontinuiteten i arbeidet vanskeleg. Det er uvisst om det er realistisk å få til eit resultatorientert

samarbeid med det fyrste, og Noregs Mållag bør truleg atter ein gong tenkje nytt om korleis ein best skal oppnå handling og resultat på dette feltet.

Mange einskildmedlemer og fylkeslag har vore engasjerte i konkrete saker som gjeld næringslivet. Særskilt er Hordaland Mållag eit godt føredøme. Dei har mellom anna laga seg rutinar for å senda ei triveleg helsing til alle føretak som nyttar nynorsk i fylket.

Etne Mållag har drege i gang ein aksjon for å få meieria til å nytte meir nynorsk. Ideen er at leiarane i lokale bondelag, bonde- og småbrukarlag og mjølkeproducentlag og mållag skal skrive under på eit brev til avdelingane for Tine Meieri på Vestlandet, Sørlandet, Telemark, Hallingdal, Valdres og Gudbrandsdalen. Kampanjen vart starta etter vinteren 2003 og har tittelen «Nynorsk på mjølkeprodukta!». Utfordringa er å følgje opp kravet om nynorsk nedanifrå med press retta direkte mot den sentrale konsernleiinga.

Hausten 2002 gjennomførte Hansa Borg Bryggerier ein landsomfattande reklamekampanje for Olden Brevatn på nynorsk. Sidan 1993, då verksemda vart etablert, har det berre vore ein kort periode då vatnet har vorte marknadsført på nynorsk. Saka fekk toppoppslaget i Norsk Tidend i desember og dette har igjen ført til merksemd om nynorsk-kampanjen i media på Vestlandet. Hansa Borg Bryggerier vurderer å gå over til å berre marknadsføre Olden Brevatn på nynorsk.

Lerum brukte i fjor 2,5 millionar kroner på å lage reklamefilm på nynorsk for å marknadsføre syltetytt sitt. Konserndirektør Kåre Lerum har uttalt at han trur nynorsken var medverkande til at salet av deira produkt gjekk fram med 8 % sjølv om den samla marknaden gjekk attende med 2 %.

Kulturpolitikk

Kulturmeldinga

Kultur- og kyrkjedepartementet varsla alt i førre arbeidsperiode at det vil kome ei kulturmelding våren 2003. Departementet har lova at meldinga vil avklare verkeområdet for mållova, etter at Noregs Mållag hadde bede om at dette måtte skje alt i mållovsmeldinga som kom i desember 2001.

Kulturpolitisk program

På det fyrste styremøtet i mai vedtok styret at ein ville leggje fram eit kulturpolitisk program til vedtak på landsmøtet i 2003. Det vart arbeidd med å få sett ned ei nemnd med ei blanding av styrefolk og andre samarbeidspartar til å skrive det fyrste programutkastet. Det synt seg uråd å få folk til å ta på seg ei såpass omfemnande oppgåve, og leiaren tok difor på seg å halde programarbeidet i rute.

Kulturpolitikk var hovudsak på landsrådsmøtet i august, og har vore oppe på kvart styremøte i arbeidsåret. Skrivarstova laga studiering om kulturpolitikken som vart sendt ut i lagssending tidleg på hausten, som ei fyrste inspirasjonskjelde til dei kulturpolitiske ordskifta ein ynsk

Olden Brevatn gjekk over til marknadsføring på nynorsk, og fekk hovudoppslaget i Norsk Tiden i desember.



NORSK TIDEND

Medlemsblad for Noregs Mållag Framhald av Forfattaren og Den 17de Mai Nr. 5 desember 2002

- Endeleg kjem Microsoft på nynorsk

Hausten 2003 lanserer Microsoft sitt ferske program på nynorsk – Platykk frå Aksjon Nynorsk. Data har fått oss til å svi hjernen litt ekstra. Løysing vi har no, gjer oss trygge på at den språkelege kvaliteten er god, seier Birger Steen, administrerende direktør for Microsoft Norge. Det er Microsoft Office som kjem på nynorsk hausten 2003. Til lanseringa vil truleg ikkje hjelpesaksane vere klare, men Microsoft arbeider med å gjere nynorsk- og bokmålsversjonen likevuldig. Det er også mogleg at Microsoft gjev Windows XP ut på nynorsk. – Dette er verkeleg ei gladmelding og eit gjennombrudd for arbeidet med å gjere nynorsk til eit fullverdig dataspårak, seier Håvard Teigen, fungerande leiar i Noregs Mållag. Side 5

Vatn på nynorsk

Olden Brevatn vart tappa i nynorske Nordfjord. Eit nesten ti år på bokmål har Olden Brevatn teke eit skritt nærare nynorsken. Denne hausten har dei kært ein større marknadsføringskampanje på nynorsk. I desse dagar vurderer hovudsaksjonær i Olden Brevatn om dei skal gå over til nynorsk for godt. Side 4



HENT SJØLV

OLDEN
FRA ISBREEN
GUTEN KULLSTYTT

Gjennom verdige, demokratiske prosessar blei det skapt ein kulturell mangfald i landet. Side 8 og 9

B-BLAD

å få i heile organisasjonen.

Etter NMU-saka der leiaren søkte permisjon frå vernet sitt for å skjerme Noregs Mållag, stagnerte arbeidet noko, men arbeidsutvalet tok raskt tak i saka og fekk innkalt til eit idedugnadsmøte i Oslo tidleg i desember. Idedugnaden var grunnlaget for eit tekstutkast som vart skrivne av Georg Arnestad og sendt styret og landsrådet like over nyttår.

Programutkastet vart drøfta på landsrådsmøtet og dinest har arbeidsutvalet og styret i Noregs Mållag arbeid fram det endelege utkastet. Programmet har endra seg mykje gjennom arbeidet i styret og i arbeidsutvalet, og vart noko anna enn det styret fyrst hadde planlagt. Prosessen er eit godt døme på at gode ordskifte kan føre til endra syn for kva som er viktig.

I organisasjonen har initiativet vore følgt opp på fleire hald anten med møte eller studiering om emnet eller som tema på haustseminar i fylkeslaga. Mållaget Sparbyggjen skipa til eigen kulturkonferanse over ein kveld med mange viktige lokale kulturarbeidarar i panelet.

Jubileum for Elias Blix

I 2002 var det 100 år sidan Elias Blix døydde. Elias Blix er kalla «mannen som kristna landsmålet». Han har hatt mykje å seie for innføringa av landsmålet.

Svært mange stader innførte ein fyrst salmane på landsmål i kyrkja, deretter i skulen og til slutt vedtok kommunestyra nynorsk som offentleg tenestemål. Dette har vore eit merkeår som fleire av lokallaga i Noregs Mållag har nytta høve til å markere på ulikt vis.



Skiping av Sivle-laget

I 1907 er det 150 år sidan Per Sivle vart fødd. Han er ein av dei markante diktarane i norsk målsoge. Fleire har meint at diktinga til Per Sivle bør få ein meir sentral plass både i skulen og i «den kulturelle ålmenta». Etter om lag eitt års førebuing vart Sivle-laget skipa 21. september 2002. Skipingsmøtet var på Stalheim hotell på Voss. Det er målmannen Jens Brekke som er vald til leiar i laget. Sivle-laget har som hovudmålsetting å leggje til rette for jubileumsåret 2007. Vidar Lund representerte Noregs Mållag på stiftingsmøtet. Styremedlem Trygve Dugstad i Sivle-laget orienterte om Per Sivle og arbeidet med Sivle-laget på styremøtet til Noregs Mållag i februar. Noregs Mållag ser fram til å samarbeide med Sivle-laget i saker der det er høveleg.



Kulturbudsjettet for 2002

Nynorsk forum, som er ein møtestad mellom alle nærskylde nynorsktiltak, og representantar frå Løvebakken Mållag hadde fellesmøte om statsbudsjettet i haust. Dei siste åra har forumet samla seg om nynorskprioriteringar i budsjettet. I haust valde ein å samle seg om auka løyving til Det Norske Samlaget og dinest støtte til Nasjonal kunnskapsbase.

Noregs Mållag meinte at det viktigaste i forhold til statsbudsjettet ålment, var å arbeide for å få på plass dei manglande nynorske lærebøkene. Utifrå eit målpolitisk standpunkt var kulturbudsjettet til å leve med.

Målreising 2006 / «Kampen for språket»

På landsmøtet åt Noregs Mållag i 1999 vart prosjektet «Målreising 2006» formulert (fyrst med tittelen «Målreising 2005»). Prosjektet har hatt som målsetnad å auke kunnskapen om samanhengen mellom samfunnsutviklinga og utviklingsvilkåra for nynorsken, og å bygge nettverk inn i universitets- og høgskulemiljøa.

For å kople «Målreising 2006» til hundreårsmarkeringa til Noregs Mållag, har det vore eit mål å få til eit større forskingsarbeid om norsk målreisingssoge. I den samanhengen tok prosjektet dette året kontakt med Ivar Aasen-instituttet ved Høgskulen i Volda. Ein representant frå styret i Noregs Mållag vart òg kopla til saka. Det viste seg at Høgskulen i Volda var særst positiv til tiltaket. Det vart halde to møte og gjort ein del arbeid med ein projektsøknad til Noregs forskingsråd. Prosjektet fekk namnet «Det opne språket. Språk og kulturendring». Framveksten av ein nynorsk skriftkultur og ei nynorskrørsle gjekk inn som sentrale forskingsdelar. Rett før jul kom den gledelege meldinga om at Noregs forskingsråd hadde løyvd 3,8 millionar til prosjektet. I tillegg har Høgskulen i Volda løyvd ei stipendiatstilling til prosjektet. Såleis vil det verte tre stipendiatstillingar knytte til denne historiske delen. Det må presiserast at det faglege opplegget er styrt av Ivar Aasen-instituttet, og at Noregs Mållag ikkje har noka formell tilknytning til prosjektet. Det er likevel viktig for mållaget og målsaka at det kjem eit så omfattande forskingsprosjekt om emnet. Framgangsmåten i denne saka illustrerer kor viktig det er at ein tenkjer langsiktig og vel ut strategiske samarbeidspartar.

Nynorsk leksikon / nasjonal kunnskapsbase

Eit breitt fleirtal på stortinget (alle minus Frp) slo i januar 2002 fast at regjeringa må syte for at det vert oppretta nasjonale kunnskapsbasar. Her lukkast det å få det same fleirtalet til å slå fast at regjeringa skal «sørge for at de språkpolitiske målsettingene om likestillingen mellom våre to målformer ivaretas ved etableringen av nasjonale digitale kunnskapsbaser»w.

Samlaget og Nynorsk kultursentrum har vore svært aktive i heile prosessen og søkte i førre arbeidsår om forprosjektmidlar til eit eige nynorsk leksikon. Det skal liggje føre til skulestart 2005 dersom det lukkast å realisere den storfelte planen.

I revidert nasjonalbudsjett vart det fyrst sett av 7 millionar likeleg fordelt mellom KKD og UFD, til internetbasert kunnskapsportal. I ein seinare hestehandel vart likevel løyvinga stroken frå budsjettet og det er no uklårt om ein får finanisering til prosjektet.

Prisar

På landsmøtet i 2002 fekk Ragnar Hovland Nynorsk litteraturpris 2001 for boka *Ei vinterreise*. Torvald Sund fekk Nynorsk barnelitteraturpris 2001 for boka *Knivkastaren*. Kvar av prisane er på 15 000 kroner. Utgiftene til Nynorsk barnelitteraturpris dekkjer Noregs Mållag åleine, medan utgiftene til Nynorsk litteraturpris vert delt mellom Noregs Mållag, Det Norske Teatret og Det Norske Samlaget. Dei tre institusjonane har også kvar sin representant i juryen for litteraturprisen.

Kari og Ivar Medaas fekk Målprisen 2002. Prisen vart delt ut under festmiddagen på landsmøtet i Noregs Mållag. I grunngjevinga heitte det mellom anna: «Målrørsla er evig takksame for den store kulturinnsatsen Ivar og Kari Medaas har gjort for norsk språk og kultur, og vi er trygge på at dei kunstverka som dei har skapt kjem til å leva vidare i norsk kulturliv i generasjonar.»

Jan E. Isachsen og Gro S. Ihler i Vegdirektoratet har fått Målblome og takk for ein noko spesiell innsats for nynorsken. Då Vegdirektoratet skulle lage nye førarkort som mellom anna skulle vere vanskelegare å forfalske, fekk dei to ideen om å bruke vers frå Nordmannen og Håvamål i mikroskrift på førarkorta. Målblomen vart delt ut på landsmøtet i Oslo.

På landsmøtet i Oslo fekk også Jon Grepstad Målblome for arbeidet sitt for offentleg målbruk. Norsk språkråd fekk ansvar for å følgje opp mållova i 1994. Sidan den gong har

Jon Grepstad gjort ein avgjerande innsats for at staten skal følgje mållova.

Kulturarbeid i lokallaga

Lokallaga i Noregs Mållag er ein del av «det kulturelle limet» mange stader i Noreg. Kvart år skipar mållaga til over 200 kulturkveldar med emne som forfattarar, bøker, barnekultur og ikkje minst lokal kultur og dialektar. Mållag er mellom dei fremste kulturberarane i lokalsamfunna, og dette vert spegla i titals utgjevingar av hefte og bøker kvart år. Utgjevingane er ofte svært nyttige inntektskjelder, i tillegg til at det er ein fin måte å syne fram organisasjonen vår på. Lokallaga gjer også ein svært viktig innsats i forhold til å spreie materiell om den nynorske barnekulturen. Både Norsk Barneblad, Pirion og Blåmann Barnebokklubb nyter godt av ivrige marknadsførarar i lokallaga. Enkelte lokallag betaler mellom anna tinging for Norsk Barneblad til heile årsklasser med ungar. Den lokale innsatsen er generelt sett svært viktig for dei nynorske føretaka.

Offentleg målpolitikk og målbruk

NSB AS og Posten Noreg AS

Den 7. mai 2002 la regjeringa fram St. prp. nr. 62 (2001-2002) om omdanning av Posten Noreg BA og NSB BA til aksjeselskap. I arbeidet med stortingsproposisjonen nytta Samferdsledepartementet ein del av innspela frå Noregs Mållag. Politisk leiing i departementet uttalte at det var viktig at NSB og Posten møter folk på den målforma dei nyttar. I innstillinga stod det eit kapittel om «Forholdet til mållova»: «Utgangspunktet her må være at også statlige selskaper i sin utadrettede virksomhet skal bruke begge våre offisielle målformer, men at nærmere retningslinjer om



Ragnar Hovland fekk Nynorsk Litteraturpris 2001 og Torvald Sund fekk Nynorsk Barnelitteraturpris 2001.

dette må utformes så fleksibelt at de ikkje med rimelighet kan hevdes å utgjøre noen ulempe av betydning i forhold til private konkurrenter. Kultur- og kirkedepartementet vil komme tilbake til dette i en planlagt kulturmelding. Inntil vidare er det anbefalt at de aktuelle selskaper skal følge mållovens prinsipper så langt som råd er. Dette vil bli innarbeidet i vedtektene for NSB AS og Posten Noreg AS.» Dette inneber så godt som full siger for krava til Noregs Mållag, i og med at det vart slege fast eit prinsipp om at målbruk skal inn i vedtektene. Noregs Mållag følgjer opp saka i samband med arbeidet med kulturmeldinga som kjem i 2003.

Nynorsk som tenestespråk i kommunane

I kommune-Noreg vert den offentlege målbruken med jamne mellom drøft. I desse sakene er det ofte dei lokale mållaga som tek seg av å argumentere for nynorsk som tenestemål. I året som har gått har fleire kommunar hatt målsaka på dagsorden. I desember 2002 vedtok eit samrøystes formannskap i Sveio kommune at ein framleis ønskte å halde fast ved vedtaket frå 1981 om at Sveio kommune skal vere ein nynorsk-kommune. Det var rådmannen som hadde fremja saka for formannskapet. I kommunestyret i Bjerkreim har eit fleirtal av representantane vedteke at dei vil drøfte på nytt om Bjerkreim skal vere ein nynorsk-kommune. Rauma kommune er ein språknøytralkommune, med kommunen har slege fast at det skal vere jamstilling mellom bokmål og nynorsk. Sidan vedtaket ikkje har blitt følgt opp i praksis, pressar no Rauma Mållag på for å få til røyntleg jamstilling.

Mellom nynorsk-kommunen Ål og den språknøytrale Hol kommune vert det i desse dagar drøfta samanslåing. Det skal vere røysting i mars 2003. Det er framlegg om at den eventuelle nye storkommunen skal stå som nynorsk i statskalenderen. I administrasjonen i Ål skal ein framleis halde fram med å nytte nynorsk, medan administrasjonen i Hol skal ha ei meir jamn fordeling mellom nynorsk og bokmål. Sidan det er varsla fleire samanslåingar i kommune-Noreg, meiner styret at dette er ein spanande prøveklut for å finne gode løysingar ved slike samanslåingar.

Statlege helseføretak

Noregs Mållag har arbeidd for å få slege fast at helseføretaka skal falle inn under mållova som regionale statsorgan når dei no ikkje lenger er fylkeskommunale. NM var mellom anna på møte med Helsedepartementet i oktober og i februar i 2001/02. Saka skapte stort engasjement i organisasjonen og i media, og særskilt då Helse Midt-Noreg ville døype om sjukehusa i Møre og Romsdal til «sykehus», vart det mange protestar og medieoppslag. Kultur- og kyrkjedepartementet sende brev til helsedepartementet i byrjinga av februar

2002, der dei slo fast at det var liten tvil om at dei nye statlege helseføretaka fall inn under mållova. Kulturministeren har skrive det same til Stortinget som svar på eit skriftleg spørsmål. Helsedepartementet har rett til å uttale seg om saka, men alt tyder på at KKD vil fastsetje at mållova gjeld for helseføretaka. Helsedepartementet er bede om å svare på brevet frå KKD innan 1. mars i år.

Språkkommisjon og Norsk språkråd

Noregs Mållag har i fleire år arbeidd for å få regjeringa til å ta initiativet til ein språkkommisjon (ei «språkleg maktutgreiing»), for å lyfte språkpolitikken fram frå bakrommet. Gjennom meir heilskapleg og strategisk planlegging kan ein betre verte i stand til å møte nye utfordringar. Vi kan her vise til Sverige som legg an til ein meir offensiv språkpolitikk gjennom handlingsprogrammet «Mål i mun» (2002). Eit sentralt føremål med ein språkkommisjon har vore å gjere Norsk språkråd til eit meir offensivt, utetterretta og handlekraftig organ i språkpolitikken.

Ut frå dei seinare politiske tilbakemeldingane ligg det derimot ikkje an til at det kjem nokon ny språkkommisjon. I tillegg er det mykje som tyder på at Norsk språkråd vert lagt ned.


I St.meld. nr. 9 (2001-2002), «Målbruk i offentlig teneste», vart det vist til at Språkrådet skulle leggjast om til eit kompetanseorgan for norsk språk, og ein viste til den komande Kulturmeldinga. Denne informasjonen vart attgjeven i statsbudsjettet for 2003, der det òg heitte at ein skal opprette ein ny institusjon i staden for Norsk språkråd. Mykje tyder på at ein der vil leggje mindre vekt på normeringsspørsmål, og meir vekt på å styrkje statusen for norsk språk. Men framleis er der mykje uklårt, mellom anna kva rolle måljamstilling og språkrøkt vil ha. Ut frå utlysingsteksten til ny direktørstilling (frå februar 2003), ligg det opp til at den nye direktøren (saman med departementet) vil få avgjerande innverknad på utforminga av organet.

Denne framgangsmåten er problematisk, mellom anna av di han legg opp til ei avpolitisering og byråkratisering av det språkpolitiske arbeidet. Frå Noregs Mållag sin synsstad er det verd å merke seg at ein legg opp til mindre representasjon frå politiske organ gjennom Rådet.

Noregs Mållag vil følgje nøye med i det som kan verte den viktigaste endringa i norsk språkpolitikk sidan Stortinget i 1970 slutta seg til tilrådinga frå Vogt-komiteen.

Fylkestings- og kommunevalet 2003

På landsrådsmøtet til Noregs Mållag i august heldt Astrid Marie Nistad



nynorsk



føredrag om korleis mållaget skulle førebu seg til og arbeide i lokalvalkampen hausten 2003. Ein vart samd om at det viktigaste lokal- og fylkeslaga i Noregs Mållag kunne gjere i forhold til dei politiske partia, var å få dei sjølve til å setje viktige målpolitiske saker på dagsorden. I september vart det sendt ut brev i lagssendinga der ein oppmoda laga om å tenkje valkamp allereie hausten 2002. Samstundes vart det laga eige oppslag om saka i Norsk Tidend. Å kome i gang hausten 2002 var viktig fordi dei lokale partia denne hausten lagar ferdig dei politiske programma sine. Brevet inneheldt framlegg om målsettingar som kvart enkelt parti kan setje for kommunen sin. Desse krava var delte inn i tre kategoriar ut ifrå om kommunen var språkøytral kommune, bokmålskommune eller nynorskkommune. I tillegg er det ein del krav som alle kommunar kan følge opp som til dømes er knytt til å halde den lokale kulturen levande i barnehagar og skular. Reiseskrivarane har arbeidd med å førebu valkampen i deira møte med lokallaga.

Talemål og skriftmål

Normering

I denne arbeidsperioden har normeringsspørsmålet stått sentralt. Utgangspunktet er arbeidet Norsk språkråd har gjort for å revidere rettskrivinga i nynorsk.

På landsmøtet i april gjorde Noregs Mållag eit normeringsvedtak som førde vidare vedtaket frå landsmøtet i 1999. Eit stort fleirtal gjekk inn for å halde på læreboknormalen. Landsmøtet gjorde òg eit subsidiært vedtak: I tilfelle læreboknormalen skulle falle vekk, ville ein ha ei rettskriving med rom for valfridom. Ein skulle vere særleg varsam med å fjerne tradisjonsformer.

13. mai heldt nynorskseksjonen i Språkrådet eit omframt møte om normeringa. Det viste seg at seksjonen vart delt på midten. Eit fleirtal på 10 mot 7 røyster (1 røysta blank) gjekk inn for å oppheve skiljet mellom hovudformer og sideformer. (Ein representant frå Noregs Mållag fremja framlegg om å halde på ordninga med læreboknormal.) Vidare gjekk eit fleirtal på 10 inn for at det i den utvida rettskrivinga skulle vere ganske stor valfridom, medan eit mindretal på 8 ville ha ei sterkare innstramming av valfridomen. 13. november kom så Språkrådet med høyringsutkastet Nynorskrettskrivinga. Utgreiing om og framlegg til ein revisjon av rettskrivinga i nynorsk der rettskrivingsframlegga var spesifiserte. Styret i Noregs Mållag kom med ei høyringsfråsegn der ein gjentok kravet om å halde oppe læreboknormalen, samtidig som ein drøfta moglege innstrammingar og utvidingar av normalen, i tillegg til spørsmålet om korleis rettskrivinga eventuelt skulle setjast i verk og utbreiast. Mållaget gjekk òg inn

for å utsetje eit endeleg vedtak til 2004 som er det siste i rådsperioden.

Mållaget meiner at det noverande systemet med hovudformer og sideformer stettar trongen for både standardisering og variasjon. Det har dessutan vore viktig å unngå ei «privatisering» av normeringa der tekstprodusentar i bokmålsmiljø fekk sterkare normeringsmakt.

I løpet av sumaren og hausten hadde Noregs Mållag to interne høyringar om normeringsspørsmålet. Spørsmålet har òg vore diskutert på landsrådsmøta.

Noregs Mållag var saman med Hordaland Mållag og Studentmållaget i Bergen med på å arrangere eit ope møte om rettskrivinga i Bergen, 3. februar 2003. Innleiarar var Helge Sandøy (Norsk språkråd), Johan Myking (Norsk språkråd), Arvid Langeland (Voss Mållag) og Olaug Nilssen (forfattar). I tillegg har Mållaget teke del i opne møte og anna debatt om spørsmålet, og hatt kontakt med representantar frå Språkrådet. Det har elles vore ein del mediemerksemd kring saka.

På årsmøtet 14. februar gjekk nynorskseksjonen i Norsk språkråd inn for å oppretthalde skiljet mellom hovudformer og sideformer. Vi kan ikkje gjere anna enn å oppfatte det som ein siger for Noregs Mållag.

Talemål

I denne perioden har ikkje arbeidet med dialektbruk og nynorsk standardtalemål stått i fokus. Det kan likevel nemnast at det har vore gjort litt førebuande arbeid med eit seminar som etter planen skal skipast i september 2003: «Dialektdaude?».

Stadnamn

Det har frå sentralt hald ikkje vore arbeidd systematisk med stadnamnspørsmål i perioden.



Gudrun Folkedal demonstrerte mot Verdsbanken. Mållaget gjekk under parolen «Ja til kulturelt mangfold og sjølvråderett, nei til Verdsbanken».

Foto: Ragnhild Ås (parolen) og Erik Bolstad

Samnorskparagrafen fjerna

Den 12. november vedtok Odelstinget å oppheve § 1 bokstav b i Lov om Norsk språkråd. Der heitte det at Norsk språkråd skal «følge utviklingen av norsk skriftspråk og talespråk og på dette grunnlag fremme samarbeid i dyrkingen og normeringen av våre to målformer og støtte opp om utviklingstendenser som på lengre sikt fører målformene nærmere sammen.»

Noregs Mållag har i fleire år uttalt at paragrafen burde fjernast, og var nøgd med lovendringa.

Internasjonalt arbeid

Internasjonalt hefte

Våren 2002 vart heftet vårt Globalisering og språkpolitikk ferdig. Heftet inneheld innleiingar om internasjonale tilhøve som er haldne på tilskippingar i Noregs Mållag, i tillegg til ein bolck om internasjonale handelsavtalar og kulturpolitikk. Det er studiespørsmål til alle innleiingane. Redaktør for heftet var Trond Sæbø Skarpeteig.



Demonstrasjon mot Verdsbanken

Noregs Mållag og Norsk Målungdom var med på demonstrasjonen Oslo 2002 mot Verdsbanken 24. juni. Nesten 10 000 var med i toget. Nei til EU slutta seg òg til vår seksjon, til saman var det vel 100 som gjekk der. Mange gjekk i bunad. Parolen var «Ja til kulturelt mangfold og sjølvråderett, nei til Verdsbanken». Deltakarane fekk mykje oppmuntrande tilrop frå tilskodarar om kor bra det var at dei gjekk i bunad.

Vinterseminar

15.-16. februar skipa Noregs Mållag vinterseminaret

«Glokalisering? Kulturpolitiske utfordringar» i Bergen. Seminaret hadde som føremål å kople ordskiftet om globalisering til heimleg kulturpolitikk og det kulturpolitiske programarbeidet åt Noregs Mållag. Innleiarar var: Nina Dessau, Einar Niemi, Georg Arnestad, Pål Bakka, Marit Eikemo, Nils Rune Langeland, Jostein Gripsrud og Knud Blaauw. Seminaret hadde nær 80 deltakarar. Kvelden før seminaret skipa Noregs Mållag òg til Nynorsk bar i Bergen der Johannes Nymark innleidde om «fotball og globalisering».

Elles har ikkje Noregs Mållag prioritert arbeidet med internasjonale spørsmål denne perioden. Dermed er det heller ikkje i år etablert eit Internasjonalt utval.

Samskipnaden

Lag og medlemmer

Medlemstal

Medlemsutviklinga har dei siste åra vore slik (betalande medlemmer pr. 31.12.):

Medlemstal	Endr.	Tilgang	Tilg.*	Tilg.**	Fråf.*	Fråf.**
1993	11 726					
1994	11 582	- 144				
1995	10 820	- 762				
1996	11 113	293	487		194	
1997	10 826	- 287	566		853	
1998	10 852	26	691		665	
1999	11 046	194	775		581	
2000	11 001	- 45	539		584	
2001	10 883	- 118	476		594	
2002	10 588	- 295	395	397	170	691 396

Tilg.*: «Gamle» medlemmer som ikkje betalte i 2001, men har fornya medlemskapen i 2002.

Tilg.**: Medlemmer som melde seg inn i 2002, men ikkje har betalt enno.

Fråf.*: Utmeldingar og avlidne.

Fråf.**: Fornya ikkje medlemskapen.

Medlemstalet gjekk ned med 295 medlemmer (2,7 %) i 2002 til 10 588 medlemmer. Om ein går djupare inn i tala, ser ein at det er svært få lokallag som står for brorparten av nedgangen. Dette skuldast ei misforståing kring medlemslistene for 2001 mellom skrifvarstova og eit par av bondeungdomslaga. Resultatet vart at dei vart ståande med for høgt medlemstal i fjor, og nedgangen er difor ikkje på langt nær så stor som tala tyder på.

Det er registrert fødeår på 42% prosent av medlemene, og gjennomsnittsalderen er no 53,2 år, ein oppgang på åtte månader sidan førre årsmelding.

Praksisen med medlemsregistreringa er slik at medlemmer som ikkje betaler, blir ståande i registeret og får tilsendt

medlemspengekrav og Norsk Tidend i tre år. Deretter vert dei sletta. Dei som ikkje har betalt, er med på medlemslistene som lokallaga får tilsendt slik at laga kan ta kontakt med dei, men dei vert sjølvsagt ikkje rekna med i det offisielle medlemstalet. Ved årskiftet 2002/2003 gjennomførte skrifvarstova ei stor opprydding i medlemslistene, og det er no 11702 namn i medlemsregisteret. Dette inkluderer også tingarar av Norsk Tidend.

Vervearbeidet


Både fråfallet og vervinga har auka i år. Den sentrale medlemspengesatsengjekk opp med om lag 25% etter vedtaket om 40 kroner frå kvar medlem til organisasjonssatsinga, så nedgangen på 295 medlemmer er ikkje så høg som ein kunne ha frykta på førehand. Det er opplyftande at det er ein auke i talet på innmeldingar, sjølv om det ikkje er gjennomført nokon stor sentral vervekampanje.

I perioden vart det laga eit presentasjonshefte på åtte sider som gjev ei innføring i organisasjonen og aktuelle politiske saker for Noregs Mållag.

I desember sende skrifvarstova ut ei melding til alle som stod i fære for å verte sletta frå medlemsregisteret ved årsskiftet. Dette resulterte i at om lag 50 personar som ikkje hadde betalt medlemspengar dei tre føregåande åra, betalte.

I desember vart det sendt ut eit eige flygeblad for å verve lærarar. Det gjekk som istikk i medlemsbladet til Landslaget for Norskundervisning, «Norsklæraren», og vart sendt ut til lærarhøgskular og lærarorganisasjonar. Alle medlemene i Noregs Lærarmållag fekk òg ei handfull flygeblad kvar, med oppmoding om å spreie dei på arbeidsplassen sin. Då årsmeldinga vart avslutta, hadde Noregs Mållag motteke 10 svarsendingsslippar om medlemskap frå flygebladet. I tillegg kjem eventuelle medlemmer som har fått det siste skuvet til å ta kontakt etter kampanjen, men som har valt å melde seg inn på annan måte enn å bruke det særskilte flygebladet.

Ein anna ting vi freista i desember, var å sende ut



Medlemstal i Noregs Mållag, 1989–2002

ei oppmoding om å gje mållagsmedlemskap i julegåve. Vi sende òg ut eit brev til laga i Noregs Ungdomslag om å verve medlemmer til Noregs Mållag. Desse kampanjane gav diverre ikkje nemneverdig resultat.

Like etter sumarferien vart det sett opp vervemål for heile organisasjonen. Mange av laga har arbeidd systematisk og godt for å nå målsetnaden og det gjev utteljing på den samla tilgangen av nye medlemmer i 2002.

På seinhausten fekk laga tilsendt blanke medlemspengegiroar for å verve nye medlemmer, og medlemslistene for å kunne purre på dei som ikkje hadde betalt.

Som tidlegare har det vist seg at det jamt over er den personlege vervinga (venevervinga) som gjev best resultat. Skaun Mållag har gjennomført ein ringjekampanje i vinter og verva 51 nye medlemmer. Laget har på få dagar auka medlemstalet med 165 % (frå 31 til 82)! Telemark Mållag har òg hatt eit svært godt resultat etter ein husstandsaksjon i fire utvalde kommunar i haust. Aksjonen gav 45 nye medlemmer.

Den sentrale verveaksjonen våren 2003 er sett saman av regionalt tilpassa vervekampanjar for alle fylkeslaga. Eit viktig tilskot frå sentrallækken er hjelp til å produsere flygeblad for alle fylkelaga som ynskjer det. I meldingsperioden er verveflygeblada for Troms og Finnmark Mållag og for Agder-fylka ferdigstilte.

Lokallag og fylkeslag

For 2001 mottok skrifvarstova årsmelding frå 137 lag og 17 fylkeslag. For 2000 var talet 136 og 18. Somme aktive lokallag sender ikkje inn årsmelding, noko som gjer at dei

ikkje får nytta dei demokratiske rettane sine i samskipnaden. Det er i skrivande stund kome inn 67 årsmeldingar for 2002.

Eit lag er formelt lagt ned i perioden: Lenvik Mållag.

Ti lag er med både i Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag (inga endring).

Nordland Mållag ligg framleis nede slik det har gjort i mange år.

Yrkesmållaga har byrja eit arbeid for å styrkje kontakten mellom laga, og fleire av yrkesmållaga legg planar for å verte meir landsfemnande. I perioden vart det teke initiativ til å skipe eit mållag for landbruksakademikarar, førebels med base på landbrukshøgskulen på Ås.

Etter vervekampanjen i 4 kommunar i Telemark er det sett ned interimstyre i dei tidlegare sovande lokallaga i alle desse kommunane; Hjartdal, Fyresdal, Nissedal og Drangedal.

Organisasjonssatsinga

Etter landsmøtevedtaket i 2001 om organisasjonssatsing i Noregs Mållag vart det oppretta to halve stillingar for reiseskrivarar i 2002. Den eine halve stillinga er etter landsmøtet sitt ynske plassert på Vestlandet. Ingar Arnøy tok til i denne stillinga i mars. Arnøy kombinerer arbeidet med halv stilling som skulemålskrivar for Noregs Mållag. I den andre halve stillinga byrja Trond Sæbø Skarpeteig 1. august. Han kombinerer denne med halv stilling som reiseskrivar for Mållaga på Agder.

Fylkeslaga spelar ei nøkkelrolle i alt arbeid og organisasjonsutvikling. Fylkeslaga kan fungere som pressgruppe



Utsendingar på landsmøtet frå Sunnhordland.



Av- og påtroppande leiar på landsmøtet i Oslo.



Utsendingar frå Aust-Agder på landsmøtet.



Utsendingar frå Nord-Noreg på landsmøtet.

Allt foto: Hege Lotbe

og støttespelar i lokale saker, inspirere lokallaga og samordne aktiviteten i fylka. Difor er organisasjonssatsinga fyrst og fremst ei utfordring for fylkeslaga.

Reiseskrivarane har stått til disposisjon for fylkeslaga, men det er få fylkeslag som har hatt ynske om å få tilført ekstra arbeidskraft. Noregs Mållag har difor teke ei rekkje initiativ for å auke interessa i utvalde fylke. I tillegg til vestlandsfylka (Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane) har vi prioritert Sunnmøre, Telemark, Troms og Finnmark. Skarpeteig har hatt møte med 6 fylkeslag, medan Arnøy har arbeidd i alle vestlandsfylka. Utgangspunktet for dei fleste møta har vore å presentere ideane bak organisasjonssatsinga (målsetnader og tiltak), og å kveikje fylkes- og lokallaga til å gjennomføre tiltak som kan føre til organisatorisk og politisk vokster. Alle fylkeslag er utfordra til å setje opp konkrete vervemål for lokallaga sine.

Mange lag er medvitne om at vi har ei satsing på målsaka no, og mange har gjeve pengar til satsinga. Mange ynskjer å gjere ein ekstra innsats i laget sitt, til dømes skipe til kulturkveldar. Dei fleste laga har arbeidd for å nå vervemåla både for medlemmer til laget og til Blåmann Barnebokklubb. Reiseskrivarane har vorte godt kjent med mange av laga.

Men målsetnadane med organisasjonssatsinga inneber noko langt meir enn å halde medlemstalet i balanse. Satsinga inneber at vi til dømes skal arbeide for ein sterk auke i medlemstalet på utvalde stader, at tillitsvalde skal styrkjast gjennom skulering og mobilisering og at vi skal få til fungerande studentmållag både i Telemark og på Sunnmøre innan 2004.

På landsplan har vi ikkje auka medlemstalet, men halde det nokolunde stabilt. Vi har sett i gang ordskifte om skulemål nokre stader, men vi har ikkje fått noko markert ideologisk lyft i laga som fører til auka aktivitet. For dei fleste fylkeslaga har vi enno eit stykke å gå før dei har teke satsinga på alvor – og gjort noko med det.

Organisasjonssatsing på Agder

Aust og Vest-Agder Mållag har saman vedteke ei organisasjonssatsing på Agder i perioden 2002 til 2005. Frå lokallaga og fylkeslaga er det samla inn pengar til å tilsetje ein reiseskrivar i halv stilling i tre år. For å samordne aktiviteten i dei to fylka er det oppretta eit arbeidsutval (AU) med medlemmer frå dei to fylkesstyra. Trond Sæbø Skarpeteig er tilsett som reiseskrivar.

NMU-saka

I programmet Rikets Tilstand 9. oktober 2002 vart Norsk Målungdom skulda for å ha drive omfattande juks med medlemstalet sitt. Noregs Mållag vart ufriviljug involvert i saka, sjølv om det ikkje har vore sett fram skuldingar mot oss på noko felt. Leiaren vår, Vidar Lund, var sentral i Norsk Målungdom på midten av 90-talet, og i media vart



*Nytt verveflygeblad
frå Noregs Mållag og
Mållaga på Agder.*

medlemssaka personifisert gjennom Vidar Lund, fordi han hadde den mest framskotne posisjonen i målrørsla.

Vidar Lund søkte permisjon frå leiarvervet sitt dagen etter programmet var sendt, grunna sterkt mediepress og eit ynske om å halde Noregs Mållag utanfor saka i størst mogleg grad. Permisjonen vart innvilga i omframst styremøte måndag 14. oktober. Nestleiar Håvard Teigen gjekk då inn som fungerande leiar og styret konstituerte seg med Sigrun Høgetveit Berg som fungerande nestleiar. Det vart òg gjort endringar i samansetjinga av arbeidsutvalet fordi det no i langt større grad var trong for eit arbeidande AU. Oversyn over endringane står på side 30. Norsk Målungdom sin faste styrerepresentant og fyrste vararepresentant valde å be om permisjon frå verva sine medan saka var under etterforskning. Andre vararepresentant har difor vore kalla inn til styremøta frå november.

Styret sende ut brev til alle medlemene i organisasjonen saman med Norsk Tidend som gjekk ut få dagar etter programmet, med informasjon om stoda og om endringane i styret. Saka vart òg lagt fram til open drøfting på landsrådsmøtet i januar i år.

Økokrim tok saka alvorleg og møtte på kontoret til Norsk Målungdom dagen etter programmet for å kverretse datamaskiner og papir. Norsk Målungdom har handtert saka ryddig og vore samarbeidsviljug og innstilt på å ordne opp i det som måtte vere gale. Leiinga i Norsk Målungdom skal ha ros for måten dei har takla saka på, i ljøs av det sterke mediepresset dei var utsette for i nokre dagar i oktober.

Noregs Mållag har heile tida signalisert at ein ynskjer ei rask etterforskning og avklaring i saka. Det er ein vanskeleg situasjon for heile organisasjonen at alle med ei fortid sentralt i Norsk Målungdom skal vere mistenkte for medlemsjuks, og til raskare ei avklaring kjem, til raskare kan status gjerast opp og målarbeidet kome i gamalt gjenge att. Styret har



Utsendingane frå Meland Mållag røyster på landsmøtet i Oslo. Foto: Hege Lothe

likevel presisert at Noregs Mållag sjølv ikkje skal gå inn korkje som etterforskingorgan eller dømmende organ. Styret kjenner ikkje fakta i saka og set sin lit til at etterforskinga til Økokrim vil avdekkje kva som har gått føre seg.

Som eit etterspel til saka har Norsk Målungdom fått langt ringare økonomiske vilkår for drift, mellom anna fordi dei ikkje vil få utbetalt driftsmidlar frå departementet før saka er ferdig etterforska. Noregs Mållag ser det som avgjerande for framtida til målrørsla at vi også har ein sterk ungdomsorganisasjon. Organisasjonen gjer eit svært viktig arbeid mellom skuleungdom og står også for ein stor del av rekrutteringa av aktive, unge vaksne til Noregs Mållag. Norsk Målungdom har difor fått tilbod om kontor i våre lokale i Kirkegata 32, i tillegg til mindre støtteordningar knytt til kontordrifta. Styret er innstilt på å hjelpe Norsk Målungdom over den kneika som ligg framom dei og opplever at det er ei haldning også grunnorganisasjonen deler.

Studiearbeidet

Noregs Mållag er ein av 11 medlemsorganisasjonar i Folkekulturforbundet. Frå 2000 til 2001 nådde Noregs Mållag langt i målsetninga med å doble talet på studietimar, og vi hadde registrert 242 i 2000, og 456 i 2001. Diverre gjekk vi ned att i 2002, til 407 timar.

Skrivarstova har vore medviten på å leggje ved studieplanar og studierettleingar i lagssendingar, og å dele dei ut på seminar og møte.

Det er i perioden laga studieplanar til heftet «Globalisering og språkpolitikk – eit debattheft» og eit studieopplegg om kulturpolitikk.

Skrivarstova har sendt ut tilbod i lagssendingane om bøker som ein har meint kan vere utgangspunkt for ordskifte i laga, slik som «Skolen som forsvann» av Jon Hustad.

Leiartreninga har kome eit langt steg vidare i perioden. Lagshandboka er no sendt ut til alle lokallaga, og nye aktivistar har fått ho tilsendt etter kvart. Lagshandboka er laga for å brukast, og det er kome tilbakemeldingar på at ho har vore til god nytte i fleire lag alt. Det vil etterkvart verte sendt ut oppdateringar og tillegg til lagshandboka.


Landsmøtet 2002

Landsmøtet vart halde i Oslo i dagane 26.-28. april samstundes som det var Nynorsk kulturhelg i hovudstaden. Det var totalt påmeldt 233 utsendingar, observatørar og gjester, og 185 utsendingar hadde røysterett.

Stortingsrepresentant Magnhild Meltveit Kleppa heldt landsmøtetalen om "Målreisinga som samfunnsspørsmål". Kleppa kom med klare signal om at breie politiske miljø på Stortinget stør mange av dei sakene som har vore viktige for Noregs Mållag i det siste, både når det gjeld mållova, innkjøpsordningar og mediepolitikken.

Kringkastingssjef John G. Bernander var invitert til å halde ei mindre innleiing kring emnet «Nynorsk i NRK». Innleiinga skapte sterkt engasjement i salen og Noregs Mållag gav klare signal om dei endringane som står for døra i NRK, særskilt når det gjeld distriktskontora.

Normeringa av nynorsken skapte det største ordskiftet,



Registrerte studietimar frå sentrallekken og lokallaga i Noregs Mållag 1993-2002. Studietala for NMU er rekna inn fram til 1999.

men det var også venta på førehand. I tillegg til mange klåre meiningar om saka, skaper det oftast ekstra interesse når sakene våre også er emne for ordskifte i andre fora enn Noregs Mållag.

Møtet vart avvikla greitt og ryddig i ein god og inspirerende tone. Fråsegnene vart vedtekne utan mykje ordskifte, og landsmøtet fekk svært god blest i media.

For fyrste gong vart det prøvd ut å ha parallelle seminar med innleiingar om ulike politiske arbeidsfelt som ei eiga arbeidsøkt under møtet. Attendemeldingane frå deltakarane var eintydig positive, og styret merka seg signala til arbeidet med framtidige landsmøte.

Den kulturelle ramma kring møtet var prega av Nynorsk kulturhelg, som gjorde at det var eit breitt spekter av kulturtilbod for utsendingane. Landsmøtenemnda var godt organisert og til stor hjelp for Noregs Mållag i gjennomføringa.

100-årsjubileet

Noregs Mållag er 100 år i februar 2006. Styret har i perioden fått utarbeidd eit forprosjektnotat om den mest tid- og ressurskrevjande delen av jubileumsmarkeringa, som er ei norsk målreisingssoge. Noregs Mållag tok initiativ til eit samarbeid med Nynorsk kultursentrum og Ivar Aasen-instituttet og det vart søkt forskingsmidlar gjennom Aasen-instituttet / Høgskulen i Volda til mellom anna å gje ut eit trebandsverk. Som ei gledeleg førjulshelsing fekk vi melding om at forskingsrådet hadde løyvt pengar, men det er uvisst om ein har finansiering til å gjennomføre heile prosjektet.

I tillegg til bokverket har styret lagt opp til å kartleggje arkivtilfang i lokallaga og å få lagt ut ein del dokumentasjon om soga til målrørsla på nettet. Våren 2003 vil det verte gjort eit større arbeid for å planleggje andre store og tidkrevjande tiltak i jubileumsåret.

Informasjons- og mediearbeid

Siste året har det vorte arbeidd aktivt med å få Noregs Mållag og målsak fram i media. Den vanlege arbeidsrytmen vart av naturlege årsaker endra noko utetter hausten. Styret har vedteke ein eigen medie- og informasjonsplan som styrer både det interne og det eksterne informasjonsarbeidet.

Pressearbeid

På landsmøtet vart det halde eit eige seminar om pressearbeid. Seminaret var godt likt, og vi har difor satsa på å halde fleire slike kurs i meldingsåret. Målsettinga med desse kursa er at dei tillitsvalde skal få kunnskap om å drive pressearbeid, få inspirasjon og ikkje minst lære av kvarandre.

I mediearbeidet vert det lagt vekt på å kontakte journalistar direkte når mållaget meiner ein har gode saker å kome med. Det er dessutan lagt vekt på å kontakte journalistar og media direkte når det dukkar opp saker som bør svarast på. Dessverre har vi fått gjort mindre av dette i arbeidsåret enn vi hadde sett som mål.

Noregs Mållag har som tidlegare betalt for ei eiga klyptteneste. Observer Norge går gjennom aviser, Internett/byrå, radio, tekst-TV, tidsskrift og fjernsyn og sender dagleg alle klypp som inneheld ein del stikkord som er relevante



Leiarane for mållaga i Oslo ynskte velkomen til landsmøte i mars 2002. Frå venstre: Vidar Lund (Bondeungdomslaget i Oslo), Ragnhild Bjørge (Studentmållaget i Oslo) og Magnus Bernhardsen (Oslo Mållag).

Foto: Hege Lothe

for målrørsla, til skriarstova. I arbeidsåret er samarbeidet med Nynorsk kultursentrum og Landssamanslutninga av nynorskkommunar ført vidare, slik at desse føretaka har ein felles klyppavtale. Ordninga for presseklipp er slik at Nynorsk kultursentrum arkiverer medieklyppa medan Noregs Mållag berre tek vare på dei i ein avgrensa periode og sender dei på faks til LNK og LNK-nytt.

Dei siste to åra har det vore ein tilbakegang i klyppmengda. Noko av grunnen er at Observer Norge as ikkje klypper «likelydande» meldingar. I 2001 var det likevel ei solid klyppmengd mellom anna fordi Garborg-året 2001 fekk stor merksemd. Denne statistikken syner oss ikkje kva som er gode eller mindre gode oppslag for mållaget eller målsaka. Han gjev berre eit generelt bilete av kor mange saker det vert laga der nynorsk, sidemål, Noregs Mållag, Ivar Aasen, Aasentunet, Landssamanslutninga for nynorskkommunar eller Norsk Målungdom vert nemnde.

Presseklipp frå Observer

	2003	2002	2001	2000	1999
Januar	188	230	463	215	203
Februar		182	264	391	316
Mars		228	381	446	284
April		346	374	263	256
Mai		273	324	288	178
Juni		219	476	391	235
Juli		112	362	339	232
August		147	350	485	290
September		171	292	472	283
Oktober		437	259	411	283
November		258	389	359	273
Desember		122	260	195	252
Samla	188	2725	4 194	4 255	3 085

Pressemeldingar

Ein av dei viktige grunnpilarane i pressearbeidet er å lage pressemeldingar. Desse vert sende til om lag 180 pressekontaktar over heile landet. Noregs Mållag har frå 15. mars 2002 til 22. februar 2003 sendt ut 28 pressemeldingar. Dei hadde desse titlane:

- Landsmøte i Noregs Mållag i Oslo, 23.04.02
- Pressekonferanse om landsmøtet i Noregs Mållag, 25.04.02.
- Mållaget svært misnøgd med regjeringa sin IT-innsats, 25.04.02.
- Nynorsk barnelitteraturpris til Torvald Sund, 26.04.02.
- Nynorsk litteraturpris til Ragnar Hovalnd, 26.04.02.
- John G. Bernander taler til landsmøtet i Noregs Mållag, 26.04.03.
- Målblome som takk for nynorske førarkort!, 27.04.02
- Krev nynorsk av Bernander, 27.04.02.
- Målprisen 2002 til Ivar Kari Medaas, 27.04.02.

- Vidar Lund ny leiar i Noregs Mållag, 28.04.02
- Mållaget støt palestinsk stat, 28.04.02.
- Staten må hindra nynorsk lærebokkrise, 28.04.02.
- Aksjon for nynorske lærebøker: – Gje oss bøkene våre, Cemet!, 30.04.02.
- – Norsk språkråd på ville vegar, 15.05.02.
- Gjev www.prinsessa.no som bryllaupsgåve, 22.05.02.
- Verdsbanken trugar kultur mangfaldet, 13.06.02.
- – Skandale å skvise løyvinga til kunnskapsportal på Internett, 14.06.02
- – Nei til nedlegging av distriktssendingar!, 02.07.02.
- Mållaget nøgd med kulturministeren i NRK-saka, 27.08.02.
- Noregs Mållag krev samisk på rikssendingane, 02.10.02.
- Utdanningsbudsjett utan nynorskprofil, 03.10.02.
- Til påstandar om overrapportering av medlemmer og kurs hos Norsk Målungdom, 09.10.02
- – Avgjerande datasiger for nynorsken!, 05.11.02
- Nøgd med NRK-vedtak, 09.01.03
- Landsdekkjande kommersiell radio – også på nynorsk, 13.01.03.
- Krav om nynorsk språkkonsulent, 17.01.03.
- Nei til privatisering av nynorsknormeringa, 12.02.03
- Glokalisering og utfordringane for norsk kulturpolitikk, 13.02.03.
- Mållaget nøgd med normeringsvedtak, 17.02.03.

Lesarbreve

Talet på lesarbreve har gått noko opp i denne årsmeldingsperioden. Det har blitt sendt ut ein mal for lesarbreve til lokallaga i forkant av aksjonsdagen for barne- og ungdomskultur. Noregs Mållag veit at det vert skrive mange lesarbreve mellom medlemene og lokallaga våre. Oversynet under gjeld berre lesarbrevmalar frå skriarstova og lesarbreve førte i pennen av leiaren. Lista viser dei lesarbreva som har kome på trykk.

- Les Karius og Baktus på nynorsk! (lesarbrevmal), april 2002
- Kan nynorsken redde distrikta?, Nationen, april 2002
- Vit og uvit, Dagsavisen, mai 2002
- Målet er for alle!, Dagsavisen, juni 2002
- Det er verre enn Veiden trur, Morgenbladet, juni 2002.
- Språkleg valfridom er eit offentleg ansvar, september 2002 (trykt i 23 aviser)
- Modig minister, Dagbladet, september 02

Pressearbeidet knytt til landsmøtet

Observer Noreg as registrerte om lag 170 treff før, under og etter landsmøtet. I 2001 på Bryne var det 193 treff, medan det i Bergen i 2000 var 270 treff. I 1999 var det 155 treff.

Oppslaga var fordelt på aviser, radio, nettaviser og tekst-tv. Observer Noreg as meiner dei klarer å fange opp om lag 80 % av oppslaga i media. Av dei om lag 167 klyppa som er registrerte, er 98 notisar utan bilete og 15 notisar med bilete. Det er 13 artiklar utan bilete, medan det er 26 artiklar med bilete. Det var seks radioinnslag totalt. Inkludert Søndagsavisen, og NRK Dagsnytt som melde utdelinga av Målprisen 2002 til Kari og Ivar Medaas. Etter suksessen frå i fjor med eigenproduserte artiklar med bilete, var dette gjort i år òg med tittelen Til kamp for nynorsken. Det vart laga 20 intervju som vart sende til om lag 40 lokalaviser. I år fekk vi 15 artiklar i diverse lokalaviser ut frå intervju. Dette er ein framgang frå 10 oppslag i fjor. Det vart sendt ut elleve pressemeldingar knytte til landsmøtet.

Norsk Tidend

Norsk Tidend er ein viktig kontakt mellom Noregs Mållag og medlemene, nynorskfolk og dei politiske miljøa. Norsk Tidend kom ut med eitt nummer på våren etter landsmøtet og tre nummer hausten 2002. Til saman vart det gjeve ut fem nummer i 2002, i tråd med utgjevsplanen.

Norsk Tidend og Møtmæle har skipa til eitt journalistkurs i perioden. Det var i Bergen i samband med Vinterseminaret 2003. I perioden har det vore ein fast redaksjon i Oslo, dessutan har det vore tre faste skribentar i Trondheim og på Vestlandet. I tillegg har det vore kjøpt inn tekstar og bilete frå journalistar knytt til mellom anna lokalaviser og NPK.

Stoffprofilen til Norsk Tidend er å følgje opp dei viktigaste politiske sakene til Noregs Mållag, i tillegg til å dekkje organisatoriske lyft. Ved sida av dette har det vore viktig å dekkje saker og stoffområde som folk innanfor målørsla er opptekne av.

Nytt om nynorsk

Nytt om nynorsk er ikkje kome ut i perioden. Noko av grunnen til dette er at ein har prioritert å lage mange gode og fyldige lagssendingar, i tillegg til at Norsk Tidend kjem ut etter utgjevsplan. Nytt om nynorsk skal ikkje leggast ned, og det kjem nye nummer i komande arbeidsår.

Heimesidene til Noregs Mållag

Nettsidene til Noregs Mållag, www.nm.no, er både ei intern og ekstern informasjonssatsing. Nettsidene skal vere ein stad ein kan få oppdatert informasjon om Noregs Mållag, både for dei som arbeider med målsak jamleg og for dei som

tilfeldigvis er inno. Informasjonen om organisasjonen og dei sakene Noregs Mållag arbeider med, har gradvis vorte bygd ut. Særleg legg vi vekt på å få ut aktuell informasjon (medieoppslag, pressemeldingar, høyringsfråsegner og andre aktuelle dokument).

Det er til no arbeidd mindre med å leggje ut meir tidlaus bakgrunnsinformasjon om nynorsken, målørsla og målstriden. Dette er ein type informasjon som Nynorsk kultursentrum vil leggje ut på www.aasentunet.no. Heimesidene til Noregs Mållag treng å få ei oppdatering både i form og innhald.

Nyhendesida www.nyhende.no

Denne nyhendesida var eit viktig forsøk på å utnytte klyppmengda som Noregs Mållag mottek. Tanken var at sida skulle presentere nyhende frå alle sidene ved nynorsk og målsak, medan www.nm.no er retta meir inn mot det arbeidet samskipnaden driv. Sida kom i vanleg drift i januar og vart lagt ned att i mai, då det gjekk mot slutten av engasjementet til sivilarbeidaren som arbeidde med nyhendesida.

Materiellproduksjon

Noregs Mållag har dei siste åra auka materiellproduksjonen. Det gjeld både salstilfang og materiell til utdeling. Salstilfanget har vorte godt motteke og inntektene har finansiert nye opplag av tilfang. I 2002 har ein laga noko heilt nytt materiell, i tillegg til nytrykk av tidlegare tilfang. Den viktigaste nyvinninga er heftet «Kvifor nynorsk?», der det står kort om organisasjonen og målpolitiske saker. Heftet høver godt som ei innføring i målsaka til nye og potensielle medlemmer.



Tillitsvalde, tilsette og oppnemnde

Heiderslagsmedlemer

Heiderslagsmedlemer i Noregs Mållag er no Ivar Eskeland, Torolv Hesthamar, Olga Meyer, Einfrid Perstølen og Magne Rommetveit.

Styret og arbeidsutvalet

Styre og arbeidsutval i arbeidsåret 2002-2003 har vore:

Fram til 14. oktober (då styret innvilga permisjon for leiaren):

Leiar: Vidar Lund, AU

Nestleiar: Håvard Teigen (AU)

Styremedlemer: Rutt Trøite Lorentzen (AU), Endre Otto Brunstad, Sigrun Høgetveit Berg, Astrid Marie Nistad, Astrid Dypvik (NMU).

Varamedlemer: 1. Steinulf Tungesvik, 2. Eldbjørg Skaug, 3. Anne Steinsvik Nordal, 4. Karstein Bjørge, Ragnhild Bjørge (NMU), Erlend Hovland (NMU).

Etter 14. oktober:

Fungerande leiar: Håvard Teigen (AU)

Fungerande nestleiar: Sigrun Høgetveit Berg (AU)

Styremedlemer: Endre Otto Brunstad (AU), Astrid Marie Nistad (vara AU), Rutt Trøite Lorentzen, Steinulf Tungesvik, Erlend Hovland (NMU)

Varamedlemer: 1. Eldbjørg Skaug, 2. Anne Steinsvik Nordal, 3. Karstein Bjørge

Rutt Trøite Lorentzen har hatt permisjon frå styremøta i perioden 27. november – 27. mars, grunna utanlandsopphald i samband med arbeidet sitt, og varafolka har difor rykka ein plass opp i denne tida.

I kjølvatnet av saka om medlemsjuks i Norsk Målungdom, valde den faste representanten og 1. vara frå NMU å melde forfall til møta i den perioden saka er under etterforskning.

Styret vil ha hatt 9 møte og handsama om lag 95 saker når arbeidsåret er over. Eitt av møta var eit omframst styremøte i samband med saka om medlemsjuks i Norsk Målungdom og eit anna møte var eit telefonmøte for å vedta høyringsfråsegn til Norsk Språkråd i normeringsaka. Dei viktigaste sakene i arbeidsåret har vore kulturpolitisk program og kulturmeldinga, læremiddelarbeidet, nynorsk programvare, distriktskontor til NRK, organisasjonssettinga, normeringa av nynorsken, vidareføring av målreising 2005 (Norsk målsoga) og NMU-saka. Styret har arbeidd godt i lag i arbeidsbolken.

AU har hatt tre ordinære møte og handsama om lag 25 saker når arbeidsåret er omme. Arbeidsutvalet vart omorganisert og gjort til eit meir arbeidande utval etter endringane i haust der ein ikkje lenger hadde frikjøpt leiar. Frå midten av oktober har AU hatt telefonmøte kvar veke. AU har tradisjonelt brukt mest tid på økonomisakene, men har i siste halvdel av arbeidsåret også vore tungt inne i dei politiske sakene og hatt førebuingansvar til styremøta.

Leiaren var løna i 80 prosent stilling fram til 14.



Styret i Noregs Mållag: Endre Otto Brunstad, Sigrun Høgetveit Berg (fung. nesleiar), Håvard Teigen (fung. leiar), Rutt Trøite Lorentzen, Vidar Lund (leiar fram til 14. okt.), Astrid Dypvik (fram til 14. okt.) og Astrid Marie Nistad.

oktober. Arbeidsutvalsmedlemene som har arbeidd frå oktober, har motteke ei symbolsk godtgjering for innsatsen. Styremedlemene har elles ikkje motteke godtgjersle for den tida dei har brukt på verva sine.

Landsrådet

Landsrådet har hatt to møte i perioden; i august og i januar. Dei viktigaste sakene har vore normeringa av nynorsken, kulturpolitisk program og kulturmeldinga, organisasjonssatsinga, kommune- og fylkestingsvalet i 2003 og evaluering av landsrådet. Det er heilt tydeleg at landsrådsmøta har byrja finne ei form som er tenleg for fylkesleiarane og styret. Landsrådet sjølv er svært godt nøgd med møta, særskilt når det vert drøfta saker som gjev råd og tips om korleis målpolitiske utfordringar kan drivast i eige fylke. Landsrådet er i dag eit svært viktig organ for kontakten mellom sentralleiinga og grunnorganisasjonen, og ei viktig inspirasjonskjelde for fylkeslaga.

Valnemnda

Valnemnd i arbeidsåret har vore:

Leiar: Svein Ivar Angell

Medlemmer: Marit Fjordheim, Sigrun Skjesol, Arne Skuterud, Inger Johansen (NMU)

Varamedlemmer: 1. Hege Myklebust, 2. Audun Steinnes, 3. Kjell Snerte, Ragnhild Ås (NMU), Tarjei Vågstøl (NMU)

Hege Myklebust søkte permisjon frå vervet i oktober i samband med NMU-saka.

Skrivarstova

Tilsette i arbeidsåret har vore:

Dagleg leiar: Gro Morken Endresen (50 % fødselspermisjon til 21. mai)

Økonomikonsulent: Berit Krogh



Tilsette i Noregs Mållag i 2002 og 2003:

Fyrste rad: Gro Morken Endresen, Berit Krogh, Ingar Arnøy, Hege Lothe og Magnus Bernhardsen.

Andre rad: Else Elise Sætre Bullus, Trond Sæbø Skarpeteig, Eva Marie Mathisen, Tarjei Vågstøl og Ragnhild Bjørge (arbeidde med svartelista).

Informasjonskonsulent: Hege Lothe

Skulemålsskrivar/vestlandsskrivar: Ingar Arnøy

Organisasjonskonsulent: Magnus Bernhardsen

Reiseskrivar: Trond Sæbø Skarpeteig (frå 1. august)

Førstesekretær: Else Elise Sætre Bullus (50%)

Kontormedarbeidar: Eva Marie Mathisen (50 %, 1. januar til 30. april)

Læremiddelkonsulent: Ragnhild Bjørge (korttidsengasjement i samband med svartelistejobbet)

Sivilarbeidar: Tarjei Vågstøl (til 9. august)

Meldingsåret har vore prega av at dagleg leiar har vore i halv stilling i vårhalvåret og at ein ikkje har hatt frikjøpt leiar sidan oktober. Talet på ordinære årsverk har difor vore noko lågare enn vanleg, samstundes som organisasjonssatsinga er sett i verk med ei ny stilling frå 1. august. Vestlandsskrivarstillinga har ikkje tilført Noregs Mållag ny arbeidskraft sidan ho er oppretta ved ei omorganisering av arbeidsoppgåvene til skulemålsskrivaren.

Styret er klår over at det har vore eit høgt arbeidspress på skrivarstova grunna den særskilde stoda Noregs Mållag har vore i det siste året. Dei tilsette skal likevel ha stor ros for å ha greidd å gjennomføre mykje av aktiviteten og halde pågangsmotet oppe i denne situasjonen.

Styret har ikkje tilsett skulemålsskrivar i den ledige halve stillinga i arbeidsåret. Vurderingar av økonomien for 2003 og omfanget av skulemålsskrivararbeidet det siste året har lagt til grunn for avgjerda. Styret har vedteke at stillinga skal vere på plass frå 1. september 2003.

Nemnder og utval

Lista gjev eit oversyn over nemnder, utval og representasjon i Noregs Mållag for arbeidsåret 2002-2003. Funksjonsperioden står bak namnet. I dei tilfella der det har vore ny oppnemning i årsmeldingsperioden, står både den som har vore og den som er representant no. Reint mellombelse arbeidsnemnder og halvformell representasjon er ikkje ført opp. Lista har berre

med dei representantane Noregs Mållag har oppnemnt. Oppnemningane er gjorde av styret, eventuelt av AU, leiar eller dagleg leiar etter fullmakt frå styret. Styret har følgd regelen om at ingen skal ha eit verv i meir enn åtte år.

Nemnd for nynorsk barnelitteraturpris

Beate Storm Larsen, 02-05

Trude Hoel, 03-06

Idar Stegane, 03-06

Nemnd for nynorsk litteraturpris

Sylvie Penne, 00-03

Fondet for norsk målreising

Kari Bjørke, 99-01, 01-03 (leiar)

Rudolf Vik, 96-98, 99-01, 01-03

Håvard Teigen, 01-03

Norsk Språkråd

Oddrun Grønvik, 00-04

vara: Turid Kleiva, 00-04

Johan Myking, 00-04

vara: Tor Erik Jenstad, 00-04

Rådet for nynorsk kultursentrum

Grete Riise, 01-04

Vara: Steinulf Tungesvik, 01-04

Stiftinga Magasinett

Ingeborg Mjør (leiar), 00-03

Erna Osland, 01-04

Elling Hetland, 01-04

Rådet for Norsk Barneblad

Johs. Bleie, 97-99, 99-01, 01-03

Åse Elin Langeland, 97-99, 99-01, 01-03

Vara:

1. Gro Morken Endresen, 97-99, 99-01, 01-03

2. Inga Lauvdal, 97-99, 99-01, 01-03

Styret for Norsk Barneblad

Marit Fjordheim, 95-97, 97-99, 99-01, 01-03

Vara: Lise Lunde Nilsen, 95-97, 97-99, 99-01, 01-03

Stiftinga Pirion

Kari Bjørke 01-03

Målpolitisk råd for Det Norske Teatret

Rutt Trøite Lorentzen, 01-03

Ann Elise Winterhus, 99-01, 01-03

Hans Olav Brendberg, 98-00, 00-02, 02-04

Magni Øvrebotten, 02-04

Anne Nordal Steinsvik, 98-00, 00-02, 02-04

Vara:

Nils Moldøen, 01-03

Morten Espeland, 98, 99-01, 01-03

Nynorsk pressekontor

Rita Tveiten 99-01, 01-03

Vara: Oddbjørg Starrfeldt, 99-01, 01-03

Einar Schibeavaag, 02-04

Vara: Sigrun Høgetveit Berg, 00-02, 02-04

Halldor O. Opedals fond

Mona Stormark 00-04

Vara: Torolv Hesthamar 00-04

Sandefjord og Sandar Mållags legat

Håvard Teigen, 99-01, 01-03

Akademifondet i Rauland

Rune Christenson 99-03

Vara: Ågot Jordstøyl 03-07

Oslo Nye Sparebanks Fond

Tor O. Bergum 97, 98-01, 01-04

Vara: Sveinung Helgheim 97, 98-01, 01-04

Anne Røflo Longva og Alf Andre Longvas fond

Håvard Teigen, 02-04

Vara: Toril Nicolaisen, 02-04

Vestmannafondet

Sissel Anny Hjelmtveit, 98-

Styret i Folkekulturforbundet

Magnus Bernhardsen, (3. vara) 01-02, 02-03



Gro S. Ihler og Jens E. Isachsen fekk Målblome på landsmøtet i Oslo som takk for at Millom bakkar og berg pregar dei nye førarkorta frå Statens vegvesen.

Foto: Hege Lothe

Reiseverksemda

Lista viser dei møta som styremedlemer eller tilsette i Noregs Mållag har delteke på i tidsrommet 21.3.02-22.2.03. Styremøte og mindre møte er ikkje tekne med, heller ikkje interne arbeidsmøte og møte med NMU sentralt. Representantane for Noregs Mållag har halde innleiingar, talar, helsingar eller orienteringar på dei fleste møta som er oppførde. Så godt som alle lokallag og fylkeslag som har bede om det, har fått vitjing.

Dato	Stad	Tilskipping	Representant
09.04.	Oslo	Møte med Forleggjarforeininga	Hoel, Lund
10.04.	Sogndal	Årsmøte i Sogndal Mållag	Hoel
15.04.	Tlf.	Styremøte i Magasinett	Hoel, Endresen
16.04.	Skien	Lagsmøte i Mållaget Dag	Bernhardsen
22.04.	Oslo	Nynorsk kurs. Mediemållaget og Studentmållaget i Oslo	Lothe
22.04.	Oslo	Møte med Læringssenteret	Hoel, Lund
22.04.	Oslo	Møte med Forleggjarforeininga	Hoel, Lund
25.04.	Oslo	Nynorsk forum	Hoel, Endresen
02.05.	Oslo	Læremiddelaksjon, overrekking av opprop til statsråd Clemet	Lund, Lothe
04.05.	Oslo	Landsstyremøte i Norsk Målungdom	Lund
06.05.	Klepp	Møte om parallellklasserett/Forsøk i Klepp kommune med Klepp og Sandnes Mållag og Rogaland Mållag	Arnøy
06.05.	Oslo	100-årsjubileum Bymålslaget	Lund
06.05.	Stavanger	Møte med Rogaland Mållag, om arbeidet på Vestlandet	Arnøy
13.05.	Oslo	Introduksjonsmøte med Sigvald Oppebøen Hansen (Løvebakken mållag)	Lund
21.05.	Fræna	Møte med Romsdal Mållag (skulemål)	Arnøy
22.05.	Fræna	Informasjonsmøte for foreldre, parallellklasse	Arnøy
23.05.	Oslo	Sluttkonferanse prosjekt vaksenopplæring for innvandrara (Vox)	Lund, Arnøy, Ottne
23.-26.05.	Ørsta	Årsmøte Norske Lagsbruk	Steinsvik
28.05.	Sandnes	Møte med Sandnes Mållag (skulemål)	Arnøy
29.05.	Stavanger	Møte med Stavanger Mållag (skulemål)	Arnøy
01.06.	Sola	Møte med Sola Mållag (skulemål/lagsbygging)	Arnøy
20.-23.06.	Ørsta Volda	Dei nynorske festspela	Lund, Teigen, Lorentzen, Endresen, Lothe
02.-07.07.	Frosta	Sumarleir Norsk Målungdom	Lund
05.-07.07.	Beitostølen	Folkedansfestivalen 2002 (landsstemne og årsmøte i NU)	Lund
16.07.	Oslo	Møte med Norsk Bibliotekforeining	Lund
05.08.	Tingvoll	Tingvoll Mållag, offensiv skulemålsrøysting	Arnøy
07.08.	Oslo	Møte om læremiddelstoda med utdanningskomiteen, Læremiddelsenteret og Elevorganisasjonen.	Lund, Bjørge
14.08.	Oslo	Haustlansering Det Norske Samlaget	Lund, Lothe
20.08.	Ørsta	Møte, kontaktgruppa for Nynorsk i IKT-opplæringa	Lund
22.08.	Oslo	UFD, møte med statssekretær Helge Ole Bergesen	Lund, Endresen,
24.08.	Evje	Sørlandet i 100 – indre Agder (Evje og Hornnes Mållag)	Sæbø Skarpeteig
29.08.	Oslo	Nynorsk forum	Lund
7.09.	Ås	Fylkesstyremøte Vikværingen	Sæbø Skarpeteig
10.09.	Oslo	Medlemsmøte i Oslo Mållag	Lund
16.09.	Vegårshei	Fellesmøte med Gjerstad, Åmli og Vegårshei Mållag om	

		organisasjonssatsinga	Sæbø Skarpeteig
17.09.	Oslo	Møte med Morten Søberg om utarbeiding av statistisk materiale over skulemålsrøystingar	Lund, Endresen, Arnøy
17.09.	Valle	Fellesmøte med Bygland, Bykle og Valle Mållag om organisasjonssatsinga	Sæbø Skarpeteig
18.09.	Grimstad	Møte med Landvik Mållag om landsmøtet	Sæbø Skarpeteig
19.09.	Åseral	Fellesmøte med Grindheim, Tingvatn og Åseral Mållag om organisasjonssatsinga	Sæbø Skarpeteig
20.09.	Åmli	Møte med Arbeidsutvalet (AU) for organisasjonssatsinga på Agder	Sæbø Skarpeteig
21.09.	Stalheim, Voss	Skiping av Sivle-selskapet	Lund
24.09.	Oslo	Møte med Dag og Tid om samarbeid	Endresen
27.09.	Steinkjer	Steinkjer ungdomsskule	Sæbø Skarpeteig
27.09.	Sparbu	Møte med Sparbyggjen Mållag	Sæbø Skarpeteig
28.–29.09.	Stiklestad	Lagssamling Trønderlaget	Sæbø Skarpeteig
03.10.	Seljord	Fylkesstyremøte Telemark Mållag om organisasjonssatsinga	Sæbø Skarpeteig
08.10.	Volda	Møte med Sunnmøre, Volda, Ørsta, Giske, Herøy og Borgund Mållag og Nynorsk kultursentrum om organisasjonssatsinga	Sæbø Skarpeteig, Arnøy
10.10.	Rollag	Møte med nynorsktilhengarar og Rollag Mållag om røystinga	Sæbø Skarpeteig
15.10.	Oslo	Nynorsk forum	Teigen, Endresen
15.10.	Ås, Akershus	Lagssamling i Vikværingen om internettet	Sæbø Skarpeteig
18.10.	Tromsø	Kongsbakken vgs.	Sæbø Skarpeteig
18.10.	Tromsø	Tromsø Mållag lagsmøte	Sæbø Skarpeteig
19.10.	Tromsø	Lagssamling i Troms og Finnmark Mållag om organisasjonssatsinga	Sæbø Skarpeteig
21.10.	Evje	Fylkesstyremøte Aust- og Vest-Agder Mållag	Sæbø Skarpeteig
22.10.	Kristiansand	Styremøte i Mållaget i Kristiansand	Sæbø Skarpeteig
23.10.	Grimstad	Møte med landsmøtehotellet og Landvik Mållag	Endresen, Sæbø Skarpeteig
25.–26.10.	Bygland	Hautseminar Agder	Høgetveit Berg, Sæbø Skarpeteig
29.10.	Rollag	Skulevitjingar Rollag og Veggli usk.	Sæbø Skarpeteig
01.–03.11.	Stord	100-årsjubileum Stord Mållag: <i>Nynorsk skriftmålsseminar</i>	Brunstad, Sæbø Skarpeteig, Lothe, Bernhardsen
09.11	Surnadal	Fylkessamling Nordmøre	Sæbø Skarpeteig
11.11.	Oslo	Audun Heskestad 60 år, Forlagsmarkering	Endresen
11.11.	Trondheim	Ope møte i Studentmållaget i Nidaros	Sæbø Skarpeteig
18.11.	Grimstad	Møte med Landvik Mållag om landsmøtet	Sæbø Skarpeteig
20.11.	Evje	Fylkestyremøte Aust- og Vest-Agder Mållag	Sæbø Skarpeteig
21.–22.11.	Sand	Konferanse Lokal kulturkapital (Norsk plan)	Teigen
23.11.	Oslo	Landsmøte Nei til EU	Tungesvik
26.11.	Kolbotn	Kulturkveld i Follo Mållag	Lothe
28.–29.11.	Oslo	Seminar om nynorsk skriftkultur (Norsk Språkråd)	Brunstad
28.–30.11.	Oslo	Globaliseringskonferansen	Bernhardsen, Lothe
09.12.	Bodø	Møte med Saltvern skole, Bodø skulekontor Møte om sidemålsforsøk	Arnøy
13.12.	Trondheim	Møte om parallellklassearbeid	Arnøy
20.12.	Kristiansand	Møte i Arbeidsutvalet for Mållaga på Agder	Sæbø Skarpeteig

14.01.	Stavanger	Styremøte i Rogaland Mållag	Arnøy
15.01.	Sandnes	Møte med Sandnes kommune om parallellklassar	Arnøy
15.01.	Åmli	Fylkesstyremøte i Aust- og Vest-Agder	Sæbø Skarpeteig
16.01.	Kvinesdal	Møte med aksjonsgruppa for nynorsk skulemål i Austerdalen	Sæbø Skarpeteig
16.01.	Voss	Styremøte i Voss Mållag	Arnøy
18.01.	Oslo	Landsstyremøte i NMU	Lothe
26.01.	Kristiansund	Atlanten vidaregåande skule, sidemålsforsøk	Arnøy
27.01.	Tingvoll	Årsmøte i Tingvoll Mållag	Arnøy
27.01.	Hjartdal	Oppstart av Hjartdal Mållag	Sæbø Skarpeteig
28.01.	Fyresdal	Oppstart av Fyresdal Mållag	Sæbø Skarpeteig
28.01.	Os	Årsmøte i Os Mållag	Arnøy
29.01.	Tokke	Vest-Telemark vidaregåande skule, Dalen	Sæbø Skarpeteig
29.01.	Nissedal	Oppstart av Nissedal Mållag	Sæbø Skarpeteig
29.-30.01.	Bergen	Møte med Hordaland Mållag, BUL Bergen og Hordaland Ungdomslag	Endresen, Arnøy
30.01.	Drangedal	Oppstart av Drangedal Mållag	Sæbø Skarpeteig
03.02.	Balsfjord	Nordkjosbotn vidaregåande skule	Sæbø Skarpeteig
03.02.	Ås / Drøbak	Møte med skular om sidemålsforsøk	Arnøy
04.02.	Målselv	Bardufoss og Høgtun vidaregåande skular	Sæbø Skarpeteig
04.02.	Målselv	Årsmøte i Målselv Mållag	Sæbø Skarpeteig
04.02.	Kristiansand	Møte om sidemålsforsøk	Arnøy
05.02.	Harstad	Årsmøte i Harstad Mållag	Sæbø Skarpeteig
06.02.	Harstad	Heggen vidaregåande skule	Sæbø Skarpeteig
06.02.	Oslo	Informasjonsmøte om fjernsynsprosjektet «Åpen kanal»	Endresen, Lothe
06.02.	Tromsø	Årsmøte i Tromsø Mållag	Sæbø Skarpeteig
07.02.	Tromsø	Tromsdalen vidaregåande skule	Sæbø Skarpeteig
09.02.	Knarvik	Årsmøte i Alversund Mållag	Arnøy
10.02.	Levanger	Levanger lærarskule og Skogn skule om sidemålsforsøk	Arnøy
11.02.	Trondheim	Årsmøte i Nidaros Mållag	Arnøy
12.02.	Åndalsnes	Åndalsnes ungdomsskule om sidemålsforsøk	Arnøy
12.02.	Isfjorden	Ope informasjonsmøte om parallellklassar	Arnøy
13.02.	Haugesund	Vardafjell vgs. om sidemålsforsøk	Arnøy
13.02.	Haugesund	Årsmøte i Haugesund mållag og ungdomslag	Arnøy
14.-15.02.	Bergen	Årsmøte i Hordaland Mållag	Arnøy
17.02.	Oslo	Årsmøte i Mediemållaget	Lothe
18.02.	Hægebostad	Årsmøte i Grindheim Mållag	Sæbø Skarpeteig
19.02.	Naustdal	Lagsmøte i Naustdal Mållag	Arnøy
19.02.	Oslo	Årsmøte i Oslo Mållag	Lothe
20.02.	Førde	Styremøte i Sogn og Fjordane Mållag	Arnøy
20.02.	Songdalen	Årsmøte i Songdalen Mållag	Sæbø Skarpeteig
21.-22.02.	Stavanger	Årsmøte i Rogaland Mållag	Arnøy

Økonomi

<i>Tal i 1000</i>	REK 99	REK 00	REK 01	LM-vedtak BUD 02	Styre-vedtak BUD 02	REK 02
INNTEKTER						
Sal av materiell	45	60	74	55	60	107
Lysingar og istikk	53	119	132	118	110	69
Tingingsinntekter	58	40	13	70	50	7
Pirion		16				
Kulturlotteri	399	350	292	370	260	288
Medlemspengar	1 893	1 951	1 930	2393	2 260	2 097
Organisasjonssatsinga						277
Studiearbeid	15	15	14	14	14	6
Møte-/seminarinntekter	239	211	303	220	190	136
Målgåver	675	688	752	625	680	765
Statstilskot	1 285	1 321	1 361	1380	1 402	1 402
Løyvingar og gåver	370	415	491	500	594	385
Andre lagsinntekter	55	51	49	50	50	54
Leigeinntekter		240	293	295	314	270
Ymse	55	29	32	20	112	239
Sum inntekter	5 142	5 506	5 736	6 110	6 096	6 102
KOSTNADER						
Materiell for sal	31	28	60	60	50	104
Trykkjekostnader	309	333	323	342	340	268
Kulturlotteri	74	67	53	85	75	56
Refusjon medlemspengar	429	448	470	440	450	500
Løn og honorar	2 061	2 182	2 084	2 300	2500	2 377
Organisasjonssatsinga				372		
Husleige og straum	534	580	617	615	622	620
Telefon (og porto)	113	137	91	90	82	94
Porto	423	458	532	450	510	475
Argus	75	123	69	70	60	60
Drifts- og kontorutgifter	376	438	310	375	415	338
Landsmøte/reise	521	652	124	155	110	110
Styre-/landsrådsmøte			105	165	180	181
Seminar/konferansar			226	120	110	
Andre møte og reiser			261	210	270	323
Løyvingar og gåver	49	36	38	50	50	46
Avskrivningar, tap på krav	120	125	114	40	40	52
Sum kostnader	5 115	5 607	5 477	5 939	5 864	5 604
Resultat før finanspostar	27	-101	259	171	232	498
FINANSPOSTAR						
Utbyte		39	58			1
Finansinntekter	102	98	99	140	140	107
Finansutgifter	-69	-69	-43	-60	-50	-46
Sum finanspostar	33	68	114	80	90	62
Ekstraord. inntekter		3				40
RESULTAT	60	-30	373	251	322	600

Økonomiarbeidet

Dei viktigaste inntektene for målrørsla både lokalt og sentralt er i dag knytte til årspengar, gåver, lotteri og sal av ymse artiklar, alt saman inntekter som i hovudsak kjem frå medlemene. Noregs Mållag er ein svært godt stilt organisasjon som har engasjerte, gåvmilde medlemmer, som er vane med å bere kostnadene ved organisasjonsarbeidet av eiga lommebok. Trass i dette, må vi berre innsjå at den interne pengesekken er avgrensa, og at gjevargleda i egne rekkjer truleg har ført til mindre kreativitet rundt eksterne midlar.

Det største potensialet for å tilføre heile organisasjonen meir pengar og dermed ein betre økonomi, ligg i dag gjennom målretta og grundig arbeid mot andre pengesekkar enn våre egne. Dette gjeld både sentrallækken og lokal- og fylkeslaga. Om alle nivå i organisasjonen kunne greie å opparbeide ein nokså god økonomi, vart det òg mykje meir målarbeid å få gjort. Og omvendt: den dårlege økonomien ein del stader ute i organisasjonen, vitnar gjerne om låg aktivitet.

Parallelt med at det offentlege Noreg legg ned og slår saman distriktskontor innan fleire sektorar, har Noregs Mållag gått den andre vegen og etablert eit distriktskontor. Vantande økonomisk grunnlag er i dag det største hinderet for å byggje ut organisasjonsapparatet, der arbeidsoppgåvene er mange og store nok til å kunne sysselsetje folk over heile landet. Eit arbeid for ei styrkt målrørsla og monaleg auka bruk av nynorsk på landsbasis for komande generasjonar, stiller krav til langsiktig tenking og eit godt økonomisk grunnarbeid på alle nivå i organisasjonen.

Kommentarar til rekneskapen

Rekneskapen for 2002 viser eit overskot på kr 600.000. Det var budsjettert med eit overskot på kr 261 000 som styret i seinare revisjon auka til kr 322 000. Driftsrekneskapen kom ut med eit overskot på kr 498 000, men finansinntektene, renter frå bankinnskott og renteinntekter frå Fondet for norsk målreising gjer at overskotet vart på kr 600 000. Grunna det gode årsresultatet vårt og den dårlege aksjemarknaden, har Noregs Mållag valt å ikkje ta ut avkastning frå Fondet for norsk målreising for 2002. Noregs Mållag har no ein positiv eigenkapital på 927 000. Det må då presiserast at Skrivarloftet (husværet i Schweigaardsgate 52) er bokført med kjøpesummen i 1992 medan marknadsverdien truleg er om lag fire gonger så høg.

Den langsiktige økonomiplanlegginga i styret har det siste året vore prega av planar om at Noregs Mållag skal kjøpe egne kontorlokale innan leigekontrakten vår går ut hausten 2005. Å byggje opp eigenkapital fram til det vert aktuelt å gjere ei slik skilsetjande investering, har vore ei viktig prioritering for styret. I tillegg må det nemnast at ei verdig og storfelt markering av 100-årsjubileet i 2006 ikkje kan gjennomførast utan at det vert lagt pengar i potten frå eigen pung.

Inntektene til Noregs Mållag står i hovudsak på tre pilarar: årspengar, andre medlemsinntekter og statsstøtte.

Statsstøtta er stabil og har vorte indeksregulert dei siste åra. Årspengane er i år høgare når auken til organisasjonssatsinga er teken med. Noregs Mållag har fått eit positivt signal frå medlemene sine, med at det er registrert få utmeldingar med bakgrunn i medlemspengeauken. For 2002 har det ikkje vore vesentleg nedgang i loddsalet og gjevargleda har òg vore stor.

Dei største sprekkane i høve til budsjettet kom i 2002 på postane tingingsinntekter, lysingar og løyvingar. Langt på veg skuldast det for lita tid sentralt til å gjere eit skikkeleg arbeid på desse felta. Å finne andre inntektskjelder som kan betre økonomien er framleis eit mål. Ei av årsakene til det gode resultatet, er m a at haustseminaret gjekk ut og ikkje vart erstatta med andre dyre tilskipingar.

I 2002 har det òg vore brukt mykje tid på å halde kontroll med budsjettet, slik at ein skulle vere sikra å nå det budsjetterte overskotet. Styret har prioritert denne oppgåva høgt, og ikkje minst har AU handsama økonomien på mest alle møta i 2002.

Materiell/varer for vidaresal

Posten gjeld sal av tilfang. Den største inntektskjelda i 2002 var profileringsmateriell.

Noregs Mållag laga mykje nytt materiell og noko vart sær populært. Elles har boksalet vore relativt bra.

Lysingar og istikk

Norsk Tidend kom ut med fem nummer i 2002. Noregs Mållag stod sjølv for annonsesalet. Resultatet var langt under budsjett og dimed slett ikkje så godt som vi hadde ønskt.

Tingingsinntekter

Tingingsinntektene gjekk ned også i 2002. Tingartalet på Norsk Tidend har gått jamt nedover i fleire år, og det har til no ikkje vore ei prioritert oppgåve å skaffe fleire tingarar. Det er ikkje gjort analysar av nedgangen, og dette må sjåast på i samband med økonomiarbeidet frametter. Styret har vurdert at tingarinntektene er så små at det vesentlege av arbeidsinnsatsen bør brukast på andre inntektskjelder i framtida.

Lotteriet

Lotteriet er tufta på frivillig sal ute i laga og direktasal frå skrivarstova. I 2002 selde laga 5 289 lodd, og medlemene kjøpte 11 494 lodd direkte frå skrivarstova. Det vart selt 16 783 lodd av 20 000. Salet var høgare enn forventet. Lotteriet vart avslutta 31.12.02.

Årspengar

Dei siste åra har Noregs Mållag hatt ei positiv utvikling i årspengane. Trass i ein liten nedgang i medlemstalet, vart summen høgare enn tidlegare år. Dette kjem i hovudsak av den vedtekne auken i årspengar for 2002, men også av høgare innbetalt gjennomsnittssum per medlem enn forventet i budsjettet. Det er overført 120 000 i medlemspengeinntekter til 2003. Pengane er øyremerkte organisasjonssatsinga og

er overførte fordi reiseskrivarane vart tilsette eit stykke ut i arbeidsåret 2002.

Organisasjonssatsinga

Summen her er teken frå årspengane. Det er talet på medlemmer og familiemedlemmer som er grunnlaget for utrekninga. Vedtaket på landsmøtet i 2001 var at kr 40,- frå hovudmedlemene og kr 20,- frå familiemedlemene skulle gå til organisasjonssatsinga.

Møte-/seminarinntekter

Denne posten inneheld landsmøteavgift.

Målgåver

Medlemene har også i 2002 gjeve gode gåver til arbeidet i rørsla. Landsmøteinnsamlinga i Oslo gav kr 8 158,50.

Andre lagsinntekter

Under denne posten vert lagsbruksavgifta frå Norske Lagsbruk ført.

Leigeinntekter

Leigeinntekter frå utleige av skrivarloftet (i Schweigaardsgt 52) og utleige av kontor til Atlantis og Kringkastingsringen.

Ymse inntekter

Posten inneheld inntektsføring av avsetning til lotterivinstar 2001, inntektsføring av premiefond til betaling av pensjonsforsikring, refusjon frå Agder for kostnadene med reiseskrivaren og ymse inntekter.

Løyvingar/gåver

Gåver/tilskot over kr 2 000 frå private:

Sandefjord og Sandar Mållag	35 000
Anne Raffo og Alf Andre Longvas fond	25 000
Overført til 2003	-12 353
Akademifondet	8 000
Oslo Nye Sparebanks Fond	17 000
Halldor O. Opedals fond	7 500
Marnar Mållag	30 000
Naumdøla Mållag	2 500
Troms og Finnmark Mållag	3 000
Nord-Møre Mållag	2 500
Hordaland Mållag	17 500
Sogn og Fjordane Mållag	5 000
Rogaland Mållag	15 000
Sveio Mållag	3 000
Karmsund Mållag	10 000
Radøy Mållag	5 000
Overført til 2003 – vestlandssatsinga	-14 000
Overført til 2003 – heile landet	-5 000
Sum, gåver/tilskot frå private	154 647

Offentlege tilskot:

Kyrkje-, utdannings- og forskingsdep.	200 000
Utanriksdepartementet, overført frå 2001	30 000

Sum, offentlege tilskot

230 000

Løn og administrasjon

Lønskostnadene fordeler seg på løn til tilsette og korttidsengasjerte, arbeidsgjevaravgift, sosiale kostnader, personalforsikringar, revisjonshonorar, honorar til innleiarar på kurs og honorar til skribentar i Norsk Tidend. Honorar til prosjektretta arbeid er òg ført her. Pensjonspremie som vart trekt av oppsparte midlar i premiefond knytt til pensjonsforsikringa, er òg kostnadsført her. Refusjon av sjukepengar er ført her. Eit detaljert oversyn over stillingar og tilsette står på side 31. Dagleg leiar er plassert i lønssteg 45 i statsregulativet. Leiar har vore løna i 80 % stilling i lønssteg 45 frå landsmøtet og til 14. oktober.

Lønskostnadene til organisasjonssatsinga er òg førte her. Det er ført eigen underrekneskap for satsinga, delt i Agder, Vestlandet og resten av landet. Rekneskapen viser at prosjekta mykje godt gjekk i balanse. Nokre få tusen kroner vil truleg kome til som inntekt i år, fordi ikkje utbetalt medlemspengerefusjon skal øyremerkast organisasjonssatsinga.

Husleige og straum

Posten inneheld husleige, straum, reinhald, forsikringar og ymse huskostnader. Husleige, straum og ymse kostnader til husværet i Schweigaardsg. 52 er òg førte her. Husleigeposten er bruttoført. Det vil seie at alle kostnader i samband med husvære kjem her, og alle inntektene kjem på leigeinntekter.

Telefon

Telefon- og internettkostnadene for 2002 er noko høgare enn budsjettert. Det kjem av at telefonutgiftene for reiseskrivarane er med i posten og at arbeidsutvalet frå og med midten av november har hatt telefonmøte stort sett kvar veke.

Porto

Posten inneheld utsending av 5 nummer av Norsk Tidend, portokostnader i samband med loddsal, utsendingar av medlemspengekrav og porto for all post som Noregs Mållag sender ut. Posten er vesentleg redusert jamført med rekneskapen for 2001. Det kan vere eit signal om at vi etterkvart får betalt for arbeidet med å leggje om mykje av kontakten mellom dei tillitsvalde til internett.

Refusjon av medlemspengar

Kr 50 000 av refusjonen av medlemspengane vart utbetalte i 2002. Etter landsmøtevedtak i 2002, er det no utbetaling av refusjon medlemspengar ein gong i året. Refusjonen skal utbetalast innan 1. februar året etter, i samband med avslutning av medlemsrekneskapen. Refusjon medlemspengar for 2002 er utrekna til totalt 500 000. Refusjon som ikkje vert utbetalt fordi laget ikkje stettar krava med å ha levert årsmelding m.m., vil seinare verte inntektsført under organisasjonssatsinga.

Driftsutgifter

Ein av dei største underpostane er leige av kopimaskin med driftsavtale. Maskina fungerer òg som felles skrivar for datamaskinene. Noregs Mållag skriv ut målgåvegiroane og ein del anna materiell på denne maskina. IT-kostnader, m.a. lisensar og kostnader til heimesida, er òg førte under denne posten. Ein annan stor utgiftspost er rekvisita som kopipapir, brevpapir, konvoluttar og anna driftsmateriell. Vedlikehald av Skrivarloftet kjem under denne posten.

Møte-/reiseutgifter

Desse postane inneheld møte- og reiseutgifter i samband med landsmøte, landsrådsmøte, styremøte og andre møte og reiser. I 2002 vart det ikkje arrangert haustseminar. Det er noko av grunnen til at reiseutgiftene er lågare enn tidlegare år. Organisasjonssatsinga starta i 2002, men har ikkje gjort så store utslag fordi ho ikkje har gått gjennom heile året.

Gåver og tilskot frå Noregs Mållag

Nynorsk litteraturpris	15 000
Nynorsk barnebokpris	15 000
Norsk Målungdom	15 000
Attac	1 000
Sum, gåver og tilskot	46 000

Avskrivningar/tap på krav

Nokre av investeringane på ombygging av kontora er aktiverte i 2000. Datautstyr og ombygging er avskrive med kr 38 977. Dette var siste året for avskrivning på datautstyr. Ombygginga blir avskreven over 5 år, same periode som Noregs Mållag har avtale om leigeinntekter for. Det står såleis 2 år att av avskrivingsperioden.

Finanspostar

Finansposten inneheld renteinntekter frå ymse bankkonti. Renteutgiftene inneheld renter på lån og gebyr. Renteinntektene har auka kraftig fordi vi gjennom heile året no har mykje meir pengar på konto enn tidlegare.

Ekstraordinære inntekter

Posten inneheld attendebetaling av momsutlegg på porto i perioden 1.07.01 – 30.06.02. Etter dei nye momsreglane vart det lagt moms på porto og kjøp av tenester (eksterne konsulentar, mellom anna revisortenester). Dette gav organisasjonane store ekstraavgifter. Etter søknad får ein attendebetalte ekstrakostnadene. Posten inneheld òg ei utbetaling frå Gjensidige Nor etter omdanninga frå gjensidig ått selskap til aksjeselskap. Det er verdien av tildelte aksjar i samband med denne omgjeringa som er utbetalt.



Mykje nytt tilfang frå Noregs Mållag: Kjølaskåpsmagnet, jakkemerke, nykelring, mansjettknappar, helsingkort, lodd, spel, konferansmappar og sitjeunderlag. Du kan tinge alt tilfanget, og mykje meir, frå skrivarstova eller på www.nm.no.

Balanse

BALANSE PR. 31.12	Notar	2001	2002
Eige			
Bank og post	1	264 451	993 825
Mellomrekning Fondet		66 894	897
Kundefordringar			67 750
Opptente inntekter	2	394 121	197 324
Materiell	3	91 809	83 717
Sum omlaufsmidlar		817 275	1 343 513
Luter	4	226 200	226 200
Partar i Fondet for norsk målreising		533 000	533 000
Bundne bankinnskott	5	198 050	198 050
Inventar	6	105 463	66 486
Husvære	7	326 070	326 070
Sum anleggsmidlar		1 388 783	1 349 806
Sum eige		2 206 058	2 693 319
Skuld og eigenkapital			
Leverandørar		379 207	91 707
Skuldige medlemspengar		353 346	461 020
Skuldige offentlege trekk/ avgifter og feriepengar		350 879	352 702
Anna kortsiktig skuld	8	173 246	286 243
Medlemspengar neste år			20 740
Sum kortsiktig skuld		1 256 678	1 212 412
Gjeldsbrevlån	9	269 154	205 818
Nedlagde/sovande lag		5 623	
Sum langsiktig skuld		274 777	205 818
Husfond	10	348 050	348 050
Sum fond		348 050	348 050
Eigenkapital pr 1.1.		-46 658	326 553
Årsoverskott/underskott		373 211	600 486
Sum eigenkapital		326 553	927 039
Sum skuld og eigenkapital		2 206 058	2 693 319

Notar

- 1) Av bank- og postinnskott er kr 94 231,- bundne til skattetrekk.
- 2) Opptente inntekter inneheld uteståande krav, m.a. løyvingar til organisasjonssatsinga som gjeld 2002, men blir innbetalt i 2003.

3) Lageret av profileringsmateriell og bøker. Alt er oppført med innkjøpsverdi.

4) Noregs Mållag har luter i:

		Kostpris	Bokf.verdi	Likningsv.
Det Norske Teatret	23 stk	11 200	0	0
Orkla A-aksjar	276 stk		16 200	32 844
Dag og Tid	250 stk	10 000	10 000	7 960
Bondeheimen AS	15 stk	75 000	75 000	99 315
Dag Bondheim AS	75 stk	75 000	75 000	0
Norsk Plan-Nynett	5 stk		50 000	17 982
Sum			226 200	158 101

Den verkelege verdien av lutane er usikker.

5) Bundne bankinnskott gjeld depositum for husleige i Kirkegt. 32 på kr 198 050.

6) Inventar:

Opphavleg verdi	867 317
Tilgang 1999	119 961
Tilgang 2000	183 417
Avskrive	-1 104 210
Verdi pr. 31.12.02	66 485
Avskrivning i år	38 977

7) Husvære i Schweigaards gate 52, Oslo.

Oppført verdi kr 326 070. Innkjøpt for kr 326 070 i 1992. Det var takst på husværet i Schweigaardsgt. i februar 1999. Marknadsverdien vart sett til 750 000 og låneverdi 650 000. Verdien har stige mykje også etter siste takst.

8) Kortsiktig skuld

Inneheld avsetjing til lotterivinstar og avsetjing til revisjonskostnader 2002. Det er òg overført midlar til organisasjonssatsinga i 2003 som ikkje blei nytta i 2002.

9) Gjeldsbrevlån - Hardanger Sparebank

Opphavleg lån frå 1995 til datautstyr	500 000
Overf. frå Gjensidige i 1997 (Schweig.gt.)	105 000
Rest pr. 31.12.02	205 818

Sparebanken Hardanger har trygd i Schweigaardsgt. 52 for lånet.

10) Husfondet består av

Depositum husleige	198 050
Luter i Dag Bondeheim AS, Skien og Bondeheimen AS, Flekkefjord	150 000
Sum husfondet	348 050

Noregs Mållag har stilt garanti for Norsk Målungdom på kr 100 000 til Den norske Bank.

Revisormelding for årsrekneskapen til Noregs Mållag

VARDENS REVISJONSKONTOR	Vardens Revisjonskontor as Statsautorisert Revisor
	Medlemmer av Den norske Revisorforening
	Øyvind Løvstad Statsautorisert revisor
	Per-Arne Auster Statsautorisert revisor

Til årsmøtet i
Norges Mållag

REVISORMELDING FOR 2002

Vi har revidert årsrekneskapen for Norges Mållag for regnskapsåret 2002 som syner eit årsoverskot på kr 600.488. Vi har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram. Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap og balanse. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret. Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med revisorlova og god revisjonsskikk. God revisjonsskikk krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som legg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimatar, og dessutan vurdering av innhaldet i og presensasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av forvaltningen av formua og rekneskaps- og intern kontroll-systema i selskapet. Vi meiner at revisjonen vår gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Vi meiner, ~~med utmatk~~ at

- ❖ årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit uttrykk for stiftinga si økonomiske stilling 31. desember 2002 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapskikk.
- ❖ leinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med god rekneskapskikk.
- ❖ opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halde fram er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Oslo den 24. februar 2003
VARDENS REVISJONSKONTOR AS
Per-Arne Auster
 Per-Arne Auster
 Statsautorisert revisor

Postadresse: Postboks 806 Sentrum 0104 Oslo	Besøksadresse: Skjervegt. 33 www.vardens.no	Telefon: 24 14 12 00 Telefax: 22 42 6772 Bankgr.no: 820001 04840	Foretaksregisteret NO 930 462 551 MVA e-post: vardens.revisjonskontor@vardens.no
---	---	--	---

Inga og GjØa Lutros legat

Kulturlotteriet 2002

Rekneskap

Renter 2002	32 896
Overført til Noregs Mållag	32 896

Balanse

Aktiva	
Bankinnskot	602 678
Passiva	
Legat	602 678

Rekneskap

Inntekter	
Loddsal	288 059
Sum inntekter	288 059

Kostnader

Vinstar	56 161
Trykking	30 933
Porto	29 223
Administrasjon	30 000
Gebyr	5 053
Sum utgifter	151 380

Overskot	136 679
-----------------	---------

Rekneskapen for Fondet for Norsk Målreising vart ikkje ferdig til årsmeldinga gjekk i trykken. Det skuldast at oppgåvene for verdipapir ikkje kom i tide.

Det var heller ikkje råd for revisor å få skrive ferdig revisjonsmeldingane for Inga og GjØa Lutros legat og Kulturlotteriet. Utsendingane vil få papira så snart dei er klære.

Norsk Målungdom

Norsk Målungdom arbeider både for å få fleire til å bruke nynorsk og for å tryggje rettane til dei som alt brukar språket. I denne perioden har NMU arbeidd mykje med språkleg rettferd og kommersialisering av ungdomskulturen. Sidan Rikets Tilstand i oktober har det viktigaste vore å halde oganisasjonen saman og driva kjernearbeidet vårt nesten utan pengar.

Redningsaksjon for parallellutgåveretten

Hausten 2002 var det 45 lærebøker som ikkje låg føre på nynorsk. Mellom desse var obligatoriske lærebøker til dei nye studieretningane Media og kommunikasjon og Sal og service. Det er to grunnar til dette: at det ikkje finst noko statleg oversyn over kva bøker som berre finst på bokmål og at staten har slutta å betale ut stønad til parallellutgåver.

Norsk Målungdom har arbeidd med denne saka våren og hausten 2002 på mange nivå. Det var ein aksjonsdag 2. mai der elevar frå Firda vidaregåande skule var i Oslo for å overrekke krav om lærebøker til utdanningsministeren. Etter sentrale og lokale aksjonar og møteverksemd med staten var ikkje problemet ordna til skulestart, og skulestartaksjonane hadde ulovlege lærebøker som tema.

Arbeidet gav resultat. No har Læringscenteret lyst ut stønad til parallellutgåver, og det ser ut til at dei kjem til å gje stønad til eitt eller to verk i alle fag på dei nye studieretningane. Dette er ein viktig siger. Den faste stønaden til parallellutgåver av lærebøker ser no ut til å vere på plass att.

Ei anna viktig sak er nynorsk data. No finst det kontorstøtteprogramvar for både Linux og Windows, det som krevst er at føresegnene til Opplæringslova vert endra, slik at skulane har plikt til å gje elevane kontorstøtteprogram på deira eige mål.

Ungdomskultur™

I år har NMU prioritert internasjonalt arbeid høgt. På landsmøtet i 2002 vedtok organisasjonen eit Internasjonalt program og å ha ein kampanje som tok utgangspunkt i programmet. Landsstyret vedtok å gjennomføre kampanjen Ungdomskultur™ som skulle byggje på desse hovudstolpane:

1. Over heile kloden vert kulturar einsretta og erstatta av ein angloamerikansk konsumkultur. Dette ynskjer Norsk Målungdom å arbeida mot.
2. Identitet er vorte ei vare. Gjennom produkta og reklamen spreier kommersielle selskap draumen om å vera ein del av ein liksom-global amerikansk-definert ungdomskultur, og budskapet er: «kjøper du denne skjorta, kjem du litt nærare».
3. Dette idealet utarmar kulturar ved at det legg ideala

og draumane til ungdom til ein heilt annan stad enn lokalsamfunnet ein lever i. Dette skaper passivitet, avmakt og gjer at fellesskapar forvirrar. Dette ser me òg i Noreg.

5. Alternativet til dette er å ta kontroll over kulturen sjølv. Det finst eit mangfald av måtar å gjera det på. Norsk Målungdom meiner at å fremja nynorsk er ein av dei aller viktigaste.
6. Språk er identitet. Språkval er identitetsval. Nynorsk og dialektar er ei motkraft mot einsrettinga. Å bruka nynorsk og dialekt syner omsut for norsk språk og tilhøyrse til heimstaden. Nynorsk er eit kulturuttrykk med røtene hjå folk flest i motsetnad til bokmål. Norsk Målungdom meiner difor at å skriva nynorsk er obligatorisk om ein vil fremja folkeskapt kultur mot konsernskapt, om ein vil fremja nasjonal eigenart mot global einsretting, om ein vil fremja lokale og nasjonale tradisjonar.

Kampanjen opna med ein aksjon i Oslo 19. september der folk fekk tilbod om å prøve den nye einsrettingsmaskina. Etterpå har lokallag hatt aksjonar og delt ut flygeblad, og mange har klistra klistremerke med Ungdomskultur™-varemerke på. Kampanjen gjorde Norsk Målungdom synlege og fekk fram ein naudsynt kritikk mot kommersialisering og einsretting av kulturen.

Fjersynsprogrammet Rikets tilstand skapte eit stort mediepress mot NMU, og mykje uvisse i organisasjonen. Det skapte òg uvisse om den økonomiske stoda til Norsk Målungdom frametter, då dei fekk signal om at dei ikkje kom til å få statsstønad. Organisasjonen meinte at det viktigaste var å halde fram arbeidet: skipe til kurs og leirar, reise på målferd og skipe lokallag. Elles har ein skore ned på alt: kutta løn, flytt og sagt opp avtalar med kopifirma og teleselskap. Det er no klart at NMU ikkje kjem til å få driftsstønad frå staten i 2003.

Trass i harde tider har organisasjonen halde seg på føtene og halde oppe aktiviteten, og det vil dei gjere i 2003 òg.



Sentralstyret og skrivekstova i Norsk Målungdom

Nærskylde tiltak

Dag og Tid

www.dagogtid.no

Dag og Tid AS gjev ut vekevisa Dag og Tid. Litteratur- og kulturstoffet held høg kvalitet, og innanfor dei litterære miljøa i Noreg er Dag og Tid ei mykje lesen avis. I fjor gav redaksjonen også ut ei forfattaravis om Alf Prøysen.

Dag og Tid kom i 2002 ut med 52 nummer i 50 utgåver. Opplaget i 2002 vart på 6591.

Selskapet driv òg forlagsverksemd. Både Ivar Aasen-almanakken og Nynorsk språknøkkel selde bra i 2002. Verksemda held til i Pilestredet 8 i Oslo.

Svein Gjerdåker er redaktør. Arne-Ivar Kjerland er disponent og Hans. H. Skei er styreformann i selskapet.

Noregs Ungdomslag

www.norung.no

Noregs Ungdomslag vart skipa i 1896 og arbeider for folkeleg opplysning på fullnorsk grunn og for samhold og samarbeid mellom ungdomen.

Organisasjonen er ein av dei mest allsidige kulturorganisasjonane i landet og har i overkant av 16 000 medlemmer i over 450 lokallag og 27 fylkeslag. NU er mellom anna den største folkedansorganisasjonen i landet med 350 grupper, den største amatørteaterorganisasjonen i landet med 150 grupper, den største kjeda av diskotek i landet med 80 diskotek og den største organisasjonen for kulturhus med 350 registrerte hus. Sjølv om mykje av aktiviteten i lokallaga er knytt til dei fire grunnsteinane dans, teater, bunads- og samfunnsarbeid, har ungdomslagsrørsla eit unikt mangfald i aktivitetar. I ungdomslaga har lokalsamfunna ein stad der ulike generasjonar møtest og saman tek vare på norsk kulturarv. I heile landet sit ungdomslag med store kulturhistoriske verdier.

Noregs Ungdomslag held til i same bygarden som Noregs Mållag og har ein del praktisk samarbeid med Mållaget. Ti lokallag er med både i Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag.

Noregs Ungdomslag arrangerer mellom anna Folkekulturfestivalen på Beitostølen 7. - 10. august (sjå www.folkekulturfestivalen.no) og, saman med Det Norske Teatret, Norsk Amatørteaterfestival i Oslo 23. - 25. mai (www.teaterfestival.no).

Leiar er Johan Einar Bjerkem, dagleg leiar er Marit Jacobsen.

Landssamanslutninga av nynorskkommunar

www.lnk-nytt.no

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) er

ei samanslutning av kommunar, fylkeskommunar og interkommunale tiltak og har som føremål å fremje nynorsk språk og kultur i offentleg verksemd. Organisasjonen har 102 medlemmer, av desse er 99 kommunar og fylkeskommunar.

Dei siste åra har arbeidet med nynorsk barnekultur og nynorsk og data vore prioritert. Eit anna viktig arbeidsområde er nynorskopplæring i det offentlege. LNK tilbyr for tida to større språkkurs for saksbehandlarar i kommunar og i stat administrasjonen, og har ein stab med flinke kurshaldarar som til saman dekkjer heile Noreg. LNK gjev ut LNK-avisa seks gonger i året. Elles arbeider organisasjonen nært saman med Noregs Mållag gjennom stiftinga Pirion. Stiftinga held kurs for tilsette i barnehagar og gjev ut avisa Pirion som er eit informasjonstilbod til tilsette i barnehagar.

Ordførar i Ørsta, Nils Taklo, er styreleiar i LNK, medan Vidar Høviskeland er dagleg leiar.

Det Norske Teatret

www.detnorsketeatret.no

Det Norske Teatret spela i 2002 i alt 890 framsyningar. Av desse var 232 på Hovudscenen, 161 på Scene 2, 84 på Prøvesalen, 11 laurdagsmatinear, 37 gjesteframsyningar i huset, 54 framsyningar på turné/oppøkjande og 311 andre arrangement. Samla publikumstal var 169.245. Tilskotet frå staten til teaterdrifta var 99 mill. kroner. Eigne inntekter



Ragnhild Saltun Fjørtoft las frå yndlingsdikta sine på dei tiande Nynorske Festspela i 2002. Foto: Hege Lothe

23 mill. kroner. Resultatrekneskapan syner eit overskot på 2 mill. kroner.

Ved utgangen av året hadde teatret 231 fast tilsette. Av desse var 36 deltidsstillingar. Til saman utgjer dette 214 årsverk. Berge Furre er styreleiar ved teatret, Vidar Sandem teatersjef og Nina Lorentzen er direktør.

Det Norske Samlaget

www.samlaget.no

Det Norske Samlaget er eit litteraturselskap, ein kulturpolitisk interesseorganisasjon skipa i 1868, og eit forlag, Stiftinga Det Norske Samlaget. Hovudoppgåva for Litteraturselskapet er å leggje tilhøva til rette for nynorsk bokutgjeving. Selskapet gjev ut tidsskriftet Syn og Segn som er det største allmennkulturelle tidsskriftet i Noreg. Tingar-talet i 2002 var 2490 mot 2495 året før. Forlaget gir også ut Bymålslagets tidsskrift Maal og Minne.

Forlaget gav i 2002 ut 194 titlar, fordelt på skjønnlitteratur for vaksne og barn, sakprosa for eit allment publikum og lærebøker til grunnskule, vidaregåande skule og høgare utdanning. 2002 vart eit svakt år for forlaget. Driftsinntektene med alle tilskot vart 62,1 mill.kr, og førebels årsresultat etter skatt vart eit underskot på meir enn 6 mill. kr. Det dårlege resultatet heng saman med sterk nedgang i salet av læremiddel til skolen og forverra rammevilkår og dyrare marknadstilgang på andre utgjevingsområde. Til saman fekk Samlaget 23 litterære prisar i inn- og utland. Forlaget selde 27 bokrettar til utlandet, fleire enn nokon gong tidlegare.



Wenche Øyen var festspelekonstar for Dei Nynorske Festspele 2002.
Foto: Hege Lothe

Blåmann Barnebokklubb vart lansert i september 2001, med oppstartstilskot på til saman 1,7 mill. kroner over tre år over Kulturdepartementets budsjett. Blåmann har samarbeidd med nynorsk-organisasjonane, skular og bibliotek om medlemsverving. Etter eitt års drift har han ca. 2400 medlemmer; mindre enn venta, men medlemene kjøper fleire bøker enn det bokklubben hadde rekna med.

Samlaget har lagt stor vekt på å arbeide for at det desentraliserte nettet med bokhandlarar vert halde oppe, og at bøker på nynorsk får gode nok sals- og distribusjonsvilkår. Endringane i bokbransjen gjer at Samlaget har måtta omstille og effektivisere drifta. Forlaget står overfor viktige strategiske val når det gjeld satsingsområde, storleik, organisering og distribusjon.

Ved årsskiftet 2001/2002 starta Selmer Bolig utbygginga av eigedomen til Samlaget i Trondheimsvegen 15. Forlaget har sidan januar 2002 halde til i mellombels lokale i Nydalen, og skal vere der til juli 2003, då forlaget flyttar tilbake i egne, nye lokale med gateadresse Jens Bjelkes gate 12. Postadresse, telefon m.v. er uendra.

Formann i styret for forlaget var Arve Thorvik og for Litteraturselskapet Kjellbjørg Lunde. Forlagssjef er Audun Heskestad.

Norske Lagsbruk

www.lagsbruk.no

Føremålet til Norske Lagsbruk er å vere eit tenesteapparat for forretningsverksemd og lagshusdrift i rørsla ved å formidle økonomisk stønad, idear og spisskompetanse til lokale utviklingsprosessar.

Det viktigaste arbeidet i 2002 har vore ei grundigare registrering av lagshus og tenester for desse.

Det er 15 medlemmer i Norske Lagsbruk, medrekna Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag. Gjennom Noregs Ungdomslag er om lag 350 ungdomshus registrerte og kollektivt innmelde i organisasjonen. Årsbudsjettet er på om lag 2 mill, der om lag 70 prosent er offentleg stønad.

Øystein Erstad frå BUL Ervingen i Bergen er styreleiar og Nils Seland dagleg leiar og einaste tilsette.

Folkekulturforbundet

www.folkekultur.no

Folkekulturforbundet skal organisere og leggje tilhøva til rette for folkeopplysning og opplæring i medlemsorganisasjonane innanfor ramma av lov om vaksenopplæring.

Dei viktigaste arbeidsoppgåvene i 2002 var:

- informasjon og rettleiing til lokale og regionale studieleiarar
- utvikling av studieplanar og studiemateriell
- avslutning av prosjektet «Frå studiering til fagbrev» om å motivere kursdeltakarar til å ta svennebrev.
- vidareføring av prosjekt i Nord Trøndelag med mål å tilby kurs for innsette i fengsel
- utvikle ny strategi og mål for arbeidet i FKF

- arbeid gjennom Vaksenopplæringsforbundet for å sikre statlege overføringar

Folkekulturforbundet flytta kontorstad frå Oslo til Vågå i november. 3 453 kurs eller 103 796 timar opplæring vart gjennomført i lokal- og fylkeslag i dei ti medlemsorganisasjonane. Dette utgjer ei auke på underkant av 4,6 frå 2001. Noregs Mållag hadde 407 timar i 2002 mot 456 timar i 2001. Styreleiar frå årsmøtet 2002 er Tove Gulsvik, Norges Husflidslag, og dagleg leiar Kjærsti Gangsø.

Kringkastingsringen

www.kringkastingsringen.no

Kringkastingsringen arbeider for at nynorsk, dialektar og samisk skal få eit rettkome rom i allmennkringkastinga og i media elles. I snart 50 år har Kringkastingsringen vore pådrivar for at medieverksemdene skal føre ein språkpolitikk som speglar språkmangfaldet i Noreg. Kringkastingsringen arbeider også for å påverke styresmaktene til å leggje forholda til rette for at vi skal få eit godt og mangfaldig språk i media.

I 2002 har vi:

- Arbeidd mot samanslåinga av distriktkontora til NRK. Førebels har kontoret i Sogn og Fjordane vorte spart.
- Fungert som høyringsinstans i mediespørsmål.
- Halde oversikt over språkbruken i media.
- Gjeve ut tre nummer av meldingsbladet Kringom, der vi tek opp aktuelle språklege og mediepolitiske spørsmål.
- Delt ut Kringkastingsprisen til Gry Molvær i Schrödingers katt.

Unn Aarrestad er styreleiar og Tormod Strømme er tilsett som dagleg leiar.

Norsk Barneblad

www.norsk-barneblad.no

Norsk Barneblad er eit av dei eldste barneblada i verda som framleis kjem ut. Bladet har kome ut utan avbrot sidan det vart skipa i 1887. Bladet kjem ut to gonger i månaden. Målgruppa er barn og unge i alderen 7-15 år. Ordskifte der lesarane sjølve får skrive inn og diskutere, er eit av dei mest populære innslaga i bladet. Bladet inneheld dessutan teikneseriar, vitsar, kryssord, forteljingar, reportasjar og aktivitetstoff. Bladet har også eiga heimeside på Internett som vart oppgradert i 2002. Det vart også satsa aktivt på istikk i lokalaviser for å skaffa fleire abonnentar. Opplaget er på om lag 4000. Styreleiar er Marit Fjordheim og ansvarleg redaktør og dagleg leiar er Nana Rise.

Stiftinga Magasinet

www.magasinet.no

Stiftinga Magasinet har ansvar for nettidsskriftet Magasinet. Tidsskriftet er eit internettmagasin for ungdom, redigert på nynorsk med adresse Sand i Ryfylke. Stiftinga er skipa av Noregs Mållag som oppnemner styre, medan firmaet Norsk Plan as har ansvar for drifta.

2002 var sjettedriftsåret til Magasinet, og drifta vart i år hovudsakleg finansiert gjennom støtte frå Utdannings- og forskingsdepartementet (UFD) som løyvde 300 000 kr til drifta. Tidsskriftet fekk i tillegg støtte frå Norsk Kulturråd, Riksfondet for nynorsk presse, Longva-fondet, og Sandefjord og Sandar Mållag.

Magasindelen med originalskrivne tekstar av kjende nynorske forfattarar og spaltistar utgjer hovudtyngda av det redaksjonelle stoffet i Magasinet. Lesarstatistikken syner også at dette er det mest populære stoffet.

Magasinet vert oppdatert kvar fjortande dag, med omlag 4 nye saker kvar gong. Magasinet hadde ved utgangen av året nærare 10 500 treff i månaden. Dette er ein auke frå året før, og talet ser ut å halde fram med å stiga jamt.

Malin T. Petterson har vore redaktør (30 %) fram til juni 2002. Då vart kontoret til Magasinet flytt frå Oslo til Sand og Åsne Ofteli Holte tok over som redaktør.

Ingeborg Mjør har hatt styreleiarvervet i 2002.

Stiftinga Pirion

www.pirion.no

Stiftinga Pirion er ei ideell stifting med hovudføremål å gje ut kulturavisa Pirion, ei avis som stimulerer og inspirerer til kulturarbeid for alle som arbeider med barn. Pirion rettar seg særleg mot det pedagogiske personalet i barnehagen, men er også godt eigna for lærarar på småskuletrinnet. Avisa opererer med eit breitt kulturomgrep, har høg kvalitet, og prøver å kombinere det praktiske og det prinsipielle.

Det er også utvikla eit Pirion-kurs, eit kurs om kulturformidling i barnehagen. Det er retta mot det pedagogiske personalet, og gjev m.a. idear og inspirasjon til det praktiske arbeidet. Ansvarleg for det faglege opplegget er Ingeborg Mjør. Kurset vert etter avtale tilbode gjennom Landssamanslutninga av nynorsk kommunar. Diverre har etterspurnaden etter kurset vore liten.

Pirion kom ut med tre nummer i 2002, og har eit opplag på om lag 650. Tingartalet gjekk litt ned i 2002. Frå og med 2004 vil kulturavisa kome ut med 4 nummer i året. I samband med dette vil styret framover arbeide med å få opp tingartalet.

Eit abonnement for 2003 kostar 150 kroner. Avisa er støtta av Norsk Kulturfond, ei støtte som avisa i dag er heilt avhengig av. Avisa har også gode støttespelarar i lokallag i Noregs Mållag, lag som fremjar kulturarbeid for barn gjennom å tinge Pirion til barnehagar i områda sine. Dette er svært viktig, i ei tid der dårleg kommuneøkonomi også rammur barnehagane.

Stiftinga vart oppretta av Noregs Mållag og Landssamanslutninga av nynorsk kommunar i februar 2001. Styret har tre medlemmer, stiftarane oppnemner ein kvar, i tillegg oppnemner Norsk Barneblad ein. I styret no sit Kari Bjørke, styreleiar, Einar Schibevaag, nestleiar og Nana Rise. Lektor og førskulelærar Ingeborg Mjør er redaktør for avisa.

Stiftinga Nynorsk Pressekontor

www.npk.no

Stiftinga Nynorsk Pressekontor (NPK) har sidan 1969 levert nyhende på nynorsk.

I 2002 hadde NPK i underkant av 40 kundar og produserte rundt 5.500 saker. Kvar sak vert i gjennomsnitt brukt i fire aviser. NPK leverer også nynorskkrøssord, har eiga biletteneste og er eit kompetansesenter for avisdrift. Salet av kompetansenester er vorte stadig viktigare for NPK.

Drifta i 2002 gjekk bra og rekneskapen vert gjort opp på plussida. Styreleiar i stiftinga er Sverre Valdal, redaktør og dagleg leiar Asgeir Olden.

Nynorsk kultursentrum

www.aasentunet.no

Nynorsk kultursentrum er ei ideell stifting skipa 1993 med hovudføremål å arbeide for nynorsk skriftkultur, i gjensidig samarbeid med Ivar Aasen-instituttet ved Høgskulen i Volda. Måla våre er:

- Gjere det lettare å vere nynorskbrukar
- Styrkje den kulturelle eigenidentiteten til nynorskbrukarane
- Skape større allmenn forståing for nynorsk skriftkultur.

Stiftinga eig og driv desse tiltaka:

- Ivar Aasen-tunet i Ørsta – nasjonalt dokumentasjons- og opplevingssenter for nynorsk skriftkultur som inkluderer det eldste personmuseet i landet
- Dei Nynorske Festspela – ei årleg feiring av den nynorske skriftkulturen med dei beste forfatarane, den gode musikken og dei uventa bileta
- Nettstaden www.aasentunet.no – den sentrale nettstaden for påliteleg og oppdatert informasjon om nynorsk skriftkultur.

Nynorsk kultursentrum prioriterte dokumentasjon og anna fagleg arbeid i 2002. Samstundes makta vi å halde oppe det nivået vi har etablert for kulturprogram og opplevingar, og som publikum tek svært godt imot

For sjette år på rad legg vi fram ein årsrekneskap med positivt resultat. Omsetninga var på 8,8 mill kr og drifta gav eit overskot på 83 000 kr. Vi hadde 19 100 gjester i 2002 og har så langt hatt nær 57 000 gjester sidan opninga i 2000. Medrekna besøk på nettstaden har Nynorsk kultursentrum hatt 194 000 gjester til og med 31.12.2002.

Samlingane av bøker og skrifter omfattar no 30 000 titlar. Dei gode samlingane opnar for mange typar fagleg dokumentasjonsarbeid og lettar det publikumsretta arbeidet. På nettstaden publiserte vi i 2002 nær 300 tekstar. Samarbeidet med Det Norske Samlaget om eit allment Internett-leksikon på nynorsk heldt fram i 2002. Alt er klart til å kome i gang, men styresmaktene har ikkje løyvt midlar enno.

Kvar einaste dag viser vi noko nytt i basisutstillinga vår om nynorsk skriftkultur. I 2002 laga vi dessutan tre nye temautstillingar og tre forfattarutstillingar. Frå og med opninga 2000 har vi dermed presentert ni nye temautstillingar.


Vi gjennomførte 125 eigne kulturarrangement i 2002 med over 700 utøvarar. Frå og med opninga sommaren 2000 har vi no gjennomført 289 eigne arrangement. I 2002 stod Nynorsk kultursentrum for arrangement i ti norske kommunar, og temautstillingar vart lånte ut til ti stader. Frå og med 2002 kom også det grunnleggjande samarbeidet med Ivar Aasen-instituttet inn i fastare former.

Styreleiar i 2002 var underdirektør Kari Bjørke, direktør var Ottar Grepstad. Ved utgangen av 2002 hadde Nynorsk kultursentrum 10 fast tilsette medarbeidarar. Vi hadde i 2002 arbeidsavtale med 21 heil- eller deltidstilsette.

Nynorsk skulemål 1930-2001

1930	19,50 %	1954	26,20 %	1973	17,10 %	1991	16,90 %
1935	19,90 %	1955	25,30 %	1974	16,80 %	1992	*
1938	22,00 %	1956	24,30 %	1975	16,70 %	1993	*
1939	29,50 %	1957	23,90 %	1976	16,50 %	1994	*
1940	31,50 %	1958	23,50 %	1977	16,40 %	1995	16,60 %
1941	31,90 %	1959	23,30 %	1978	16,40 %	1996	16,10 %
1942	33,20 %	1960	22,70 %	1979	16,40 %	1997	16,10 %
1943	33,60 %	1962	21,50 %	1980	16,40 %	1998	15,60 %
1944	34,10 %	1963	21,10 %	1981	16,50 %	1999	15,30 %
1945	33,20 %	1964	20,50 %	1982	16,60 %	2000	15,00 %
1946	31,90 %	1965	20,40 %	1983	16,60 %	2001	14,90 %
1947	31,10 %	1966	19,40 %	1984	16,70 %		
1948	30,80 %	1967	19,20 %	1985	16,70 %		
1949	30,50 %	1968	19,10 %	1986	16,80 %		
1950	29,70 %	1969	18,40 %	1987	16,80 %		
1951	29,00 %	1970	17,90 %	1988	16,90 %		
1952	28,20 %	1971	17,50 %	1989	16,90 %		
1953	27,30 %	1972	17,30 %	1990	17,00 %		

* Merknad: For 1992, 1993 og 1994 ligg det ikkje føre rette tal. Det kjem av at statistikkføringa er endra etter at KUF tok over



Skulemålet i alle fylka 1999-2001

Tala for 2002 var diverre ikkje klåre då årsmeldinga gjekk i trykken.

LANDET	01.01.1999				01.09.2001					
	Elevtal:	BM	NN	BM%	NN%	Elevtal:	BM	NN	BM%	NN%
Fylke	493 589	88 614	84,78 %	15,22 %	511 292	89 267	85,1 %	14,9 %		
Østfold	34 676	0	100,0 %	0,0 %	32 173	0	100,0 %	0,0 %		
Akershus	64 239		100,0 %	0,0 %	68 096	2	100,0 %	0,0 %		
Oslo	49 378	78	99,8 %	0,2 %	50 856	76	99,9 %	0,1 %		
Hedmark	22 874	0	100,0 %	0,0 %	23 548	0	100,0 %	0,0 %		
Oppland	16 949	5 075	76,7 %	23,3 %	17 657	5 141	77,4 %	22,6 %		
Buskerud	28 406	1 338	95,5 %	4,5 %	29 643	1 331	95,7 %	4,3 %		
Vestfold	27 876	0	100,0 %	0,0 %	29 151	1	100,0 %	0,0 %		
Telemark	17 283	3 703	82,4 %	17,6 %	18 204	3 460	84,0 %	16,0 %		
Aust-Agder	12 773	1 087	92,2 %	7,8 %	13 243	955	93,3 %	6,7 %		
Vest-Agder	21 102	980	95,6 %	4,4 %	22 119	892	96,1 %	3,9 %		
Rogaland	38 573	15 596	71,2 %	28,8 %	40 254	16 262	71,2 %	28,8 %		
Hordaland	32 061	27 064	54,2 %	45,8 %	34 120	26 984	55,8 %	44,2 %		
Sogn og Fjordane	521	14 499	3,5 %	96,5 %	568	14 768	3,7 %	96,3 %		
Møre og Romsdal	14 720	18 391	44,5 %	55,5 %	14 875	18 655	44,4 %	55,6 %		
Sør-Trøndelag	34 086	98	99,7 %	0,3 %	35 703	85	99,8 %	0,2 %		
N.-Trøndelag	17 118	442	97,5 %	2,5 %	17 562	471	97,4 %	2,6 %		
Nordland	32 067	95	99,7 %	0,3 %	32 955	63	99,8 %	0,2 %		
Troms	19 712	167	99,2 %	0,8 %	21 088	131	99,4 %	0,6 %		
Finnmark	9 175	1	99,9 %	0,1 %	9 474	0	100,0 %	100 %		
BM-99	493 589	NN-99	88 614	BM-01	511 292	NN-01	89267			
BM-98	478 383	NN-98	88 881	BM-00	501 988	NN-00	88614			
auke	15 206	minke	-267	auke	9 304	auke	653			

01.09.2000		Elevtal 590471	
BM	NN		
501988	88483		
85.02%	14.98%		
BM-00	501988	NN-00	88483
BM-99	493589	NN-99	88614
auke	8399	minke	-131

Nynorske parallellklassar

Bokmålsskular med nynorskklassar 2003

Parallellklassar per 20. februar 2003.

Kommune	Nynorsk- klassar 98/99	Nynorsk- klassar 99/00	Nynorsk- klassar 00/01	Nynorsk- klassar 01/02	Nynorsk- klassar02/03
Oslo	5	6	5	5	4
Nord-Aurdal	2	2	2	2	7
Nome	2	1	1	1	
Vegårshei	1	1	1	1	1
Eigersund	1	1			
Sola	1	3	12	12	9
Sandnes	29	28	31	31	32
Stavanger	29	28	25	25	25
Gjesdal	4	4	5	5	7
Randaberg	12	11	9	10	9
Rennesøy	1	2	2	2	1
Karmøy	21	21	20	16	16
Haugesund	6	7	6	6	5
Bergen	3	2	8	9	10
Flora	14	14	14	14	14
Vågsøy	6	5	6	6	6
Ålesund	8	8	10	14	15
Åndalsnes	4	5	5	6	5
Fræna	6	7	7	7	6
Neset	5	6	6	7	8
Trondheim	1	2	2	1	1
Levanger	1		1	1	1
Steinkjer	5	5	7	7	5
Inderøy		1	1	1	1
Namsos	1	2	2	2	2
Vefsn	3	4	5	5	5
Skånland		1	1	1	1
Målselv	7	8	7	7	6
Tromsø	1	1			
Balsfjord	1	1	1	1	1
SUM	180	188	202	205	203

Det er framleis uvisst kva resultatet vert i nokre bykommunar, som Ålesund og Stavanger, av di kommunane har endra organiseringa av innskivinga.

Skulemålsrøystingar 1988-2003

Dato	Krins	Kommune	Røysteføre	Nynorsk	Bokmål	Vedtak
Hedmark						
270697	Dalen	Folldal	300	97	97	Bokmål
Oppland						
150488	Svatsum	Gausdal	---	148	98	Nynorsk
280493	Vestringb.	Nord-Aurdal	---	79	107	Bokmål
030597	Nord-Vekkom og Sør-Vekkom	Ringebu	1280	35	209	Bokmål
040401	Etnedal	Etnedal	1185	212	158	Nynorsk
Buskerud						
280591	Rollag	Rollag	---	189	104	Nynorsk
160697	Rollag	Rollag	280	175	102	Nynorsk
100500	Skurdalen **	Hol	25 (188)	11	13	Nynorsk
091202	Rollag	Rollag	480	112	122	Bokmål
Telemark						
250488	Sunds 1-3	Sauherad	---	107	25	Bokmål
250488	Hjuksebø 1-3	Sauherad	---	34	100	Bokmål
050488	Hjuksebø 4-6	Sauherad	---	141	121	Bokmål
261088	Rygi	Notodden	---	204	70	Nynorsk
040590	Brødsjø	Drangedal	---	81	66	Nynorsk
040590	Kroken	Drangedal	---	138	103	Nynorsk
201095	Kroken	Drangedal	850	228	280	Bokmål
200697	Bøen	Tinn	424	85	67	Nynorsk
130400	Yli **	Notodden	125 (763)	41	44	Nynorsk
130400	Rygi **	Notodden	205 (1064)	84	53	Nynorsk
Aust-Agder						
260194	Gjerstad	Gjerstad	---	174	117	Nynorsk
290595	Nelaug	Åmli	---	67	68	Nynorsk
160200	Gjerstad **	Gjerstad	152 (840)	29	85	Bokmål
Vest-Agder						
290690	Byremo	Audnedal	---	255	115	Nynorsk
231091	Gjemlestad	Kvinesdal	---	168	88	Nynorsk
120397	Laudal	Marnardal	405	131	134	Bokmål
201097	Vesterdalen	Kvinesdal	500	187	141	Nynorsk
191199	Byremo **	Audnedal	89 (490)	44	38	Nynorsk
140300	Vesterdalen **	Kvinesdal	106 (540)	22	64	Bokmål
220300	Kollemo **	Hægebostad	82	41	28	Nynorsk
Rogaland						
111088	Fløgstad	Sauda	---	364	124	Nynorsk
171188	Bru	Rennesøy	---	71	53	Nynorsk
060391	Ålgård	Gjesdal	---	286	120	Nynorsk
020693	Vedavågen	Karmøy	---	282	401	Bokmål
040696	Bru/Mosterøy	Rennesøy	886	101	351	Bokmål
110297	Rennesøy	Rennesøy	1203	520	126	Nynorsk
050597	Heskestad	Lund	347	143	121	Nynorsk

270999	Stangeland	Sola	— (3053)	69	108	Bokmål
270999	Sande (ny skule)	Sola	— (3053)	41	173	Bokmål
040500	Sviland **	Sandnes	161 (736)	56	59	Bokmål
250900	Håland	Sola	800	136	129	Nynorsk
140501 (off)	Sviland	Sandnes	736	222	167	Nynorsk

Hordaland

110989	Nordvik	Bergen	—	322	199	Nynorsk
170691	Haukås *	Bergen	—	155	288	Ugyldig
090991	Ådnamarka	Bergen	—	353	314	Bokmål
290492	Haukås *	Bergen	—	129	317	Bokmål
030593	Kyrkjekr.	Bergen	—	211	114	Nynorsk
270597	Ådnamarka og Indre Arna	Bergen	2700	234	113	Nynorsk
010300	Liland	Bergen	633 (2743)	107	239	Bokmål
231001	Nordvik	Bergen	322	18	65	Bokmål

Møre og Romsdal

130389	Skogen/Løfall	Rindal	—	105	75	Nynorsk
070489	Innfjord	Rauma	—	158	75	Nynorsk
301191	Eidsvåg *	Neset	—	171	278	Bokmål
040694	Eidsvåg *	Neset	—	159	178	Ugyldig
050396	Batnfjord	Gjemnes	825	240	211	Nynorsk
120897	Nordlandet	Aure	150	36	13	Nynorsk
150600	Flisnes **	Ålesund	480 (1.579)	106	117	Bokmål
011001	Haukås	Fræna	1781	101	221	Bokmål

Sør-Trøndelag

220689	Voll	Rennebu	—	142	146	Nynorsk
270694	Voll	Rennebu	—	157	208	Bokmål
141097	Jåren-Råbygda	Skaun	347	106	105	Nynorsk

Nord-Trøndelag

011091	Nord-Leksdal *	Verdal	—	44	89	Bokmål
040593	Vuku	Verdal	—	175	165	Nynorsk
110594	Flekstad	Steinkjer	—	57	77	Bokmål
270598	Vuku	Verdal	829	167	231	Bokmål
090500	Volden	Verdal	48 (312)	11	28	Bokmål
120500	Vålen **	Steinkjer	48 (229)	28	20	Nynorsk
050600	Mære **	Steinkjer	365 (1210)	32	130	Bokmål
050600	Skarpnes **	Steinkjer	126 (751)	7	42	Bokmål
050600	Flekstad **	Steinkjer	86 (468)	22	41	Bokmål

Lag og medlemstal i Noregs Mållag

Lag	1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	Utvikling
0101 Alvdal Mållag *	28	20	22	21	21	19	21	18	19	1 (6%)
0102 Hadeland Bygdelag	9	11	12	14	10	14	20	19	19	0 (0%)
0103 Elverum Mållag	27	21	19	18	14	15	18	18	20	2 (11%)
0104 Follidal Mållag	47	40	48	41	38	38	36	33	36	3 (9%)
0105 Lillehammer Mållag	5	4	4	16	25	38	45	33	33	0 (0%)
0106 Gjøvik og omland Mållag*	2	2	2	1	2	2	5	5	5	0 (0%)
0107 Hamar Mållag	46	50	49	53	49	41	35	41	43	2 (5%)
0108 Mållaget "Ivar Kleiven"	41	38	42	39	38	37	38	39	44	5 (13%)
0110 Nord-Fron Mållag	71	63	60	58	55	50	54	58	59	1 (2%)
0111 Ringebu Mållag*	23	20	19	19	20	16	14	18	13	-5 (-28%)
0112 Gausdal Dialekt- og Mållag	59	45	53	48	39	42	41	43	42	-1 (-2%)
0113 Skjåk Mållag*	3	8	7	11	8	8	10	6	8	2 (33%)
0114 Sør-Fron Dialekt- og Mållag	20	15	16	17	17	17	19	42	31	-11 (-26%)
0115 Toten Dialekt- og Mållag*	10	8	9	6	5	8	8	6	5	-1 (-17%)
0116 Trysil Mållag*	6	5	5	5	5	6	6	3	3	0 (0%)
0117 Tynset Mållag	23	21	18	14	14	14	13	14	15	1 (7%)
0118 Odal Mållag*	7	6	6	5	4	4	6	4	7	3 (75%)
0119 Lesja og Dovre Dialekt- og Mållag	41	34	34	30	29	31	40	33	39	6 (18%)
0100 Direktemedlemmer i fylkeslaget									2	2 (%)
0100 AUSTMANNALAGET	472	411	425	416	393	400	429	433	443	10 (2%)
0201 Etnedal Mållag	28	26	27	27	23	20	22	23	24	1 (4%)
0202 Nord-Aurdal Mållag	93	76	74	61	64	66	63	59	56	-3 (-5%)
0204 Sør-Aurdal Mållag	10	9	10	12	11	15	13	13	12	-1 (-8%)
0205 Vang Mållag*	25	21	24	22	22	23	21	15	15	0 (0%)
0206 Vestre Slidre Mållag*	25	27	29	22	23	17	20	20	19	-1 (-5%)
0207 Øystre Slidre Mållag	46	40	37	41	38	41	39	40	34	-6 (-15%)
0200 VALDRES MÅLLAG	227	199	201	185	181	182	178	170	160	-10 (-6%)
0301 Drammen og Eiker Mållag*	19	18	20	19	18	17	24	28	25	-3 (-11%)
0302 Gol Mållag	72	69	74	73	73	71	54	53	51	-2 (-4%)
0303 Hemsedal Mållag	62	68	77	66	60	57	56	81	80	-1 (-1%)
0304 Hol Mållag*	59	54	51	51	44	50	46	38	40	2 (5%)
0307 Rollag Mållag	30	29	30	30	28	32	29	26	28	2 (8%)
0308 Ål og Torpo Mållag	153	131	133	123	117	127	128	123	107	-16 (-13%)
0300 Direktemedlemmer i fylkeslaget									1	1 (%)
0300 BUSKERUD MÅLLAG	395	369	385	362	340	354	337	349	332	-17 (-5%)
0401 BUL i Oslo	910	793	778	746	683	707	652	690	548	-142 (-21%)
0402 Bærum Mållag	71	66	65	63	57	59	60	61	54	-7 (-11%)
0405 Oslo Mållag	87	107	128	120	137	164	186	179	182	3 (2%)
0406 Teatermållaget	99	79	83	81	71	78	81	70	66	-4 (-6%)
0407 Asker Mållag	40	34	41	40	38	41	38	34	38	4 (12%)
0409 Øvre Romerike Mållag	30	33	31	28	25	26	32	28	29	1 (4%)
0410 Ås Mållag	48	46	61	63	50	48	55	53	50	-3 (-6%)
0412 Lørenskog Mållag	30	32	30	30	23	19	19	18	21	3 (17%)
0413 Follo Mållag				0	34	35	28	29	30	1 (3%)
0414 Sandefjord og Sandar Mållag				55	56	59	55	56	58	2 (4%)
0415 Nøtterø Mållag*					0	14	6	4	3	-1 (-25%)
0400 VIKVÆRINGEN	1 315	1 190	1 217	1 226	1 174	1 250	1 212	1 222	1 079	-143 (-12%)

Nr	Lag	1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	Endring
0501	Bø Mållag	80	79	72	67	61	58	55	56	65	9 (16%)
0502	Mållaget Dag	57	48	46	45	46	46	51	47	43	-4 (-9%)
0503	Drangedal Mållag	25	23	23	22	23	22	22	20	26	6 (30%)
0504	Heddal/Notodden Mållag*	44	39	36	34	26	23	23	27	27	0 (0%)
0505	Hjartdal Mållag*	44	40	36	34	28	25	23	20	32	12 (60%)
0506	Kviteseid Mållag*	43	40	39	34	37	35	36	36	37	1 (3%)
0507	Lunde Mållag*	19	16	14	12	10	11	7	9	8	-1 (-11%)
0508	Nes Mållag*	30	28	29	31	30	41	38	37	36	-1 (-3%)
0509	Norskdomslaget i Porsgrunn	54	45	46	41	54	54	51	51	46	-5 (-10%)
0510	Rauland Mållag*	43	37	36	36	29	28	26	23	25	2 (9%)
0511	Seljord Mållag	48	45	44	40	45	44	38	28	41	13 (46%)
0512	Vinje Mållag	98	77	77	71	71	76	68	87	70	-17 (-20%)
0513	Tokke Mållag	38	35	34	30	25	23	26	32	35	3 (9%)
0514	Tinn Dialekt- og Mållag	58	52	46	43	40	44	43	40	42	2 (5%)
0515	Nissedal Mållag*	17	12	13	14	13	11	13	10	17	7 (70%)
0516	Fyresdal Mållag*	2	2	3	3	6	6	4	5	10	5 (100%)
0500	TELEMARK MÅLLAG	695	618	594	557	544	547	524	528	560	32 (6%)
0601	Austegdelaget	34	10	15	35	46	55	79	80	70	-10 (-13%)
0602	Bygland Mållag	34	34	33	35	40	33	30	35	39	4 (11%)
0603	Gjerstad Mållag	37	35	35	26	26	25	23	24	25	1 (4%)
0605	Landvik Mållag	80	70	69	60	57	105	88	69	66	-3 (-4%)
0606	Valle Mållag	33	29	29	26	30	33	28	34	39	5 (15%)
0607	Vegusdal Mållag	27	24	22	20	19	21	18	14	14	0 (0%)
0608	Åmli Mållag	30	26	29	25	23	25	28	29	30	1 (3%)
0609	Vegårshei Mållag	18	16	17	16	16	14	15	14	15	1 (7%)
0610	Bykle Mållag	9	9	10	11	11	13	13	13	12	-1 (-8%)
	Mykland Mållag				1						
0600	Direktemedlemer i fylkeslaget	1								1	1 (100%)
0600	AUST-AGDER MÅLLAG	288	253	259	255	268	324	322	312	311	-1 (-1%)
0701	Lindesnes Ungdomslag*	26	33	32	27	30	50	50	51	50	-1 (-2%)
0702	Evje og Hornnes Mållag	38	44	43	45	42	43	40	36	41	5 (14%)
0703	Flekkefjord U.lag og Mållag	53	54	65	65	61	56	56	53	53	0 (0%)
0705	Iveland Mållag	24	24	22	21	21	20	20	20	18	-2 (-10%)
0706	Mållaget i Kristiansand	108	100	92	86	81	76	81	82	88	6 (7%)
0707	Kvinesdal Mållag*	21	17	16	15	17	20	17	14	14	0 (0%)
0708	Marnar Mållag	61	51	54	57	52	47	46	39	39	0 (0%)
0709	Songdalen Mållag	60	59	54	51	50	49	46	49	47	-2 (-4%)
0710	Søgne Mållag	69	68	69	68	73	71	53	39	29	-10 (-26%)
0711	Vennesla Mållag*	16	13	16	16	16	16	12	14	11	-3 (-21%)
0712	Lista Mållag	10	7	9	10	7	8	12	13	12	-1 (-8%)
0713	Grindheim Mållag	10	9	7	9	7	5	20	17	13	-4 (-24%)
0714	Åseral Mållag*	10	19	17	13	14	12	14	12	11	-1 (-8%)
0715	Sirdal Mållag*				19	15	11	10	9	9	0 (0%)
0716	Tingvatn Mållag						16	29	27	21	-6 (-22%)
0700	VEST-AGDER MÅLLAG	506	498	496	502	486	500	506	475	456	-19 (-4%)
0801	BUL i Stavanger	214	172	167	183	186	195	187	171	155	-16 (-9%)
0802	Dalane Mållag	36	37	40	39	51	50	48	46	48	2 (4%)
0803	Finnøy Mållag*	40	37	33	27	28	29	29	25	25	0 (0%)
0804	Forsand Mållag	42	37	36	37	37	35	31	30	31	1 (3%)
0805	Gjesdal Mållag	63	53	50	48	49	70	71	69	77	8 (12%)
0806	Hjelmeland Mållag	84	76	81	74	73	70	71	66	62	-4 (-6%)
0807	Sandnes Mållag	127	116	113	109	108	102	106	109	102	-7 (-6%)

Nr	Lag	1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	Endring
0808	Hå Mållag*	44	41	38	38	33	31	36	34	30	-4 (-12%)
0809	Klepp Mållag	70	68	66	69	63	64	61	59	56	-3 (-5%)
0811	Sauda Mållag*	61	64	69	61	58	57	58	58	57	-1 (-2%)
0812	Sjernerøy Mållag	24	25	23	22	21	19	18	18	17	-1 (-6%)
0813	Stavanger Mållag	125	131	142	142	131	114	118	112	113	1 (1%)
0814	Strand Mållag	73	70	67	62	60	70	72	75	70	-5 (-7%)
0815	Suldal Mållag	95	96	102	102	98	103	101	99	93	-6 (-6%)
0816	Time Mållag	128	123	125	120	134	130	131	127	119	-8 (-6%)
0817	Randaberg Mållag*	16	14	15	15	14	13	9	10	8	-2 (-20%)
0818	Sola Mållag	68	57	57	51	54	50	46	43	43	0 (0%)
0819	Rennesøy Mållag*	33	29	27	31	26	23	24	24	24	0 (0%)
0800	ROGALAND MÅLLAG	1 343	1 246	1 251	1 230	1 224	1 225	1 217	1 175	1 130	-45 (-4%)
0901	Etne Mållag	94	81	80	79	75	80	79	77	74	-3 (-4%)
0902	Haugesund Mållag og U. lag	146	129	131	127	140	114	121	119	120	1 (1%)
0903	Karmøy Mållag*	52	47	47	42	35	37	34	32	29	-3 (-9%)
0904	Sveio Mållag	40	37	40	41	38	34	35	29	29	0 (0%)
0906	Skjold og Vats Mållag	30	29	26	22	31	31	34	33	35	2 (6%)
0907	Skånevik Mållag	18	19	19	14	17	14	14	17	19	2 (12%)
0909	Tysvær Mållag*	36	32	25	23	25	23	23	20	18	-2 (-10%)
0910	Ølen Mållag	28	24	20	20	21	21	23	22	18	-4 (-18%)
0911	Bokn Mållag*	28	14	8	7	5	7	7	6	5	-1 (-17%)
0900	KARMSUND MÅLLAG	460	414	398	377	387	361	370	355	347	-8 (-2%)
1001	Alversund Mållag	66	56	56	50	44	40	37	37	39	2 (5%)
1002	Arna Mållag		86	93	91	86	85	95	89	84	-5 (-6%)
1003	BUL Bergen	164	193	178	143	147	149	160	145	142	-3 (-2%)
1004	BUL Ervingen	153	140	148	148	167	175	196	241	210	-31 (-13%)
1005	Fana Mållag	119	131	114	110	103	100	102	96	101	5 (5%)
1006	Husnes Mållag*	50	46	48	42	44	42	42	36	38	2 (6%)
1007	Jondal Mållag	17	25	29	35	32	33	32	30	33	3 (10%)
1008	Kvam Mållag*	85	79	75	67	62	67	66	56	53	-3 (-5%)
1009	Lindås Mållag*	46	39	41	38	34	33	31	34	30	-4 (-12%)
1010	Odda Mållag	157	139	143	130	131	141	126	124	114	-10 (-8%)
1011	Os Mållag	83	77	78	74	74	71	70	76	77	1 (1%)
1012	Ostereidet Mållag*	36	29	27	21	21	20	20	17	17	0 (0%)
1013	Stord Mållag	66	63	56	55	59	68	75	126	113	-13 (-10%)
1014	Ulvik Mållag*	55	52	48	39	42	43	36	33	33	0 (0%)
1015	Voss Mållag	243	227	221	279	310	303	307	291	311	20 (7%)
1016	Åsane Mållag	42	41	39	34	34	40	43	39	41	2 (5%)
1017	Meland Mållag	78	78	75	76	79	74	76	76	79	3 (4%)
1018	Osterøy Mållag*	75	65	63	59	61	54	40	54	54	0 (0%)
1019	Radøy Mållag	96	78	72	75	76	78	81	77	80	3 (4%)
1020	Granvin Mållag*	12	7	9	7	7	8	7	7	5	-2 (-29%)
1021	Ullensvang Mållag	170	209	222	262	267	276	251	254	253	-1 (0%)
1022	Austevoll Mållag*	12	10	11	10	11	9	10	10	9	-1 (-10%)
1023	Bømlo Mållag*	56	52	47	43	42	42	33	34	31	-3 (-9%)
1024	Fitjar Mållag*	2	2	2	2	1	2	2	1	0	-1 (-100%)
1025	Sotra Mållag	102	94	95	106	100	90	95	94	97	3 (3%)
1026	Askøy Mållag	34	30	24	22	20	22	23	20	20	0 (0%)
1028	Bergen Mållag	36	36	42	49	57	64	75	76	86	10 (13%)
1029	Masfjorden Mållag*	48	41	37	39	37	29	28	36	39	3 (8%)
1030	Samnanger Mållag	12	8	12	10	11	10	16	17	17	0 (0%)
1031	Eidfjord Mållag*	2	2	3	3	3	3	3	3	2	-1 (-33%)
1032	Fusa Mållag	59	48	48	46	45	36	32	32	29	-3 (-9%)

Nr	Lag	1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	Endring
1033	Tysnes Mållag*	15	14	13	9	9	7	7	6	6	0 (0%)
1034	Ølve Mållag	248	202	226	201	212	210	218	220	191	-29 (-13%)
1035	Vaksdal Mållag	64	60	59	58	63	60	67	67	62	-5 (-7%)
1036	Øygarden Mållag	19	19	27	29	26	28	25	27	26	-1 (-4%)
1000	HORDALAND MÅLLAG	2 662	2 478	2 449	2 462	2 517	2 512	2 527	2 581	2 522	-59 (-2%)
1101	Hyllestad Mållag*	31	21	22	16	16	15	15	15	14	-1 (-7%)
1105	Kyrkjebø Mållag	47	43	46	48	59	47	44	42	43	1 (2%)
1106	Sogndal Mållag	51	51	49	45	50	59	64	55	59	4 (7%)
1107	Balestrand Mållag*	36	28	29	28	32	30	30	27	24	-3 (-11%)
1108	Årdal Mållag*	25	22	21	18	19	16	16	16	16	0 (0%)
1109	Lærdal Mållag	34	33	32	32	37	44	46	49	44	-5 (-10%)
1110	Leikanger Mållag	52	50	49	47	45	49	38	35	37	2 (6%)
1111	Luster Mållag						2	11	60	53	-7 (-12%)
1112	Vik Mållag	33	25	25	27	23	23	25	21	21	0 (0%)
1115	Davik Mållag*	5	5	6	5	7	6	5	5	4	-1 (-20%)
1116	Flora Mållag	59	55	63	54	58	67	66	60	56	-4 (-7%)
1117	Førde Mållag	52	45	50	46	47	68	65	68	77	9 (13%)
1118	Nordfjardeid Mållag*	2	3	2	2	1	1	7	4	5	1 (25%)
1119	Gloppen Mållag	83	83	76	76	75	82	82	72	71	-1 (-1%)
1120	Stryn og Hornindal Mållag*	27	22	24	23	22	21	25	27	24	-3 (-11%)
1121	Naustdal Mållag	50	53	46	48	46	56	45	43	45	2 (5%)
1122	Vågsøy Mållag*	23	22	23	20	17	17	14	15	16	1 (7%)
1123	Jølster Mållag	55	58	58	52	46	45	45	46	40	-6 (-13%)
1124	Fjaler Mållag*	59	21	23	20	20	22	21	17	20	3 (18%)
1125	Selje Mållag*	4	3	1	1	1	1	1	1	1	0 (0%)
1100	Direktemedlemer i fylkeslaget									1	1 (100%)
1100	SOGN OG FJORDANE MÅLLAG	688	643	645	608	621	671	665	678	671	-7 (-1%)
1301	Borgund Mållag	63	57	57	49	58	63	56	56	57	1 (2%)
1302	Giske Mållag	26	23	22	22	21	22	23	22	27	5 (23%)
1304	Hareid Mållag	62	58	76	77	72	72	70	72	74	2 (3%)
1305	Rovde Mållag*	7	6	5	5	5	4	5	5	5	0 (0%)
1307	Ulstein Mållag	20	23	28	26	25	22	61	57	56	-1 (-2%)
1309	Volda Mållag	138	124	137	132	124	124	115	106	106	0 (0%)
1310	Skodje og Ørskog Mållag	34	31	32	34	35	34	35	36	39	3 (8%)
1311	Ørsta Mållag	83	71	77	66	65	67	66	66	61	-5 (-8%)
1312	Sykkylven Mållag	33	24	23	21	31	29	33	31	29	-2 (-6%)
1313	Herøy Mållag	16	15	15	15	16	16	17	15	19	4 (27%)
1314	Vanylven Mållag*	10	6	4	2	3	4	3	3	4	1 (33%)
1315	Norddal Mållag*	41	41	34	27	25	28	21	23	25	2 (9%)
1316	Sula Mållag	69	59	64	55	59	55	55	49	51	2 (4%)
1300	Direktemedlemer i fylkeslaget									1	1 (100%)
1300	SUNNMØRE MÅLLAG	602	538	574	531	539	540	560	541	554	13 (2%)
1401	Molde Mållag	47	56	65	64	60	54	53	55	53	-2 (-4%)
1403	Aukra Mållag*	12	12	13	11	10	9	10	9	10	1 (11%)
1404	Vestnes Mållag	28	28	31	29	27	27	29	31	30	-1 (-3%)
1406	Eide og Fræna Mållag*	18	16	14	12	12	13	15	13	15	2 (15%)
1408	Rauma Mållag*	35	33	41	41	44	42	49	46	43	-3 (-7%)
1410	Sandøy Mållag*	5	5	5	5	4	4	4	3	3	0 (0%)
1411	Neset Mållag*	7	7	6	4	5	5	6	5	5	0 (0%)
1400	ROMSDAL MÅLLAG	161	157	175	166	162	154	166	162	159	-3 (-2%)
1501	Aure Mållag	15	12	11	14	20	18	21	17	13	-4 (-24%)

Nr	Lag	1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	Endring
1503	Fosna Mållag	10	9	12	15	14	17	13	11	17	6 (55%)
1504	Gjemnes Mållag	51	45	48	41	35	39	43	37	38	1 (3%)
1505	Surnadal Heimbygdlag	76	60	57	55	46	46	51	48	53	5 (10%)
1508	Ålvundeid og Ålvundfjord Mållag	33	30	39	42	44	54	52	52	54	2 (4%)
1509	Rindal Heimbygdlag	28	23	23	28	26	26	26	25	22	-3 (-12%)
1510	Tingvoll Mållag	31	26	29	30	30	32	31	33	33	0 (0%)
1511	Halsa Heimbygdlag	20	17	21	18	20	17	21	14	15	1 (7%)
1512	Sunndal Mållag*	10	7	8	6	5					
1500	NORDMØRE MÅLLAG	275	229	248	249	240	249	258	237	245	8 (3%)
1601	Levanger Mållag	69	64	78	76	71	76	71	69	70	1 (1%)
1602	BUL Nidaros	253	235	263	245	257	223	222	204	204	0 (0%)
1603	Hemne Mållag*	10	11	11	9	7	8	6	6	6	0 (0%)
1604	Inderøy Mållag	83	81	72	65	63	71	61	67	59	-8 (-12%)
1605	Leksvik Mållag	27	26	26	26	24	25	25	24	22	-2 (-8%)
1607	Midtre Gauldal Mållag*	3	3	2	2	2	2	2	1	0	-1 (-100%)
1608	Namdalseid Mållag*	15	15	16	13	13	11	15	11	13	2 (18%)
1609	Nidaros Mållag	78	68	70	78	119	118	114	109	103	-6 (-6%)
1612	Rennebu Mållag	37	33	37	37	35	32	31	28	27	-1 (-4%)
1614	Røros Mållag (Lagt ned frå 2002)	8	7	7	7	6	5	5	5	0	-5 (-100%)
1615	Skaun Mållag	32	28	31	37	38	31	33	32	31	-1 (-3%)
1617	Mållaget Snåsningen*	6	7	5	6	6	5	4	4	4	0 (0%)
1618	Mållaget Sparbyggjen	63	68	75	67	73	72	59	64	62	-2 (-3%)
1619	Steinkjer Mållag	17	16	21	21	24	23	20	25	26	1 (4%)
1620	Stjørdal Mållag*	19	17	17	17	14	16	17	17	16	-1 (-6%)
1622	Verdal Mållag*	35	29	28	27	28	25	27	26	25	-1 (-4%)
1623	Beitstad Mållag	48	41	38	29	28	28	26	25	23	-2 (-8%)
1625	Orkdal Mållag*	41	36	36	35	38	40	35	33	33	0 (0%)
1627	Ogndal Mållag*	27	25	22	23	19	18	13	17	13	-4 (-24%)
1600	Direktemedlemer i fylkeslaget									11	11 (100%)
1600	TRØNDERLAGET	871	810	855	820	865	829	786	767	748	-19 (-3%)
1701	Høylandet Mållag	22	16	22	20	19	16	15	19	17	-2 (-11%)
1702	Ytre Namdal Mållag	26	23	22	23	36	35	36	34	30	-4 (-12%)
1703	Overhalla Mållag	16	13	15	15	13	14	15	14	13	-1 (-7%)
1700	NAUMDØLA MÅLLAG	68	52	59	58	68	65	66	67	60	-7 (-10%)
1802	Salten Mållag	15	17	16	16	16	16	22	21	22	1 (5%)
1803	Bø Bygdslag*	13	15	12	8	11	10	9	11	11	0 (0%)
1804	Hadsel Mållag*	3	0	1	1	1	1	1	1	1	0 (0%)
1805	Narvik Mållag*	4	4	4	4	3	5	4	4	4	0 (0%)
1807	Vestvågøy Mållag*	1	1	1	1	1	1	1	1	1	0 (0%)
1800	NORDLAND MÅLLAG	41	37	34	30	32	33	37	38	39	1 (3%)
1902	Lenvik Mållag*	4	2	4	4	3	4	1	2	0	-2 (-100%)
1903	Målselv Mållag	30	32	32	31	47	53	44	53	54	1 (2%)
1904	Tromsø Mållag	71	61	66	67	73	74	70	75	74	-1 (-1%)
1905	Balsfjord Mållag	14	14	12	14	13	14	12	10	10	0 (0%)
1907	Nordreisa Mållag*	5	4	4	5	3	3	3	3	3	0 (0%)
1909	Alta Mållag*	5	1	5	5	5	2	5	5	5	0 (0%)
1910	Varanger Mållag	32	29	32	29	31	31	25	23	23	0 (0%)
1911	Harstad og omland Mållag	13	12	13	14	23	23	28	24	24	0 (0%)
1900	Direktemedlemer i fylkeslaget	8								1	1 (100%)
1900	TROMS OG FINNMARK MÅLL.	185	155	168	169	198	204	188	195	194	-1 (-1%)


Nr	Lag	1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	Endring
2201	Fredrikstad Mållag	39	38	36	44	47	51	57	56	50	-6 (-11%)
2202	Sarpsborg Mållag*	16	16	16	17	14	15	13	10	9	-1 (-10%)
2203	Indre Østfold Mållag	23	22	20	21	20	20	24	21	23	2 (10%)
2200	ØSTFOLD MÅLLAG	85	76	72	82	81	86	94	87	82	-5 (-6%)
9701	Løvebakken Mållag*	42	37	41	38	24	31	32	27	33	6 (22%)
9702	Medisinsk Mållag	70	53	62	65	81	102	98	97	100	3 (3%)
9703	Juristmållaget*	39	35	39	38	41	44	47	42	43	1 (2%)
9706	Noregs Forretningsmållag*	31	0	30	28	29	20	29	22	21	-1 (-5%)
9707	Noregs Lærarmållag	95	78	88	95	98	102	96	96	107	11 (11%)
9710	Mediemållaget	69	69	71	62	62	65	67	63	73	10 (16%)
9711	Teologisk Mållag*				2	1	3	3	4	3	-1 (-25%)
9700	YRKESMÅLLAGA, TIL SAMAN	346	272	331	328	336	367	372	351	380	29 (8%)
9801	Kvinnherad Mållag	20	15	16	14	13	18	16	18	19	1 (6%)
9807	Skedsmo Mållag	26	20	27	27	24	29	30	28	30	2 (7%)
9809	Vefsn Mållag	70	60	63	71	66	66	64	58	55	-3 (-5%)
9810	Hattfjelldal Mållag*	2	0	1	1	0	0	0	0	1	1 (100%)
9815	Sandefjord og Sandar Mållag	34	31	53	0	0	(til Vikværingen)				
9820	Frogner et Uranienborg Putlarmållag*0	0	0	0	20	16	11	9	7	5	-2 (-29%)
9901	Bretland Mållag (Lagt ned frå 2001)			0	1	1	0	0	0		0 (%)
9800	BEINVEGES INNMELDE LAG	152	126	160	134	120	124	119	111	110	-1 (-1%)
9900	BEINVEGES MEDLEMER	33	49	85	46	75	68	68	49	6	-43 (-88%)
9999	NOREGS MÅLLAG SAMLA	11 582	10 820	11 113	10 826	10 851	11 045	11 001	10 883	10 588	-295 (-3%)

Merknader

0906 Skjold Mållag og Vats Mållag er slegne i hop.

* Disse laga er anten for små (under 10 medlemmer) eller har ikkje levert årsmelding mellom 1998 og 2001.

Medlemstal 1989-2002



Lokallag i Norsk Målungdom i 2002

Oversynet over lokallag i Norsk Målungdom var ikkje ferdig revidert då årsmeldinga gjekk i trykken.

LNK-medlemer 2002

Møre og Romsdal

Fræna kommune
Giske kommune
Haram kommune
Hareid kommune
Herøy kommune
Møre og Romsdal fylkeskommune
Norddal kommune
Sande kommune
Stordal kommune
Stranda kommune
Sula kommune
Surnadal kommune
Sykkylven kommune
Tussa Kraft as
Ulstein kommune
Vanylven kommune
Vestnes kommune
Volda kommune
Ørskog kommune
Ørsta kommune

Telemark

Bø kommune
Hjartdal kommune
Kviteseid kommune
Nissedal kommune
Seljord kommune
Tøkke kommune
Vinje kommune

Rogaland

Bjerkreim kommune
Bokn kommune
Finnøy kommune
Forsand kommune
Hjelmeland kommune
Hå kommune
Suldal kommune
Time kommune
Vindafjord kommune

Sogn og Fjordane

Askvoll kommune
Aurland kommune
Bremanger kommune
Eid kommune
Fjaler kommune
Florø kommune
Førde kommune
Gaular kommune
Gloppen kommune
Gulen kommune
Hornindal kommune
Hyllestad kommune
Høyanger kommune
Jølster kommune
Leikanger kommune
Luster kommune
Lærdal kommune
Sogndal kommune
Sogn og Fjordane fylkeskommune

Solund kommune

Stryn kommune
Vik kommune
Årdal kommune

Buskerud

Gol kommune
Hemsedal kommune
Hol kommune
Ål kommune

Oppland

Lom kommune
Skjåk kommune
Vågå kommune

Hordaland

Austevoll kommune
Austrheim kommune
BKK
Bømlo kommune
Eidfjord kommune
Etne kommune
Fedje kommune
Fitjar kommune
Fjell kommune
Fusa kommune
Granvin herad
Hordaland fylkeskommune
Indre Hardanger Kraftlag
Jondal kommune

Kvam herad
Kvinnherad kommune
Lindås kommune
Masfjorden kommune
Meland kommune
Modalen kommune
Odda kommune
Os kommune
Radøy kommune
Samnanger kommune
Stord kommune
Sund kommune
Sunnhordland Interkommunale Miljøverk (SIM)
Sveio kommune
Tysnes kommune
Ullensvang herad
Ulvik herad
Vaksdal kommune
Voss kommune
Ølen kommune

Aust-Agder

Bygland kommune
Bykle kommune
Valle kommune

Vest-Agder

Åseral kommune



NOREGS MÅLLAG

Kirkegata 32 • Pb 474 Sentrum, 0105 Oslo

Tlf 22 47 71 00 • Faks 22 47 71 01

nm@nm.no • www.nm.no

